



Masteroppgave

Fattigdom - eit dilemma for barnevernet?

**Ein kvalitativ studie av korleis sakshandsamarar i
barneverntenesta forstår og handterer fattigdom i
arbeidet sitt.**

av

Merete Tunestveit

Master i helse- og sosialfaglig arbeid med barn og unge
Avdeling for helse- og sosialfag
Høgskolen i Lillehammer
Våren 2010



**Høgskolen
i Lillehammer**

Lillehammer University College • hil.no

Forord

Det nærmar seg fem år sidan eg entusiastisk reiste til Lillehammer for å bli masterstudent. Ei dagsreis kan ein vel knappast kalle det, med fly og tog, men at det ligg litt avsides for ein vestlending, er ikkje til å kome frå. Innhaldet på masterstudiet ved Høgskulen på Lillehammer har eg funne svært interessant og lærerikt, og reisene mine til Lillehammer, har vore sett fram til med glede. Noko tyngre vart det då eg skulle setje meg ned heime på lemmen, som einsleg student, og produsere ei masteroppgåve. Ikkje hadde eg sett så mange masteroppgåver i livet, og ikkje visste eg korleis eg skulle gjere dette.

Men med kyndig og klok rettleiing kom eg meg i gang og det teikna seg etterkvart eit kart over kvar vegen skulle gå. I dette kartet fann eg to barneverntenester og seks fantastisk velviljuge barnevernarbeidarar som stilte opp til intervju med meg i ein svært travel kvardag. Eg er svært takksam for at eg fekk del i tankane, refleksjonane og erfaringane dykkar omkring fattigdomsproblematikk i barnevernet.

I heile denne studieperioden har eg vore tilsett i Bufetat, ved fagteam i Bergen Sør. Dette er til tider ein svært travel arbeidsplass. Eg vil først og fremst takke leiaren min Sigrid Bakken, som har vist stor aksept og forståing for at eg ville gjennomføre dette studiet, sjølv du hadde trengt meg på jobb dei dagane eg har vore borte. Lasta over mitt fråver har òg dei gode kollegaene mine i fagteam bore. De har raust og tolmodig vist meg interesse for det eg har halde på med i år etter år etter år. Stor takk til dykk.

Eg vil så med brask og bram, takke veiledaren min Astrid Halsa. Eg har gang på gang blitt imponert over den store innsikta og oversikta di, både fagleg, forskingsmessig og metodisk. Ved hjelp av dine pedagogiske evner, opplever eg at eg har blitt drive vidare og vidare, og at eg har fått det beste, som eg kunne klare, ut av denne oppgåva. Du har vore tilgjengeleg og raus med tida di, og for meg har du vore ein svært god, engasjert, nyttig og kompetent veiledar. Eg tykkjer sjølv at eg har lært mykje i denne prosessen, men heilt nøkternt sett, ville eg aldri ha fått dette til utan deg.

Mine nærmeste skal ha all verdas takk. Barna mine Ruben og Maria, som òg er studentar, skal no få ha studenttilveret i fred. Mor skal byrje å strikke og bake brød. Og så skal ho lære seg spansk. Og trimme. Foreldre og søstrer har ikkje fått ein einaste søndagsmiddag på ”Haugen” på det eg kan huske. Men takk og pris for alle middagar eg har fått! Min kjære kloke Helge, komma-sjefen, har lest korrektur for meg. Tusen takk for det og for all diskusjon, oppmuntring, tolmod, støtte og kjærleik.

Bergen mai 2010 , Merete Tunestveit

SAMANDRAG

Studien er gjort med tanke på å setje lys på korleis sakshandsamarar i barnevernet forstår og handterer fattigdomsproblematikk i arbeidet sitt. Eg har nytta ein del litteratur til å gi kunskap om tema, samt gjort ei kvalitativ intervjuundersøking av 6 sakshandsamarar/leiarar i barnevernet.

Ein stor del av brukarane i barnevernet er fattige, med ei opphoping av andre belastningar. Dette er medverkande til å skape risiko for barn. Studien viser at fattigdom likevel ikkje er gjort til eit eksplisitt tema i barnevernet. Det er berre noko som er der. Samstundes ser barnevernet det klart som si oppgåve å medverke til at barna i desse familiane får delta saman med andre barn. Mandatet og rammene til barnevernet i denne samanheng vert opplevd å vere utydelege, og det same gjeld barnevernet sitt ansvar i relasjon til andre hjelpetenester sitt ansvarsområde.

Det er mykje som tyder på at barnevernet er dei som tar desse familiane til seg, og gjer det dei kan, med dei tiltaka dei har å rá med, utan tilstrekkeleg medverknad frå hjelpeapparatet elles. Dette medfører at det for det meste vert ytt kompenserande tiltak i form av t.d. fritidstiltak for barna. Å skape meir grunnleggjande endring for dei fattige barna og familiane er ei tyngre oppgåve som barnevernet ikkje har reiskapar eller ressursar til å meistre. Til dette vil det krevje ein tung og målretta politisk innsats som gjev meir retning for kven og korleis dette skal løysast.

Innhald

1.0 Innleiing.....	s. 5
2.0 Teoretisk referanseramme og forsking.....	s. 8
2.1 Historisk og politisk kontekst.....	s. 8
2.2 Fattigdom i Noreg – kva, kven, og korleis?.....	s. 9
2.2.1 Kva er fattigdom i Noreg?.....	s. 10
2.2.2 Kven er det som er fattige i Noreg?.....	s. 12
2.2.3 Fattigdom - meir enn å ha for lite pengar.....	s. 13
2.2.4 Korleis vert barn og unge påverka av å leve i familiar med inntekt under fattigdomsgrensa?.....	s.17
2.2.5 Risiko og vern.....	s. 21
2.3 Samfunnets svar på fattigdom – rammevilkår og hjelpetenester.....	s. 24
2.3.1 Inntektssikring for dei som fell utanfor.....	s. 25
2.3.2 Ein tilfredsstillande levestandard for alle som oppheld seg i riket, òg for barn.....	s 26
2.4 Barnevernet.....	s. 27
2.4.1 Barnevernet sine rammevilkår.....	s. 27
2.4.2 Hjelpetiltak i barnevernet - generelt og med tanke på fattigdom.....	s. 28
2.4.3 Det utøvande barnevernet	s. 30
2.4.4 Kven er det som har kontakt med barnevernet?	s. 32
2.4.5 Barnevernet si faglege tenking omkring fattigdomsproblematikk.....	s. 33
2.5 Oppsumering	s. 34
3.0 Metode.....	s. 37
3.1 Kunnskapssyn.....	s. 37
3.2 Val av metodisk tilnærming og design.....	s. 39
3.2.1 Utvalet og informantane.....	s. 41
3.2.2 Datainnsamling	s. 42
3.2.3 Analyse.....	S. 44
3.3 Metodekritikk	s. 46
3.3.1 Fordommar	s. 47
3.3.2 Gamle kjende.....	s. 48
3.3.3 Å forske på eige felt.....	s. 49
3.3.4 Seks barnevernarbeidarar.....	s. 50

3.4 Nokre etiske refleksjonar til sist.....	s. 51
4.0 Saksbehandlarar i barnevernet fortel.....	S. 53
4.1 Barnevernarbeidarar reflekterer over temaet barn og fattigdom.....	s. 54
4.2 Korleis forheld barneverntenesta seg til fattigdom?.....	s. 57
4.2.1 Familien sin økonomi - ein del av barneverntenesta si undersøking?.....	s. 57
4.2.2 Tiltaka må vere knytt direkte mot barnet.....	S.59
4.2.3 Men tenk kva mor kunne ha gjort med ein slik sum.....	S. 61
4.3 Samarbeid med andre instansar.....	s. 63
4.3.1 Når det er så ullen, så blir det krig.....	s. 64
4.4 Kva har eg funne – ei oppsummering.....	s. 66
5.0 Fattigdom – utematisert og eit dilemma for barnevernet?.....	s. 68
5.1 Fattigdom - ein del av eit komplekst belastningsbilete.....	s. 68
5.2 Barnevernet si handtering av fattigdom i undersøkinga og i tiltaksarbeidet sitt.....	s. 70
5.2.1 Kjernebarnevern og velferdsbarnevern	s. 71
5.2.2 Men – det må vere ei barnevernfagleg problemstilling.....	s. 72
5.2.3 Berre fantasien set grenser.....	s. 75
5.2.4 Hjelper tiltaka?	s. 78
5.3 Faggrunnlag og samarbeid.....	s. 80
5.3.1 Barnevernet sitt mandat og faglege tradisjon.....	s. 80
5.3.2 Eit skuggelagt uoversiktleg lappeteppe - eller eit felles løft av samordna tenester.....	s. 83
5.3.3 Nokon må ta ansvar – oftast er det vi.....	s. 85
5.4 Fattigdom eit dilemma for barnevernet - ei oppsummering.....	s. 88
6.0 Barnefattigdom – ei sosialpolitisk utfordring.....	s. 90
6.1Kan barnevernet bygge sosial kapital for å hindre fattigdom.....	s. 91
6.2 Barnet sin rett til ein tilfredsstillande levestandard.....	s. 94
6.2.2 Frå plikt til rett.....	s. 95
6.2.1 Fattige barn treng meir enn kompetanseplanar.....	s. 96
7.0 Til slutt.....	s. 100
Litteratur.....	s. 102
Vedlegg -intervjuguide	

1 Innleiing

Fattigdom og barnefattigdom har blitt sett meir og meir fokus på det siste tiåret. Ein del forsking har kome, og ein finansminister har bede om orsaking overfor dei fattige då fattigdomen ikkje er avskaffa trass lovnad om at den skulle det. Som barnevernarbeidar gjennom etterkvart 18 år har eg treft mange fattige og opplevd arbeidet med desse familiene som problematisk. Problematisk fordi tiltaka vi sette i verk ikkje makta å få bukt med dei grunnleggjande vanskane som familiene hadde, eit tilvere nedst på stigen med føtene vikla inn i trinna, utan verken balanse, eller mogelegheit for å kome seg laus og oppover. Det er ti år sidan eg slutta i barnevernets førstelineteneste, men eg har hatt eit behov for å forstå kva mekanismar som gjer seg gjeldande for desse familiene, korleis det er for barna, og kva som eventuelt kan hjelpe. Eg har blitt inspirert til å skrive om dette tema både av yrkesbakgrunnen min og det eg der opplevde av utfordringar knytta til denne problematikken, av forsking på tema, og av undervisningsboltane om utsette barn og førebygging på høgskulen på Lillehammer.

Forsking har vist korleis barn si utvikling kan verte belasta og risikoutsett av fattigdom. Trass denne kunnskapen lever mange barn stadig under dårlege levekår. Barnevernet har blitt ein hjelpeinstans der fattige er overrepresentert som brukarar. Med andre ord er store delar av barnevernet sitt arbeid knytta til å yte hjelp til barn og familiær som opplever å leve i fattigdom med dei belastningar det inneber. Eg ynskjer å setje fokus på dette, og det som er sentralt i denne oppgåva, og som eg prøver å formidle kunskap om, er korleis saksbehandlarar som til dagen møter familiær med store økonomiske vanskår, forstår og handterer fattigdomsproblematikk. Korleis vert barneverntenesta sine vurderingar av barna sin omsorgssituasjon, og val av tiltak, påverka av opplysningane om at familiær har svært dårleg økonomi. Kva tiltaksapparat har dei for fattige. Eg har ikkje funne forsking på akkurat denne type problemstillingar og perspektiv, og målet med denne oppgåva er å kaste lys over at fattigdom er eit fenomen som barnevernet har i sitt arbeid og som dei må handtere i sitt virke.

Problemstillinga mi har etter kvart blitt:

Korleis forstår saksbehandlarar i barnevernet det å vekse opp i familiær med svært dårleg økonomi, og kva plass har økonomi i undersøkingane og i tiltaksarbeidet deira.

For å få vite noko om dette konkret, valte eg å gjere ein kvalitativ studie der eg intervjuar sakshandsamarar i barnevernet. I mitt behov for å forstå såg eg etterkvart at å studere eksisterande litteratur vart viktig, og resultatet har blitt ei oppgåve der litteratur og teori har fått god plass.

Oppgåva er delt inn i sju kapittel. Etter denne innleiinga byrjar den med kapittel to, som inneholder forsking om fattigdom og barnefattigdom. Eg har tatt inn to teoretiske perspektiv, resilience og Bourdieu sin teori om kapital. Desse to svært forskjellige teoriane har eg gjeve plass fordi eg opplever at det er to tenkesett, på kvart sitt vis, som gjev mening når ein skal ha fokus på fattigdomsproblematikk. I dette kapittelet går eg også inn i barnevernet sine ramevilkår og kva hjelp som elles fins for fattige familiarer og fattige barn. Før empirikapittelet som er kapittel fire, der eg presenterer funna frå undersøkinga mi, kjem kapittel tre der eg viser metode som eg har brukt. Eg seier her noko om analysearbeidet, og diskuterer kvalitetene og etiske problemstillingar ved studien. Det femte kapittelet er eit drøftingskapittel der eg diskuterer og prøver å forstå resultatet av undersøkinga mi. I det nest siste kapittelet, har eg ønskt å løfte fram og diskutere opp mot teori, politikk og praksis, ulike moment som eg finn viktig ut i frå kva studien har vist meg. Heilt til sist kjem ei avslutning der formidlar nokre konkluderande tankar, samt kva eg ser som viktig for det vidare arbeidet med fattige familiarer i barnevernet.

Eg vil her nemne nokre avgrensingar og avklaringar som er gjort i arbeidet mitt. Det vil truleg vere fleire mindre medvitne forhold som ikkje vert nemnd her. Desse overlet eg til lesar å spekulere over. Det første eg vil nemne er omgrepene *fattigdom* kontra det å ha *svært därleg* eller *vanskeleg økonomi*. I oppgåva er dette to måtar å snakke om det same, og det er ikkje gjeve ulikt innhald. Vidare har eg har ikkje gått inn i spørsmål knytta til omsorgsovertaking av barna som lever i fattige familiarer, sjølv om dette er eit tenderande tema då det alltid vil vere aktuelt for barnevernet å gjere slike vurderingar. Det er likevel ein grunnleggjande haldning i barnevernet, og i samfunnet for øvrig, at mangel på materielle ressursar ikkje skal føre til at barna må flytte frå foreldra sine. Eg har derfor konsentrert meg om barnevernet sine ytingar i form av hjelpetiltak. Når det gjeld alder, så kan barn frå 0 og opp til 23 år ha kontakt med barnevernet. For å unngå *ungdomsproblema* som i barnevernet ofte handlar om barnet sine eigne rus og åtferdsvanskar, ba eg sakshandsamarane tenke på saker der barna var under 12 år. Eg har ikkje gjort alder til eit poeng i oppgåva, og eg har heller ikkje forhalde meg så nøye til akkurat det. Men det er klart at det vil kunne vere forskjellar på korleis yngre barn og

ungdomar forheld seg til fattigdom. Elles så nyttar eg ordet *barnevernet* når eg omtalar dei to barneverntenestene som eg har intervjua. Dette er gjort av språklege omsyn, utan å ville generalisere funna mine til å gjelde for heile barnevernet i Noreg, til det er materialet for knapt.

Vidare har eg av avgrensingsgrunnar heller ikkje gått inn i *sosialtenesta* sine ytingar og arbeidsmåtar, då fokuset mitt har vore korleis det er for *barneverntenesta* å forhalde seg til denne problematikken. Å sjå på sosialtenesta ville ha kunna medverka til utvidande informasjon og kunnskap om korleis dei fattige familiene vert ivaretatt i hjelpesystemet. Fokus på sosialtenesta ville òg ha gjeve eit meir balansert bilet når det kjem til samarbeid mellom hjelpeinstansar som har med fattige familiarar å gjere. Eg nyttar ordet *sosialtenesta* om hjelpetenesta som formidlar hjelp etter Lov om sosiale tenester. Eg er klar over at sosialtenesta i mange kommunar har blitt ein del av NAV, som òg har innlemma gamle arbeidsmarknadsetaten og trygdeetaten, og i ein del tilfeller òg barneverntenesta. I kommunen eg tilhøyrer, og har gjort delar av studiet mitt på, er sosialtenesta framleis ei gjeldande teneste òg i namnet.

Det er elles eit poeng i litteraturen at innvandrarar frå ikkje-vestlege land er overrepresentert i fattigdomsstatistikken. Barnevernet har òg desse familiene. Eg kjem ikkje til å gjere dette til eit tema i oppgåva, då eg ser dette som ei stor og interessant problemstilling i seg sjølv, som eg tykkjer skal gjevast meir inngåande og omfattande handsaming enn det eg har plass til her.

2.0 Teoretisk referanseramme og forsking

Eg har i dette kapittelet tatt inn det eg har funne interessant av forsking og teoretiske perspektiv, og som kunne medverke til, ut i frå fleire vinklar, å kaste lys over det eg ville undersøke, nemleg korleis barnevernet forheld seg til fattigdom. Gangen her byrjar med historikk og litt politikk.

2.1 Historisk og politisk kontekst

Trass i at fattigdom er det eldste og største sosiale problemet i verda som rammar særsla mange, er det fram til midten av 1990-talet forska lite på fattigdom generelt i Noreg (Underlid 2005). Då etterkrigsåra etterkvarter går mot 1970 talet, er det ei almen oppfatning av at kampen mot fattigdom er vunne. Søkelyset er retta mot framveksten av betre levekår og velferdsordningar for alle (Harsløf og Seim 2008). Det er likevel på denne tida at den første levekårsundersøkinga vert gjennomført. Sverige er første land ute i 1968. Denne undersøkinga viser stor ulikskap i materiell levestandard. I 1972 vert den første levekårsundersøkinga gjort i Noreg, etter modell frå Sverige. Resultatet syner grunn til uro over dei sosiale vilkåra enkelte grupper lever under (Stolanowsky og Tvetene 2005). I 1985 kjem boka til Steinar Stjernø, "Den moderne fattigdomen" og denne legg grunnlag for ein ny debatt om fattigdom i Noreg. Stjernø innfører mellom anna begrepet "knapphetens tyranni". På denne tida, på slutten av 1980 talet og byrjinga av 1990 talet er det høg arbeidsledigheit i Noreg med fallande bustadprisar og mange med gjeldsproblem. Det er likevel ikkje før på siste del av 90-talet at debatten kjem om at det vert fleire og fleire fattige og at forskjellen mellom fattig og rik er aukande.

Kampen mot fattigdom vert annonsert i valkampen i 2001 og regjeringa Bondevik lagar ein tiltaksplan mot fattigdom (St. meld. nr 6 2002-2003). Det same vert gjort etter stortingsvalet i 2005 der Stoltenberg regjeringa presenterer ein handlingsplan mot fattigdom (AID 2006). Planen vert fornya i 2009 med undertittelen "Status 2008 og styrket innsats 2009". Begge regjeringane har fokus på barnefattigdom, og verkemiddelet mot fattigdom handlar i stor grad om arbeidslina. Det vil seie at middelet mot fattigdom er å få folk i arbeid.

Folkehelseinstituttet offentleggjer i 2001 tal som tyder på at det finns så mange som 70 000 fattige barn. Statistisk sentralbyrå går i mot desse tala, og talet vert redusert til 30 000 barn som er fattige når ein legg inntekta frå eitt enkelt år til grunn. Viss ein legg inntekta i ein treårsperiode til grunn er det snakk om mellom 14 000 og 19 000 fattige barn (Backe-Hansen 2006, Harsløf m.fl. 2008). Måtar å definere fattigdom kjem eg tilbake til.

Sandbæk (2008) innleier i sin Nova rapport som omhandlar barns levekår, at den interessa ein i dag ser for fattigdomsproblematikk i Noreg må sjåast i samanheng med at kampen mot fattigdom og sosial eksklusjon står høgt på dagsordenen i EU, og Noreg har i perioden 2002-2006 deltatt i EU sitt handlingsprogram mot sosial eksklusjon. Vidare vil Noreg delta i samarbeidsprosjekt innan EU i handlingsprogrammet PROGRESS; Programme for Employment and Social Solidarity. Dette programmet vil pågå i perioden 2007-2013.

Når det gjeld mitt eiga arbeidsfelt, og min eigen arbeidsgjevar, Bufetat, det statlege barnevernet, så er der nedfelt i ein kompetanseplan frå Sosial og helsedirektoratet som omhandlar sosialtenesta og barneverntenesta, kva utfordringar og behov som er i arbeidet mot barnefattigdom. Planen er ein del av Handlingsplan mot fattigdom og gjeld for perioden 2007-2009. Denne kjem eg tilbake til seinare i kapittelet og i oppgåva elles.

2.2 Fattigdom i Noreg – kva, kven, og korleis?

Fattige i Noreg? Alle har vel nok mat, og dei fleste har jo tak over hovudet. Vel det fins jo nokon som ligg under papp på Karl Johan. Kanskje dei er fattige? Dette er oppdikta og tenkte utsegner, men erfaringar frå samtalar med jamvel røynde akademikarar frå ulike felt, er at ikkje alle kjenner seg sikre på at det fins fattige i Noreg. Hansen, Bogen, Fløtten, Pedersen, Sørsvoll (2008) sin tittel i ein Fafo rapport som har undersøkt kommunen sine strategiar i kampen mot, og i arbeidet med å forebyggje fattigdom; ”*Det er jo ingen som sulter her, men....*” seier vel òg noko om at det framleis finns haldningar til at fattigdom handlar om dei fattige i Afrika. Min ståstad er at det her vil handle om korleis fattigdom vert definert. Eg vil i det vidare her sjå på kva definisjonar på fattigdom som er gjeldande i fag litteratur om tema. Vidare vil eg ta for meg kven det er som er utsette for fattigdom. Eg byrjar då med dei vaksne for så å gå over på barna. Etter dette tar eg inn Bourdieu som bidrar i å gje ein utvida forståing

av kva fattigdom handlar om og inneber. Til sist ser eg på kva det vil seie, og kva konsekvensar det har for barn å leve i fattigdom.

2.2.1 Kva er fattigdom i Noreg?

I litteraturen vert det vist til ulike måtar å definere fattigdom på. Å skilje mellom absolutt fattigdom og relativ fattigdom er ein mykje bruk distinksjon når det gjeld å definere fattigdom i vestlege land. Borgeraas (2002) viser til at det i fagmiljøet vert snakka om fattige og nyfattige. Han seier at han oppfattar at dette er eit forsøk på å skilje mellom fattige i fattige land og fattige i rike land. Om dette òg viser til haldningar om *verkeleg fattige* og *ikkje verkeleg fattige* skal vere usagt.

Den absolutte tilnærminga til fattigdom handlar om folk som ikkje har nok mat. Dei mest ekstreme representantane for denne måten å definere fattigdom på, meiner at å overleve eller ikkje overleve bokstaveleg tala er det viktigaste kriteriet. Dei meir moderate ynskjer å definere kva varer som er absolutt nødvendig for å ivareta den fysiske helsa i vidare forstand. Det å ivareta psykisk helse og kultur vert definert bort (Borgeraas 2002).

Borgeraas (2002) seier det slik:

"Kjernen i denne tilnærmingen er med andre ord et forsøk på å definere fattigdom ved hjelp av objektive kriterier. Fattige er de som ikke får tilfredsstilt grunnleggende biologiske behov. Man ønsker så langt som mulig å unngå å trekke inn sosiale og kulturelle behov i fattigdomsforståelsen." (Borgeraas 2002, pkt. 1.2)

Relativ fattigdom inneber at ein tar utgangspunkt i kva andre i samfunnet, t.d. heile befolkninga, har anten av inntekt eller levekår, for så å setje standarden ut frå dette. I Noreg er det vanleg å definere dei som har under 50 % av medianinntekta som fattige. Medianinntekt vil seie at det er like mange som har inntekt som er større og lågare. I 2004 var det 26 000 barn (2,6% av alle barn under 18 år), som levde i familiar som hadde inntekt 50 % under medianinntekta i Noreg. Dersom ein hevar grensa til 60 % av medianinntekta, og nyttar seg av same grense som dei gjer i EU, fann ein i 2004 at 60 000 (5,9 %) barn tilhørde dei som levde under fattigdomsgrensa (Ytrehus 2004).

Når det gjeld tiltaksplanen til Bondevik og handlingsplanen til Stoltenberg så er begge desse basert på ei relativ fattigdomsforståing då dei viser til medianinntekta i målinga av kven som

er fattige. Bondevik sin definisjon vert likevel problematisert i litteraturen då den viser til at fattige er dei som ”*ikke får dekket grunnleggende velferdsbehov*” Dette kan spegle ein absolutt fattigdomsdefinisjon som har mangel på livsnødvendigheiter som kriterie. Bondevik sin definisjon av fattigdom er det som litteraturen omtalar som *ressursorientert*. Det vil seie at fattigdom er mangel på økonomiske ressursar. Alternativt vil ein kunne ha ein levekårsorientert tilnærming når ein skal definere fattigdom. I ein slik definisjon vil mangel på økonomiske ressursar vere sidestilt med andre vanskar som manglande tilknyting til arbeidsmarknaden, därleg helse, vanskar knytta til bustad. Hansen m.fl.(2008) som er som omtalar denne måten å definere fattigdom på, tar ikkje eksplisitt inn sosiale vanskar som ein del av levekåra. Sjølv om därlege buforhold og därleg helse kan vere, eller medføre, sosiale vanskar, ville det vere naturleg å innlemme andre sosiale vanskar som rusvanskar, psykiske vanskar, därleg nettverk osb som ein del av levekårsdefinisjonen. Truleg er ikkje Hansen m.fl. si omtale av levekår å oppfatte som uttømande. Stoltenberg regjeringa sin handlingsplan mot fattigdom har ein slik type levekårsorientert definisjonen av fattigdom.

Ytrehus (2004) viser i rapporten ”Fattige barn i Norge” til to andre måtar å definere fattigdom på;

1) *Subjektiv fattigdom* baserer seg på individet si eiga oppfatning av fattigdom.

Utgangspunktet er kva individet sjølv meiner er nødvendige goder og inntekt for å unngå å vere fattig. Her kan ein tenkje seg at barn som bur i same lokalmiljø eller går på same skule, samanliknar seg med kvarandre når det gjeld klede, leikar, størrelsen på bustaden, ferie osb. Å vere fattig i Noreg handlar ikkje nødvendigvis å samanlikne seg med dei aller rikaste, men å mangle det *vanlege* barn har.

2) *Byråkratiske standardar* baserer seg på fagfolk eller byråkratar sine vurderingar av kva som er nødvendig inntekt eller levekår for å unngå fattigdom. Døme på dette er sosialhjelp, dvs. dei som har behov for sosialhjelp lever under ei nødvendig grense for å unngå fattigdom.

Det å nytte byråkratiske standardar som er ein måte å definere fattigdom på vil eg kome tilbake til, då mange av informantane mine sine brukarar òg er brukarar av sosialtenesta som har sine meir eller mindre standardiserte ytingar.

Ein rapport av Sandbæk (2004) har sett på tre ulike dimensjonar ved fattigdomsbegrepet; familien sine vanskar knytta til bustad (bustadfattigdom), om familiene får pengane til å strekke til (subjektiv fattigdom), og om dei eig sentrale forbruksgoder (forbruksfattigdom). Det vart funne klare samanhengar mellom det å vere inntektsfattig dvs. å ha under 60% av medianinntekta, og det å ha vanskar på desse tre områda. T.d. hadde dei med lav inntekt ein dårlegare og mindre stabil busituasjon enn dei som var i kontrollutvalet i undersøkinga.

Meinigmann ser gjerne fattigdom i lys av den absolutte tilnærminga til fattigdom, den som handlar om ikkje å ha nok mat til å overleve. Definisjonsrama i faglitteratur om fattigdom i Noreg i dag viser derimot uavkorta til den *relative fattigdomen*. I studien min er denne siste måten å sjå fattigdom derfor mest aktuell. Den subjektive fattigdomen og byråkratiske standardar har òg gjort seg gjeldande i datamaterialet mitt som måtar å forstå fattigdom på. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 5.

2.2.2 Kven er det som er fattige i Noreg?

Den ovanfornemnde undersøkinga til Sandbæk vart gjort i eit samarbeid mellom Nova og Norske Kvinners sanitetsforening, der Mona Sandbæk var Novas redaktør, og tar for seg korleis barn som lever i familiar med lav inntekt har det, samanlikna med barn flest. Undersøkinga er planlagt å skulle gå over ti år med datainnsamling kvart 3. år. Funna som vert presentert her er frå 2003. Lavinntektsgrensa vart sett til 60 % av medianinntekta. Undersøkinga vil òg verte vist til seinare i oppgåva, men eg vil her kort vise kven som er dei fattige i Noreg, først på generelt grunnlag, før eg på slutten, ser på korleis det er med fattigdom og familiar med barn.

Undersøkinga syntetiserer at einslege forsytarar, ikkje-vestlege innvandrarar og ikkje sysselsette var overrepresentert i lavinntektsutvalet. Nesten 21 % av lavinntektsutvalet var einslege forsytarar, mot 14% i kontrollutvalet. 21 % av barna i lavinntektsutvalet hadde ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn mot berre 3 % i kontrollutvalet. Sjølv om desse to gruppene utgjorde majoriteten så var det likevel slik at 1/3 av familiene i lavinntektsgruppa hadde to yrkesaktive foreldre med vestleg bakgrunn. I kontrollutvalet var desse derimot i majoritet (Sandbæk 2004).

Backe-Hansen (2006) viser til tal frå ei undersøking gjort av Epland (2005) som syner at i perioden 2000-2002 hadde 11% av befolkninga under 60% av medianinntekta, medan 6,1 % hadde det i heile perioden. Og for perioden 1997-2002 var det så mange som ein fjerdedel som hadde inntekt som låg under fattigdomsgrensa i eitt enkelt år. Desse tala syner altså at det er fleire som er kortvarig fattige t.d. i eitt år, enn kronisk fattige. Studentar kan vere døme på denne typen kortvarig fattige.

Sandbæk samanfattar at det er identifisert tre klare risikofaktorar for å oppleve dei tre dimensjonane som vart vist til under det forrige punktet i oppgåva, altså subjektiv fattigdom, forbruksfattigdom og bustadfattigdom; det å vere innvandrar med ikkje-vestleg bakgrunn, det å vere einsleg forsytar og det å tilhøyre ein familie der ingen av dei vaksne er i arbeid. Den siste faktoren, familiær utan yrkestilknytning, viste seg i stor grad å overlappe dei to andre.

Som vi har sett så ramar ikkje fattigdom blindt i befolkninga. Ein kan snakke om grupper som er meir utsette enn andre. Når det gjeld barnefamiliær så er risikofaktorane dei same som for befolkninga generelt, og det er først og fremst einslege forsytarar og innvandrarfamiliær som vert rama, og samleis som i resten av befolkninga, har det stor medverknad om ein er innanfor eller utanfor arbeidslivet, og om ein er avhengige av offentlege stønader og ytingar over tid. At det i innvandrarfamiliær er meir vanleg å ha mange barn medverkar til at desse familiene får ein trongare økonomi. Mange av desse familiene viser seg likevel å klare å betre økonomien sin, slik at dei etterkvart som dei har budd ei tid i Noreg kjem seg over fattigdomsgrensa (Epland, 2005 i Backe-Hansen 2006). Det er mykje som tyder på at arbeidsløyse er den viktigaste årsaka til fattigdom medan lav utdanning er den viktigaste årsaka til arbeidsløyse (Stolanowsky m.fl. 2005).

2.2.3 Fattigdom - meir enn å ha for lite pengar.

For å sjå på kva fattigdom inneber ut over å ha for lite pengar, har eg tatt inn Bourdieu sine omgrep kapital og sosiale felt for å kaste lys over kva fattigdom inneber i utvida forstand. Eg er inspirert av, og støttar meg til Helgeland (2007) som ved å nytte Bourdieu sin teori og begrepsapparat, ser på kva andre aspekt og meir indirekte forhold, enn lav familieinntekt, som kan vere med på å føre barna og familién inn i ein marginal situasjon.

Bourdieu snakkar om tre kapitalformer, dvs å ha kapital på tre ulike områder. Det er økonomisk, sosial og kulturell kapital. Desse kapitalformene vert i fylgje Bourdieu til symbolsk kapital når dei er innarbeidd og erkjent som gjeldande på eit felt i eit samfunn (Marthinsen 2003). Eg oppfattar at kapital her er å forstå som ressursar- som gjerne er eit meir kvardagsleg ord enn kapital. Det er likevel slik at kapitalen berre finns ved at andre godtar og er einig i at det er eit gode. Sagt med først Marthinsen og så Helgeland sine ord:

”Kapitalen finnes bare så lenge den gjenkjennes og erkjennes som aktverdig, sannferdig, opphøyet, fortjenestefull og lignende. På samme måte kan tillit, aktelse, renommé og prestisje knyttes til kapitalbegrepet.” (Marthinsen 2003 s.132)

Han (Bordieu-min merknad) bruker kapitalbegrepet for å vise hvordan innnevde verdier og posisjoner i samfunnet vårt symboliserer makt. Han viser gjennom sitt begrep kapital hvordan noen klasser får posisjoner i samfunnet, hvordan de beholder dem og på hvilken måte denne makten blir tatt som en selvfølge, også av de som ikke har den” (Helgeland 2007 s. 21)

Det er overklassen, dei som har makt og innflytelse som definerer kva som til ei kvar tid er symbolsk og kulturell kapital (Helgeland 2007). Det er dei som ut i frå kven dei sjølv er, legg premissane for kva som er verdifullt. I fylgje Bourdieu så godtar ”underklassen” dei verdiane som overklassen set på seg sjølv, at deira måte å leve på - og kanskje òg at deira *liv* er meir verdt enn underklassen sine. Ein kan seie at dei undertrykte aksepterer den som undertrykker sin måte å sjå på verkelegheita som ei sanning. I dette strukturalistiske perspektivet kan ein tenkje at det ikkje er rart at fattigdom vert oppretthalde – det er blitt ”natur” som Bordieu ville ha sagt. Hierarkiet er lagt og slått fast. Dei rike set premissane for kva som er gode liv og korleis dei fattige skal ”handterast”. Og det er vel slik at det må finnast ein underklasse dersom middel- og overklassen skal merke at dei er i ein øvre klasse.

Økonomisk kapital handlar om det å ha god økonomi, bustad, og andre materielle ressursar, Kulturell kapital viser til utdanning, kva musikk vi hører på, kva vi helst vil ete og drikke og korleis vi brukar fritida vår osb. I eit samfunn er det dei som har dei rette og viktige posisjonane som definerer kva som er kulturell kapital. Vidare vil det å kjenne og vere vene med personar i viktige posisjonar og samfunnslag handle om sosial kapital. Å ha kontaktar vil t.d. kunne gjere det lettare for barna å få ein ekstrajobb. Helgeland seier at det å ha sosial kapital er eit springbrett for ein inngangsbillett på dei arenaene som det er viktig å vere på (Helgeland 2007 s 22).

Familiar kan ha ulike former for kapital. Medan nokre foreldre har god utdanning og bøker i bokhylla, men med relativt slunkne lommebøker, t.d. ein barnevernpedagog, har andre god økonomi utan noka større bokleg lærdom eller interesse for kunst og teater. I sterk fare for å setje folk i bås som mindre kulturelt oppdaterte, kan dette i vårt samfunn i dag etter mi oppfatning, vere ein hardt arbeidande handverkar som i allefall dei siste åra før finanskrisa sette inn, har tent gode pengar. Desse har nok kapital, og ofte er det slik at økonomisk kapital avlar annan kapital. Det som likevel er poenget her, er at nokre familiar har verken økonomisk eller kulturell kapital, og heller ikkje sosial kapital i form av vene og nettverk med innflytelse som kan bidra til å betre situasjonen deira. Helgeland (2008) peikar på at situasjonen for barn og familiar som har kontakt med barnevernet kan vere slik. Dette kjem eg tilbake til litt seinare.

Bourdieu nyttar vidare omgrepet *habitus* som kan omsetjast til noko som handlar om *vane*. Bourdieu meiner at alle erfaringane våre set seg i kroppen og blir til ein slags kroppsleg måte å vere på. Det kan vere korleis ein går, snakkar og opptrer i sosiale samanhengar, osb. Bourdieu meiner at ulike sosiale klassar utviklar ulik habitus, slik at ein kan ut i frå habitus sjå kva miljø eller klasse ein kjem i frå. Habitus er vanskeleg å endre, og endrar seg seinare enn nye sosiale omgjevnader og reglar gjer det, slik at ein kan oppleve at habitus ikkje er funksjonell. Eg tenkjer i dette perspektivet då på barn som kan oppleve å kome til kort t.d. i skulen på grunn av at dei ikkje har den mest funksjonelle habitus der. Sosial arv når det gjeld fattigdom og barnevern vil ein òg kunne reflektere inn i dette perspektivet. Det er kjend at tre av fire barnevernbarn mottar sosialstønad etter fylte 18 år. Det er vanskeleg å bryte baner, og slik Helgeland (2007) seier det, så gjer vi det vi kan og forstår, og vi søker stabilitet.

Eit anna sentralt omgrep hos Bourdieu er *sosiale felt*. Sosiale felt er arenaer der det er viktig å få anerkjennelse for det ein investerer, og det er viktig å vite kva og korleis ein skal investere. Døme på eit sosialt felt for barn kan vere skulen, fotballklubben eller andre institusjonar og arenaer som barn har kontakt med og held seg på. I fylgje Bourdieu så er det alltid knappheit på dei godene som er innaføre det sosiale feltet, og det er alltid nokon som dominerer og nokon som vert dominert. Det er nokon som har makt og nokon som ikkje har det. I eit sosialt felt er det felles reglar, og for å vere medlem må ein tilpassa seg og fylgje dei reglane som gjeld (Helgeland 2007). Skulen er eit sosialt felt som gjerne belønner dei som innehavar middelklassen sin kulturelle kapital, og dei som har foreldre som tykkjer at skulen er viktig og som støttar opp i høve til lekser og andre skuleaktivitetar. Det kan vidare òg her vere

meiningsfullt å ta inn det sosialøkologiske perspektivet (som er norsk og omsett frå Bronfenbrenner sitt begrep ”Ecology of human development) for å underbygge korleis det kan vere for barn som ikkje passar inn i skulesystemet. Dette perspektivet tar utgangspunkt i at individet og det systemet det opererer i gjensidig påverkar kvarandre. Skulen kan ha andre normer, reglar og forventningar til barnet enn dei som det er van med frå heimemiljøet sitt. Barnet opplever ulike forventningar, og dette kan resultere i manglande oppleving av meistring på skulen (Nordahl 2005). Kvello snakkar i denne samanheng om økofeller (forelesning Kvello, Fjell kommunehus 2010).

Eit anna sosialt felt kan som nemnd vere idrettsarenaen. Barn treng støtte til å finne ut av, og til å operere på dei ulike sosiale felta. Foreldre som er slitne, psykisk og fysisk därlege, har dårlig økonomi og mange bekymringar, vil kunne ha vanskar med å fylge barna opp på skule og fritidsaktivitetar. I tillegg har dei gjerne ikkje bil som dei kan frakte barna til og frå treningar og kampar. Desse barna stiller svakt i høve til å klare å posisjonere seg i jamaldringsgruppa. Dei vil kunne få vanskar med å få anerkjenning på dei sosiale felta som det er viktig for barn og unge å handtere på ein god måte. Helgeland (2007) viser til Willis (1977) som har forska på barn og unge som ikkje klarar å posisjonere seg i skulen, og som etterkvart utviklar motstandskulturar som ein del av ein marginaliseringsprosess. Motstandskulturar vert utvikla som ledd i å skape nye fellesskap som ein protest mot dekvalifisering, manglande mening og anerkjenning.

Barnevernet kan òg vere eit felt i Bourdieu sin terminologi. Her vil kapitalen handle om t.d. det å ha den rette utdanninga, å ha tittelen sosionom eller barnevernpedagog og å beherske fagspråket. Marthinsen (2004) peikar på at videreutdanning, erfaring og ulike stillingar òg er kapitalgjevande saman med fagleg og sosial omgang med visse personar. Det siste vil kunne handle om samarbeid og om å ha ”inngang” til personar med makt som kan medverke til det beste for saka di. Og *saka* i barnevernet er jo oftast ”barnets beste”, slik at barnets beste òg vert ein type kapital. Vidare vil møtet mellom barnevernarbeidar og familie/klient vere eit sosialt felt der makta vil vere ulikt fordelt. Barnevernarbeidaren kan oppfattast å sitje med ei ekspertrolle som skal definere korleis foreldre skal ta seg av barna sine, og foreldra kan i denne situasjonen kjenne seg underlegne og makteslause. Vagli (2009) sin studie av korleis barnevernet forheld seg til mandtaten sitt og kunnskapsgrunnlaget sitt understrekar dette. At barnevernet er styrt av meir og mindre medvitne middelklasseverdiar som gjev grunnlag for korleis foreldre vert møtt og evaluert.

2.2.4 Korleis vert barn og unge påverka av å leve i familiar med inntekt under fattigdomsgrensa?

I litteraturen vert det at barn lever i fattigdom relatert til at *foreldra er fattige*, og barna vert påverka av å leve med foreldre som har økonomiske vanskar. Enkelte snakkar likevel om *barnefattigdom*, eit perspektiv som etter mi oppfatning samanfell med at barn har eigne lovfesta rettigheter til å ha ein tilfredsstillande økonomisk situasjon, både etter barnekonvensjonen, sosialtenestelova og Lov om barn og foreldre. Dette med barna sine eigne rettigheter kjem eg nærmere tilbake til seinare i dette kapittelet. Eg vil no ta for meg nokre funn henta frå ulik litteratur som syner at det å vekse opp i langvarig fattigdom gir ein del negative konsekvensar for barn.

Eg vil byrje med Underlid (2005) som har gjort ei undersøkjing av 25 langtidsmottakarar av sosialhjelp i Bergen, og har sett fokus på korleis dei opplever å vere blant dei fattige i samfunnet. Eg tenkjer at denne studien kan bidra i oppgåva, i høve til å seie noko om korleis dei vaksne, her foreldra, opplever det å vere fattig. Han sumerar opp det som han hevdar er den psykologiske essensen ved fattigdom slik:

"Relativ fattigdom i rike velferdssamfunn medfører tendensielt opplevelingar av a) utryggileik, b) autonomisvekking, c) sosial devaluering og d) truga sjølvbilete og sjøvvørnad." ... "Slik fattigdom medfører tendensielt aktivering av a) aggressjon, b) engstelege, c) depressive kjensler og d) skam- og skuldkjensler" (Underlid 2005, s. 227)

Det seier seg sjølv at å ha denne type vanskar i tillegg til store økonomiske problem, vil kunne gjere det vanskeleg å vere trygge, aktive, og støttande foreldre som er tilstades for at barnet skal få ein trygg oppvekst og ei god utvikling sosialt, psykisk og fysisk.

Stolanowsky m.fl. (2005) peikar på at foreldra kan få reaksjonar som alkoholmisbruk og barna kan oppleve mishandling, som resultat av opplevelingar av å kome til kort i samfunnet, og at dette igjen kan medføre store vanskar for barna som lever i denne type familie. Dette saman med at barnet meir direkte opplever dei økonomiske vanskane kan resultere i psykiske vanskar, mobbing og skuleproblem m.m.

Stolanowski (2005) viser til ulike forskningsresultat kva gjeld barn som opplever å vekse opp i familiar med alvorlege og langvarige økonomiske vanskar. Dei brukar omgrep som

økonomisk stress og deprivasjon. Funna viser at barna får dårligare resultat på skulen, dei har åtferdsvanskar og dei er deprimerte (Elder og Caspi 1998, Lempers et al. 1990 i Stolanowsky m.fl. 2005).

Same forfattarar viser vidare til ei undersøkjing frå Sverige frå 1994 som syner at barn og unge som veks opp i desse vanskelegstilte familiene er oftare sjuke, har meir psykosomatiske lidingar, har eit auka tobakk- og alkoholforbruk, og skulkar skulen meir enn barn med ressursmessig betre oppvekstvilkår (Starrin og Hagquist 1994 i Stolanowsky m.fl. 2005).

Eit anna funn er at dei negative konsekvensane av å vekse opp i fattigdom ser ut til å vere meir omfattande dess tidlegare i barndomen ein opplever det og dess lengre det varer (Berric 1995, Duncan 1998, Flötten 1999 i Stolanowsky m.fl. 2005). Dette er på eit vis det motsette av det ein gjerne kunne tenkje seg, at det er lettare å skjerme yngre barn for familiens dårlige økonomiske situasjon, då desse ikkje møter dei sosiale utfordringane og konfrontasjonane frå omgjevnadene som eldre barn og ungdomar gjer. Det ein likevel kan tolke ut i frå dette funnet er at barna si erfaring med å tilhøyre ein familie med svært dårlig råd allereie frå så lenge det kan hugse, vert integrert i barnet sitt syn på seg sjølv og familien sin. Tvetene tar for seg barna si oppfatning av seg sjølv i høve til dei økonomiske krava i kvardagen. Ho skriv:

"Barnas fattigdom kan eksempelvis oppleves som en psykologisk tilstand av skam, avledet av forståelsen av at man er utelatt, på bunnen, inkompetent og ikke "vanlig"."(Tvetene 2001 s)

Kva gjeld skulevanskane som det viser seg at desse barna kan få, vil dette kunne handle om at dei ikkje klarar å konsentere seg på skulen og at dette fører til dårligare skuleresultat. Vidare er det i fylgje Tvetene (2001) ikkje forska på i kor stor grad desse barna (over ein viss alder, vil eg tru ho meiner) har ekstrajobb i tillegg til skulen for å spe på sin eigen og familien sin økonomi, noko som kan medføre at barna ikkje får gjort lekser og jamvel må skulke skulen for å ta ei vakt på jobb. Dei unge er billeg og viktig arbeidskraft, og den unge ynskjer å arbeide for å få pengar som han ikkje har tilgang til heime.

Dei mentale påkjenningsane som barn i fattige familiarer vert utsette for, er vanskelege å måle og studere. Spesielt gjeld dette dei yngre barna som ikkje har utvikla ord til å formidle korleis dei kjenner seg. Men òg fordi barn kjenner seg skamfulle og dermed trekkjer seg tilbake og

ikkje ynskjer å fortelje korleis dei har det (Stolanowsky m.fl. 2005). Eg tenkjer at det er god grunn for å tru at barna opplever sterke psykiske påkjenningar.

Backe-Hansen (2006) viser til at mange familiar kan oppleve å vere blakke i kortare periodar, t.d. mens mor studerer og familien dermed har dårlig råd, men har utsikter til betre tider når mor er ferdig med studiene og får seg ein jobb. Korleis familien opplever denne perioden avheng av korleis dei ser på framtida, om dei har von om betre tider, og om dei i tronge tider har tilgang på eit nettverk som kan støtte dei både økonomisk og på andre måtar. Desse kortvarige ”blakke” har større mogelegheiter for å skjerme barna for belastningane ved å ha svært därleg økonomi.

Ei norsk undersøking av barn i lavinntektsfamiliar understøtter dette. Funna viste at det ikkje var større skilnader på barna i desse kortvarig fattige familiene, og barna i eit kontrollutval. Det var t.d. liten skilnad på om familiene opplevde støtte i familie og anna nettverk. Barna trivdes for det meste på skulen og dei deltok i fritidsaktivitetar (Sandbæk 2004).

Det er når familiene opplever langvarig og alvorleg fattigdom at barna opplever dette som større belastningar. Sosial eksklusjon har tidlegare vore eit omgrep som har vore relatert til vaksne som fell utanfor arbeidsliv og samfunnslivet generelt. Ein har no begynt å bruke dette omgrepet òg om barn som vert utsett for fattigdom, for betre å kunne fange opp dei konsekvensane av fattigdomen som vert sett på som mest risikofylte for barn og unge si utvikling og velferd. Vidare har ein prøvd å finne begrep som høver betre til barnefokuset, og begrep som *passe inn* og *kunne delta* vert i fylge Backe-Hansen (2006) brukt.

Konsekvensane av barnefattigdom kan då verte at barna ikkje passar inn saman med andre barn fordi dei ikkje har det same utstyret, dei same moteriktige kleda, og dei kan ikkje vere med på dei same tinga som andre barn. Dei har ikkje høve til å invitere vene på besøk, gå saman med kameratane på kino eller vere med når tivoliet kjem til byen. Dei har ikkje vore på sommarferie og har ikkje så mykje å fortelje om når skulen startar opp igjen. Dette kan resultere i at barna vert mobba og ikkje får vere saman med dei andre, eller dei ekskluderer seg sjølv som strategi for å unngå stadige konfrontasjonar av at dei ikkje kan vere med på grunn av pengemangel. Backe-Hansen (2006) oppsummerer at ”*motsatsen til å passe inn og å kunne delta, vert å negativt skilje seg ut og bli utelukka, eller utelukke seg sjølv.*” (sitat oversatt til nynorsk Backe-Hansen 2006 s. 15)

Kvello (2007) som har skrive ei bok som mellom anna tar for seg risiko for barn, diskuterer dette med fattigdom som risikofaktor. Han stadfestar at fattige familiar har ein del belastningar som andre familiar ikkje har, og at der er ein del symptom hos desse familiene, som å vere meir utsett for ulukker, at foreldre pratar mindre med barna sine og gir dei færre oppmuntringar og bekreftelsar. At dei er utsette for fleire ulukker, forklarar Kvello med at dei delvis veks opp i farligare buområder enn andre barn, og delvis med at foreldra har mindre tilsyn med barna grunna eigne vanskar, og ut frå at dei ofte har ein større barneflokk å ta seg av. Han konkluderer likevel med, slik eg forstår han, at vanskeleg økonomi ikkje vil vere ein risikofaktor i seg sjølv, men at det vil vere forsterkande på andre risikofaktorar og at det vil vere viktig å ha fokus på familien sin meir generelle ressurstilgang. Stolanowski og Tvetene (2005) ser det likevel litt annleis. Dei skriv: *Forskning har imidlertid vist at det er en sammenheng mellom dårlig økonomi over tid og utvikling av tilleggsbelastninger.*

(Stolanowski m.fl. 2005, s. 69)

Når det gjeld barn i fattige innvandrarfamiliar så har Øia, Grødem og Krane (2006) gjort ei undersøkinga av dette, og kome med ein rapport i regi av NOVA. Hovudfunna er at innvandrarfamiliar med barn er meir utsette for å oppleve fattigdom enn andre barnefamiliar. Barna i desse familiene ser likevel ut til å ha færre vanskar enn det barn i norske fattige familiar har. Øia m.fl. problematiserer at dette kan handle om ulike grenser for kva som er greitt å formidle til framande forskarar, og at dette kan bidra til ei underrapportering.

Oppsummeringsvis ser det ut til at fattigdom av det alvorlege slaget, samvarierer med andre belastningar, og at ein får ei opphoping av belastingar i desse familiene. Det synes å vere eit svært kompleks bilet, som biletleg kan relaterast til den evigvarande problemstillinga med høna og egg. Kva er det som er grunnen til kva? Kva kom først, fattigdomen eller dei andre vanskane med rus og psykiske problem. Mange er det som tilsynelatande, *har drukke seg fra gard og grunn* og enda i uføret av den grunn. Går ein nærare inn i eit menneske si historie så finn ein alltid forhold og moment, som det etter meir ein får vite, vert uråd å finne kausale forklaringar på. Det som ein likevel kan ane når det gjeld fattigdomsproblematikk, er at vanskane går igjen i generasjonar. Den kortvarige fattigdomen som varer ein periode av livet er ikkje påvist å medføre skade for barn. Det er når fattigdomen vert langvarig og kompleks at det er tydeleg at barn opplever ein monaleg grad av belastningar ved å bu i fattige familiar. Aller verst ser det ut til å påverke dei barna som opplever dette frå tidlege barneår. Det gjennomgåande for barn som lever i fattigdom over tid er at dei har meir skulevanskar enn

andre barn. Dei har dårlegare helse fysisk og psykisk, og dei har auka førekoming av åtferdsvanskar i form av rusbruk og i form av skuleskulk. Vidare kan barna oppleve å ikkje passe inn saman med andre barn fordi dei ikkje har tilgang til dei same godane. Ein kan snakke om sosial eksklusjon og ei oppleving av skam, å vere annleis og ikkje kunne delta. Denne kunnskapen om korleis det er for barn å oppleve fattigdom, er på eit vis eit utgangspunkt og dannar ein slags grunnleggjande basis for den vidare diskusjonen i oppgåva. Under det neste punktet vil eg sjå litt på teori kring kva som kan medverke til å hindre at utsette barn utviklar seg i negativ retning.

2.2.5 Risiko og vern

Det er mykje som tyder på at det er varierande i kor sterk grad barna opplever negative konsekvensar ved det å leve i ein familie med svært dårleg økonomi. Det kjem an på graden og varigheten av fattigdomen og det kjem an på det som er rundt av støtte i familie og nettverk (Sandbæk 2008). Samstundes som dei mest utsette familiene er avhengig av støtte frå slekt og nettverk for å få kvardagen til å fungere på ulike nivå, er det desse familiene som ofte har eit meir begrensa nettverk enn andre (Thorød 2006). Som eg viste under punktet ovanfor er det er ikkje til å kome forbi at fattige barn er utsette for ein viss risiko for å kome skeivt ut i utviklinga si. Eg vil under dette punktet ta for meg kunnskapen om resilience, og sjå på kva dette perspektivet kan bidra med i forhold til kva som er viktig å legge vekt på når ein skal prøve å beskytte desse barna best mogeleg. Eg vil imidlertid først her bringe inn kunnskap som omhandlar barn og foreldre sine *eigne* meir og mindre medvitne meistringsstrategiar, og måtar å skjerme og verne kvarandre mot fattigdomens vanskår.

Undersøkingar har vist at foreldre prioriterer barna så langt det lar seg gjere, sjølv om dei har ein svært knapp økonomi. Barna på si side ivaretar foreldra ved å ikkje krevje så mykje av foreldra i høve til økonomi. Dei ”gidd” ikkje vere med på det som andre barn gjerne er med på av fritidsaktivitetar og sosialt samvere. Det kan verke som om det er barna som vinn denne ”beskyttelseskampen”. I allfall når fattigdomen er av det alvorlegaste slaget. Då er ikkje foreldra i stand til å dekke over vanskane. Barna på si side verkar i fylgje undersøkingar å strekke seg langt, og å bruke mykje krefter og energi på å senke ambisjonar og krav for eigen del, og lar vere å spørje om ting som dei veit foreldra ikkje har råd til (Sandbæk 2008 og Thorød 2006).

Sandbæk skriv at ho òg har ”kome på sporet” av ein annan meistringsstrategi hos barn i fattige familiar. At ...”*barn som opplever seg ekskludert, aktivt vender seg bort fra de vanlige barndomsarenaene og danner egne nettverk med atferd og normer som er i oposisjon mot det alment aksepterte.*” (Sandbæk 2008 s. 235)

Thorød (2006) har sett på foreldrestrategiar for å skjerme barn frå konsekvensar med lav inntekt. I undersøkinga deltok 26 familiar frå ulike stader i Noreg. Ho deler strategiane ho finn inn i to; det er *materielt-handlingsorienterte strategier* og *pedagogisk-verdiorienterte strategiar*. Den første strategien handlar om å finne måtar å gi barna eit tilvere der dei ikkje skil seg frå andre barn, at dei er så like andre barn som mogeleg og at dei kan ha og gjere det barn flest har høve til. I dette innegår at foreldra avstår frå å prioritere eigne behov som restaurant, kino, tannlege, samver med vener. Foreldra prioriterer barna sine behov knytt til skuleaktivitetar, dei kjøper klede og utstyr på sal eller brukta, dei får utstyr/klede og økonomisk støtte frå slekt og vene, og dei søker støtte i det offentlege når alle andre mogelegheiter er prøvd ut. Ei mindre gruppe i Thorød sitt utval brukte òg kreditt og avbetalingsordningar for å dekke opp det som dei meinte var nødvendig for barna å ha. Andre strategiar som kjem inn under materielt-handlingsorienterte strategiar er å la vere å snakke om at dei har dårlig råd og det å prøve å skule realitetane. Ei mor i utvalet til Thorød fortel at ho ved å la vere å røyke enkelte dagar kan bruke røykepengane til småting til barna.

Den andre strategien, den pedagogisk-verdiorienterte strategien handlar om at foreldre erkjenner at dei og barna deira ikkje kan oppnå likskap på alle områder, og derfor vil lære barna korleis dei skal forhalde seg til, og handtere den situasjonen dei lever i. Foreldra søker å gje verdi og gyldigkeit til forhold og ting som ligg utanfor det som er vanleg i barnekulturen, og vil lære barna å finne andre måtar som gjev innhald i livet enn det som er knytt til pengar og forbruk. Turar i naturen, samver med familien, verdien av det å la barna spare av pengar dei får hjå besteforeldre til noko dei skal vere med på, er døme på strategiar som barna kan lære og som vil kunne bidra til å ivareta noko av verdigheita, sjølv om dei ikkje kan vere med på eller eige alt det andre barn får vere med på og får av det som kostar pengar (Thorød 2006).

Det er på det reine at det å leve med fattigdom som barn inneber ein monaleg risiko for å verte forstyrra i utviklinga si, og å utvikle alvorlege vanskar. *Resilience* er eit perspektiv som er utvikla på grunnlag forsking på utsette barn som har klart seg bra trass i å ha levd med

riskikofylte oppvekstvilkår. Denne forskninga har bidratt til eit stort omgrevsapparat som har det til felles at de inneber meistring, motstandskraft og overlevelsесmekanismer.

Direkte oversett betyr resilience elastisitet, evne til å gjenopprette seg til den eigentlege forma. I ulik psykologisk litteratur blir resilience oversett til motstandskraft. Resilience er å oppfatte som ein prosess og ikkje et statisk resultat. Michael Rutter definerer resilience som prosessar som gjer at utviklinga når eit tilfredsstillande resultat, trass i at barnet har hatt erfaringar som inneber ein relativt stor risiko for å utvikle vanskar eller avvik (Borge 2003). Ein føresetnad for å kunne bruke omgrepet resilience er at det føreligg risiko. *Talet* på risikofaktorar viser seg å vere viktigare enn *type* risiko. Det vil seie at éin risikofaktor representerer ingen risiko for barnet si utvikling, medan to risikofaktorer firedoblar sjansen for belastningar og feilutvikling, og ved fleire faktorar vert sjansen mangedobra (Haggerty, Sherrod, Garmezy, Rutter m.fl. 1996; Skjærving, 1996). Rutter og Quinton har utifrå dei undersøkingane dei har gjort identifisert ei rekke belastningsfaktorar som viser seg å representera ein særskild risiko for problemutvikling hos barnet: Store samlivsvanskar mellom foreldra, lav sosial status, store søskenflokkar, psykiske forstyrringar hjå mor, kriminell far, psykiske vanskar hjå begge foreldra, kontakt med myndighetene på grunn av sosiale vanskar, å verte plassert i fosterheim (Skjærving, 2005). Det vert her klart at fattigdom kan medføre ein monaleg grad av risiko for barn.

Faktorar som er funne å vere resiliencefremjande, og universelle, er eit godt sjølvbilete, normal intelligens, sjarm, evne til å tiltrekke seg positive reaksjonar frå omgjevnadene, kompetanse på eit særskild område (t.d. å vere flink i ein idrett) samt evne og høve til å knyte kjenslemessige band til kompetente vaksne. Vidare er støtte utanfor heimen frå skule og positive ungdomsgrupper funne å fremje resilience for barn i tenåra (Haggerty m.fl. 1996 og Nøvik 1998). Det dreiar seg her om både individuelle eigenskapar ved barnet, relasjonelle ressursar og om ressursar knytt til lokalmiljø. Dei to siste typane ressursar, relasjonelle ressursar og ressursar knytt til lokalmiljø, vil vere særleg interessant å legge vekt på når det kjem til fattigdom og barnevern.

Når det gjeld den beskyttande faktoren eit godt sjølvbilete, så er det ei generell oppfatting at eit godt sjølvbilete vert utvikla gjennom samspel med gode vaksne som ivaretar barnet sine omsorg og utviklingsbehov over tid. Torsteinsson (1999) framhevar at ein sentral del av barns sjølvkjensle handlar om å ha påverknadskraft i relasjonelle samanhengar, at dei kan mestre

situasjonen og ha innverknad på omgjevnadene som dei har nær seg. Det er etter mi oppfatning vanskeleg å seie om eit godt sjølvbilete er ein beskyttelsesfaktor eller eit resultat av andre beskyttelsesfaktorer. Dette fører meg til Haggerty m.fl., (1996) som legg vekt på at ein ikkje kan sjå resilienceutviklinga som mekansiske årsakssamanhangar, verken kva gjeld risikofaktorar eller beskyttelsesfaktorar. Ein kan ikkje vite kva som verkar på kva. I tillegg til t.d. at ein familie t.d. slit med fattigdom, kan familien vere utsett for fleire belastningar som til dømes skilsmisse, manglande nettverk osb. Desse faktorane kan ein i fylgje litteraturen som er nemnd, kalle medierande faktorar. Det som òg vil være interessant er kva faktorar som verkar modererande, som ein buffer mot belastningane, til dømes ei god tante, ein god relasjon til læraren osb.

Waaktaar og Christie (2000) advarer mot å trekke for lettvinde konklusjonar når det gjeld utsette barn og unge. Dei viser til at omgrepet Løvetannbarn lett kan skape assosiasjonar til at det finns barn som kan klare seg uansett kor store påkjenningsar dei har opplevd. Vidare vil eg seie meg einig med Borge (2003) som meiner det er viktig å vere merksam på at ein ikkje vert overfokusert på barnet sine resiliensfremjande eigenskapar. Dette kan føre til ei lite heldig individualisering, som i verste fall kan medføre ytterlegare belastningar for det utsette barnet. Ei anna viktig presiering er at ein person som er kome resilient ut av ein samanheng, likevel kan kome til å utvikle store vanskar som fylgje av ein annan type belastning.

Noko av det som resilienceforskninga og teorien bidrar med til oppgåva mi er strukturane som viser til faktorar som inneber risiko for ei negativ utvikling, samt kva som vil kunne verke medierande, modererande og resiliencefremjande. Dette er viktig kunnskap både når ein som barnevern skal forhalde seg til tema fattigdom på eit generelt plan og når ein vert kjend med fattige familiar og skal hjelpe familiene til det beste for barnet.

2.3 Samfunnets svar på fattigdom – rammevilkår og hjelpetenester

Nokon har sagt noko om at *kvaliteten ved eit samfunn først viser seg ved måten deira minste vert handsama*. Eg vil her, noko kort, og langt frå uttømmande, sjå litt på kva som vert tenkt i høve fattige i Noreg, kva ordningar og ramevilkår som er for fattige. Det siste avsnittet her vier eg til barna sine rettigheteir.

2.3.1 Inntektssikring for dei som fell utanfor.

Regjeringa har som tidlegare nemnd laga Handlingsplan mot fattigdom. I ”Handlingsplan mot fattigdom - status 2008 og styrket innsats 2009” vert denne opprinnelige planen evaluert og revidert. Handlingsplanen har 3 delmål: Alle skal ha mogelegheit for å kome i arbeid, alle barn og unge skal kunne delta og utvikle seg, og levekåra for dei vanskelegast stilte skal betrast (Vedlegg til St.prp. nr 1 (2008-2009) – Statsbudsjettet 2009).

Tvetene (2005) nyttar omgrepet inntektssikring som ho definerer som ”*Offentlige støtteordninger for å sikre inntekt til den som helt eller delvis er uten tilknytning til lønnet arbeidsliv, eller som ikke kan leve av egen lønnsinntekt.*”(Tvetene 2005 s. 21) Universelle ordningar som t.d. barnetrygd, som ikkje handlar om å delta eller ikkje delta i arbeidslivet, kjem ikkje under denne definisjonen. Lov om folketrygd er den lova som først og framst regulerer ulike stønader og ytingar knytt til inntektssikring. Det er NAV som forvaltar denne lovgjevinga. Alderspensjon, uførestønad, attføringspengar, arbeidsledighetstrygd er døme på inntektssikringsordningar. Det er Staten som forvaltar desse ordningane i Noreg.

Kommunen forvaltar ordningar knytt til Lov om sosiale tenester. Økonomisk sosialhjelp er regulert av Lov om sosiale tenester kapittel 5, og vert forvalta av den kommunale sosialtenesta. Sosialhjelp vert sett på som det siste tryggingsnettet i velferdsstaten, og kan innvilge livsopphald samt andre ytingar som omsorgsløn oa.

Det er arbeidslina som er det rådande prinsippet i inntektssikringsordningane våre, både dei statlege og dei kommunale. I rundskriv 1-34/2001 til sosialtenestelova heiter det at formålet med økonomisk stønad er at alle skal sikrast tilstrekkelege midlar til livsopphald. Stønaden skal sikre eit forsvarleg, men nøkternt levesett. På den andre sida skal ytinga ikkje vere så høg at klienten ikkje er motivert for å ta seg arbeid (Hjelmtveit 2008). Det skal med andre ord løne seg å arbeide, og det er òg ordlyden ein finn i Tiltak mot fattigdom (2002-2003). Rett til å motta økonomisk sosialhjelp vert fylgd av ei plikt til å prøve alle utvegar til å klare seg sjølv, t.d. å ta i mot arbeid viss ein får tilbod om det. Ein del kommunar har auka sats for dei som deltar i tiltak som har som mål å vere arbeidsførebuande (Stolanowsky m.fl. 2005). Som Bjarne Håkon Hansen tidlegare Arbeids og inkluderingsminister sa det; sosialhjelpsmottakarar skal òg stå opp om ”morran”.

Om arbeidslina er det einaste og mest saliggjerande prinsippet når det kjem til fattigdomsproblematikk, er eit spørsmål som ein del forskrar etterkvart stiller seg. Underlid (2005) gjev eit bilet av menneske som opplever utryggleik, svekka autonomi, sosial devaluering og trua sjølvbilete og sjølvrespekt. Hjelmtveit (2008) trekk fram omgrep som ”underskudd på overskudd” at folk er så slitne av å ha så vanskeleg økonomi at dei ikkje klarar å kome seg i arbeid på noka som helst vis og vert langtidsmottakarar av sosialhjelp. Sosialhjelp viser seg å vere ein stønad som ligg monaleg lågare enn det som SIFO har rekna ut som eit standardbudsjett for forbruksutgifter. Sosialhjelpsatsane er ikkje tema i oppgåva mi her, og eg kjem ikkje til å gå særleg inn i det, men det er mykje som tyder på at det vil vere viktig å differensiere sosialhjelpa, då ikkje alle passar til ambisjonen om at alle skal i arbeid, og derfor må satsane haldast lave.

2.3.2 Ein tilfredsstillande levestandard for alle som oppheld seg i riket, òg for barn.

FN sin konvensjon om barn sine rettigheter av 20.november 1989 er ratifisert og inkorporert i norsk rett. Det betyr at den gjeld som norsk lov og at barnekonvensjonen går over andre lover som t.d. sosialtenestelova, ved usemje eller *motstrid* som ein jurist ville ha sagt. I barnekonvensjonen artikkel 27 nr. 1-3 står det at alle barn har ”*rett til en levestandard som er tilstrekkelig for barnets fysiske, psykiske, åndelige, moralske og sosiale utvikling.*” Det står vidare at det er foreldra som har det grunnleggjande ansvaret for å sikre at barnet har dei levekåra som er nødvendige for barnet si utvikling. I punkt tre i same artikkel står det så at det skal treffast ”*egnede tiltak for å hjelpe foreldre og andre som har ansvaret for barnet til å virkeliggjøre denne rettigheten, og de skal ved behov sørge for materiell hjelp og støttetiltak, særlig med hensyn til mat klær og bolig.*” Med andre ord, barna har rett til ein levestandard som ivaretak at dei får ei god utvikling, og det er foreldra som har hovudansvaret for dette. Dersom foreldra ikkje evner dette skal det treffast tiltak som kompenserer for mangelen ved foreldra sin økonomiske omsorg.

I sosialtenestelova § 5-1 første ledd står det at *dei som ikkje kan syte for sitt eige livsopphald gjennom arbeid eller ved å gjere gjeldande økonomiske rettigheter, har krav på økonomisk stønad.* Dette betyr, som det kjem fram under punktet om inntektssikring, at vaksne som ikkje har arbeidsinntekt har rett til trygd eller sosialhjelp. Barn har ikkje arbeidsinntekt og har dermed ikkje rettar i høve til arbeidsrelatert trygd. Det er likevel slik at barn har rettar etter sosialtenestelova, då denne lova gjeld for alle som oppheld seg i riket (§ 1-2 i

sosialtenestelova). Oppedal (2008) diskuterer barn sine rettigheter og viser til rundskriv 1-34/2001 om sosialtenestelova der det framgår at i livsoppholdsomgrepet inngår grunnleggjande behov som mat , klede, bustad og oppvarming, men òg utgifter til fritid og sosiale behov. Når det gjeld barn så står det i same rundskriv at dei skal ha ein trygg oppvekst og at dei skal kunne delta i alminnelege aktivitetar sjølv om foreldra har ein vanskeleg økonomi. Som døme vert nemnd utgifter og kostnader til fritidsaktivitetar, skulestart og samver med barn. Når det gjeld ferie så skal stønad til dette kunne ytast med heimel i § 5-2 i sosialtenestelova basert på ein ”*konkret rimelighetsvurdering*.”

2.4 Barnevernet

Barnevernet bygg på 4 viktige overordna prinsipp. Det første og det viktigaste er *barnets beste*. Alle vedtak og åtgjerder skal ha barnets beste som utgangspunkt for det som vert sett i verk. Vidare kjem det *biologiske prinsippet*, at det skal søkjast å hjelpe barnet og familien slik at barnet kan bu saman med sine biologiske foreldre. *Mildaste inngrep* er ei retningsline for å å nytte det mildaste og minst inngripande tiltaket først. Oftast viser dette til at ein alltid skal ha vurdert og prøvd ut hjelpetiltak i heimen. *Rett hjelp tilrett tid* viser pr i dag ikkje til at barnet har *rett* på hjelp, då barneverntenestelova ikkje er ei rettigheitslov. Dette prinsippet handlar meir om treffsikkerheit, at den hjelpa som vert ytt til barn som treng det, skal vere tilpassa barnet (Bunkholdt og Sandbæk 2008). Eg vil først her føre lesaren inn i kva barnevernet sine rammer inneber, for så å sjå litt på hjelpetiltak i regi av barnevernet. Vidare kjem eit avsnitt der eg ser på ulike aspekt ved barnevernarbeidarrolla, før eg tar inn kunnskap om kven det er som har kontakt med barnevernet. Til sist kjem eit punkt om kva som ligg til grunn for forståelsen av fattigdomsproblematikk i barnevernet.

2.4.1 Barnevernet sine rammevilkår

Barnevernet i Noreg er regulert av Lov om barneverntenester av 1992. Barn og familiar sine vanskår skal i først og fremst løysast ved hjelpetiltak, som igjen skal vere basert på eit samarbeid med dei det gjeld, barnet og familien. Eit samarbeid med barnet vil her vere avhengig av alderen til barnet. Dersom det likevel vil vere til skade for barnet si utvikling å bu saman med foreldra sine, kan barnet få bu utanfor heimen, i ein fosterfamilie eller i ein institusjon. Anten med foreldra sitt samtykke eller etter vedtak frå Fylkesnemnda som er

barnevernet sin rettsinstans som kan fatte vedtak mot foreldra sitt samtykke. Dersom fylkesnemnda har bestemt at barnet skal flytte ut frå heimen vert omsorga for barnet overtatt av barnevernet. Barnevernet kan òg overta foreldreansvaret for barnet. Det er kommunen som er barnevernet i denne samanheng. Barnevernet sine oppgåver er delt mellom kommunen og staten. (Oslo har her ei anna organisering). Den kommunale barneverntenesta sine oppgåver og ansvar er å førebyggje at barn og unge opplever omsorgssvikt og utviklar åferdsvanskars. Det er dei som skal undersøke og utgreie dei meldingane om bekymring for barn som dei får inn. Dei har ansvar for å iverksette hjelpetiltak i heimen, og dei har ansvar for å ta eventuelle initiativ til at barnet skal plasserast utanfor heimen. Det er den kommunale barneverntenesta som har vedtaksmynde. Dei skal vidare ha oppfølging med barn som er flytta ut av heimen og dei skal godkjenne fosterheimar for barn. Det statlege barnevernet skal bistå barneverntenestene i kommunen ved plassering av barn utanfor heimen. Dei har ansvar for at det fins tilgjengelege institusjonsplassar for barn som den kommunale barneverntenesta har vedteke skal flytte ut av heimen. Staten har her ansvar for å etablere og drive barneverninstitasjonar, og / eller inngå avtale om å kjøpe plassar av private, kommunale eller ideelle godkjende institusjonseigarar. Staten skal vidare rekruttere og formidle fosterheimar, samt syte for at fosterheimane får naudsynt opplæring og generell rettleiing. (Den kommunale barneverntenesta kan òg rekruttere fosterheimar sjølv.) (Bunkholdt m.fl. 2008, Rundskriv Q-06/2007).

2.4.2 Hjelpetiltak i barnevernet - generelt og med tanke på fattigdom

Eitt av formåla med barnevernlova frå 1992, den lova som gjeld i dag, var å gjere terskelen for å sette i verk hjelpetiltak lavare, fordi det var sett som viktig å kome tidleg inn i familiar som hadde behov for hjelp. Ikkje for å nå andre barn og familiar enn før, men for å nå dei på eit tidlegare stadie, det vil seie før situasjonen er blitt så alvorleg at det er nødvendig med omsorgsovertaking (Kristofersen, Sverdrup, Haaland og Andresen 2006). Dette har medført at hjelpetiltak vert iverksett ikkje berre for å hindre omsorgsovertaking men òg for å forbygge vidare negativ utvikling av vanskar knytt til eigenskapar ved barna sjølv (Bunkholdt m.fl t 2008). MST (Multi Systemisk Terapi) og PMTO (Parent Management Training Oregon) er døme på tiltak som vert brukt for å hindre/dempe åferdsvanskars. I ei tredje gruppe saker er det reine hjelpebehov som dominerer, som ikkje er basert på sviktande omsorgsevne nødvendigvis, men som med hjelp frå barnevernet kan betre barna sin situasjon. Døme på slike hjelpebehov kan vere det som eg ser på i denne oppgåva, vanskeleg økonomi. Bunkholdt

m.fl. (2008) nemner òg behov for avlasting som døme. At hjelpetiltaka kan ha eit reint hjelpeformål, har støtte i i § 4-4 første ledd som seier at barneverntenesta ved bruk at hjelpetiltak skal bidra til å gje ”det enkelte barn gode levekår og utviklingsmogelegeheter” (Bunkholdt m.fl 2008 og Lov om barneverntenester § 4-4 første ledd.).

Hjelpetiltak i regi av barnvernet vert sett i verk i familiar der barnet sin omsorgssituasjon har ein mangel. Mangelen kan sjåast som midlertidig eller meir langvarig. Det er det ikkje alltid så lett å vite den første tida ein arbeider med familien. Det er vanleg å skilje mellom endrande og kompenserande hjelpetiltak i barnevernet. Omgrepene *kompenserande* refererer til at tiltaket skal kompensere ved ein mangel ved barnet sin omsorgssituasjon, medan endrande tiltak vert brukt for å oppnå bestemte endringar. Kompenserande tiltak kan vere barnehage, SFO, avlastningsfamilie og økonomisk bistand. Endrande tiltak kan t.d. vere MST og anna rettleiing. Barneverntenestelova § 4-4 2. og 3. ledd listar opp døme på kva tiltak som kan iverksetjast. Opplistinga er ikkje å forstå som uttømande men 3. ledet viser konkret til at barneverntenesta kan yte ”økonomisk stønad som hjelpetiltak for barnet” (Gjerustad, Grønningsæter, Kvinge, Mossige, og Vindegg 2006 og Lov om barneverntenester av 1992).

Det er på det reine at økonomisk stønad er eit mykje nytta hjelpetiltak i norsk barnevernteneste, og det viser seg å verte gjeve til svært ulike formål. Som døme kan nemnast sfo, diverse utstyr til heimen, skulebøker, klede til barnet, kontingentar til fritidsaktivitet, transportutgifter, lege for foreldra, m.m. I 2004 hadde 7361 barn eit slikt tiltak i Noreg. Tiltaket vert nytta i alle aldersgrupper, men noko oftare for aldersgruppa 13-22 år. Ved utgangen av same året var det 28 775 barn som hadde tiltak etter Lov om barneverntenester. Økonomisk stønad var det nest mest brukte tiltaket på det tidspunktet. Berre besøksheim var meir brukt (Bunkholdt m.fl. 2008).

Gjerustad m.fl. har gjort ei undersøking av kva hjelpetiltak som vert brukt i kommunane, skriv i sin rapport av 2006:

”Sannsynligheten for at familien mottar generell økonomisk hjelp er liten, mens sannsynligheten for støtte til fritidsaktiviteter er relativt høy. Dette funnet indikerer at det som framkommer som økonomisk hjelp i barnevernstatistikken, hovedsakelig handler om fritidsaktiviteter. (...) I følge Lov om barneverntjenester skal økonomisk støtte som hjelpetiltak utformes slik at det kommer barnet til gode, og skal etter intensjonen ikke erstatte hjelp til livsopphold som er hjemlet i Lov om sosiale tjenester.” (Gjerustad m fl. 2006 s. 67)

Bunkholdt m.fl. (2008) viser til at barnet skal ha eit særskild behov for at barnevernet skal kunne iverksette økonomisk bistand som tiltak. Dårleg råd vil ikkje aleine kunne vere grunngjenvande for slike tiltak. Bogen, Grønningsæter og Jensen (2007) har gjort ei evaluering av barnevernet i Bergen og Oslo etter barnevernreforma i 2004, som innebar at staten overtok det ansvaret som tidlegare hadde vore fylkeskommunen sitt ansvar. Bogen m.fl.fann at det i 8 % av sakene i Oslo og 9 % av sakene i Bergen vart gjeve økonomisk bistand som hjelpetiltak. Det var likevel svært få av sakene som var grunngjeve i familien sin økonomiske situasjon. Berre i fem av sakene i Oslo og Bergen til saman, var økonomisk støtte det einaste tiltaket

Barne og likestillingsdepartementet (BLD) har ein eigen styrka innsats mot fattigdom blant barn, unge og familiar som har kontakt med barnevernet, der målet er å setje iverk lokale tiltak som kan danne utgangspunkt for barnevernet sitt arbeid med å kartleggje og i samordne tenester som er retta mot barn og familiar som lever i fattigdom. I BLD sin rapport frå 2006 vert det presentert ein del tiltak som er iverksett rundt om i landet. Få, om nokon av dei, er knytta mot barnevernet direkte, men er tiltak som barnevernet kan nytte som eit hjelpetiltak, som t.d. New page som er eit fritidstiltak for unge som treng å kome ”tilbake på sporet” (Bunkholdt m.fl. 2008).

Oppsummeringsvis skal barnevernet ved å setje inn hjelpetiltak førebyggje at barn opplever å leve i omsorgssvikt. Eitt av hjelpetiltaka som er nemnd som eit forslag i lovteksten er økonomisk stønad. Dårleg råd er likevel ikkje ei god nok grunngjeving for å iverksetje tiltak. Kva med kunnskapen om kva dårlig råd eller fattigdom kan bety for barn, av risiko og belastning? Ville denne kunnskapen ha kunna vere grunngjenvande nok for å iverksetje hjelpetiltak med tanke på å førebygge?

2.4.3 Det utøvande barnevernet

For å skulle prøve å analysere kva grunnlag beslutningar i barnevernet vert tatt på, vil eg her løfte fram og sette lys på nokre aspekt ved barnevernarbeidarar *rolla*. Som eg tidlegare har nemnd kan barnevernarbeidarar verte oppfatta å ha ei ekspertrolle i møte med foreldre som har kome i kontakt med barnevernet. Dette inneber ei viss grad av makt som det er viktig at barnevernarbeidaren er seg medviten. Maktaspektet er likevel ikkje nødvendigvis berre negativt og undertrykkjande, slik det gjerne kan verke ved første tanke. Sigrid Nordstoga

(2004) peikar på at makt kan vere ei nødvendig kraft og styrke i ein endringsprosess, og at det kan gi grunnlag for konstruktiv framdrift i barnevernarbeid dersom det har kjem fram i form av fagleg autoritet. Makt og demokratiutredningen (NOU 2003:19) skil mellom 3 former for makt; politisk makt, økonomisk makt, og ideologisk makt. I barnevernet vil den politiske makta handle om lover og pålegg frå politiske myndigheter som barnevernarbeidaren er pålagt å arbeide etter. Den økonomiske makta er knytt til fordeling av goder, der barnevernet si målsetjing er at alle barn skal ha ein viss standard når det gjeld gode og trygge oppvekstvilkår. Den ideologiske makta –

"er den mest usynlige. Den handler om makt over tanker, verdier, følelser og selvvifatning. Kulturelle trekk og strømninger har innflytelse og påvirker profesjonenes oppfatninger. Barnevernarbeiderens kunnskapsgrunnlag og normsett er også en form for ideologisk makt." (Nordstoga 2004 s. 120)

Eg tenker at den ideologisk makta er ein viktig del av ein barnevernarbeidars liv og virke. Inn under den ideologiske makta vil eg òg nemne definisjonsmakt, som kanskje er den aller viktigaste delen av den faglege makta. Gjennom definisjonsmakta vil barnevernarbeidaren kunne definere kva som skal verte vektlagt i situasjonen, kva informasjon som skal setjast fokus på og takast med vidare og kva som ikkje skal det. Kva skal leggjast til grunn for vurderingane, diskusjonane og vedtaka. Dette kan knytast til Bourdieu sine teoriar om sosiale felt, at det er nokon som dominerer og har makt, og nokon som vert dominert og er utan makt og må tilpasse seg dei reglane som gjeld.

Den siste makttypen eg vil ta inn her er profesjons og kunnskapsmakt, som eg tenkjer er ein del av alle dei tre makttypane som er nemnd ovanfor. Denne makta er knytt til utdanning, arbeidserfaring og stilling. Det er denne typen makt som eg nemnde innleiingsvis som ekspertmakta, og som lett kan kritisera dersom den vert utøva på ein måte som gjer at brukarane sin eigen erfaring og oppfatting av sitt eige liv og sin eigen situasjon ikkje får kome fram. Ei motvekt til denne typen maktutøving vil vere brukarmedverknad, der familiane og brukarane sin eigen kunnskap og oppfatninga av kva som vil vere til nytte for dei kjem fram og vert lagt vekt på. Ord som myndegjering og empowerment oppfattar eg er sidestilte omgrep i denne samanheng og som etterkvart, trass i at ein nok enno har veg att å gå, har blitt etablert perspektiv innan barnevernet. Fokus her er å styrke klienten sine eigne ressursar og gje dei tillit at dei kan løyse og ta hand om vanskane sine sjølv (Nordstoga 2004).

Vedtak og åtgjerder i barnvernet bygg på skjønn. Dette handlar om at kvart barn og kvar familie som ein innan barnevernet arbeider med, vil vere ulik den forrige og dei andre familiene som ein har hatt kontakt med. Og at dei dermed ikkje passar inn i den erfaringa ein har frå før, og gjerne heller ikkje til det lovverket ein har til råde. Barnevernarbeidaren må då gjere ei skjønnsvurdering i den prosessen som skal munne ut i ein forståing av situasjonen, og eit vedtak, eller at saka vert lagt bort. Skjønn innan barnevernet handlar om både sosialfagleg kunnskap, rettsreglar og barnevernarbeidaren sine eigne verdiar og haldningars. Det positive med skjønn er at det gir barnevernarbeidaren ein type fridom til å kome fram til det beste for klienten. Kritikken mot bruk av skjønn er at det kan verte barnevernarbeidaren sine private normer og verdiar som vert lagt til grunn og at dette kan medføre svekka rettsikkerheit og ikkje vere føreseieleg nok for den det gjeld. Nordstoga (2004) taler for at bruk av skjønn ikkje er til å unngå og ein viktig del av barnevernarbeidet. Det er likevel viktig å legge til rette for at barnevernarbeidaren får høve til å utvikle god dømekraft og dermed godt skjønn. Til dette trengs gode rutinar for fagleg utvikling, rettleiing, og refleksjon over både arbeidspraksis og sine eigne kjensler og livserfaring.

2.4.4 Kven er det som har kontakt med barnevernet?

Familiar som får hjelpetiltak eller omsorgstiltak frå barnevernet i dag, har ofte ein livssituasjon som er prega av samansette vanskar det stor sannsynlegheit for at foreldra har lav inntekt, lav utdanning, er arbeidslause, bur trongt og med dårlig bustandard, flyttar ofte og mange ganger, samt har dårlig helse fysisk og psykisk. Som gruppe ligg familiene som har kontakt med barnevernet langt under gjennomsnittet når det gjeld økonomiske og sosiale vilkår. Vidare er foreldra ofte eineforsytarar, foreldra er unge, og mange av familiene kjem frå andre etniske kulturar (Fauske, Lichtwarck, Martinsen, Willumsen, Clifford, Kojan 2009, Helgeland 2008, Backe-Hansen 2006). Som Helgeland seier det "*Barnevernbarn tilhører en gruppe i samfunnet som har mange odds mot seg.*" (Helgeland 2008 s. 171)

Andenæs (2002) har gjort ei undersøking av 6-12 åringer som over ein tidsperiode (1998-1999) vart plassert utanfor heimen av barnevernet, og har i den samanheng sett på kjenneteikn ved foreldra kva gjeld m.a. levekår. Ho fann at eitt av ti av barna budde saman med både mor og far, medan dei fleste budde saman med berre mor, eller med mor og hennar nye sambuar. Berre 16 av 96 barn hadde regelmessig samver med far sin. Foreldra hadde lav utdanning, og svak forankring i arbeidslivet. Tre av fem barn budde saman med foreldre som ikkje er i jobb,

og tre av fire av mødrene levde på trygd eller sosialhjelp. Som fylgje av dette hadde dei tronge økonomiske kår, over halvparten hadde betalingsvanskar ofte eller av og til, og under halvparten hadde bil. Den vanskelege økonomiske situasjonen medførte ein lite stabil busituasjon, 2 av 3 budde i ein bustad som dei ikkje eigde sjølv, og 17 av barna hadde opplevd å måtte flytte fordi familien mista bustaden sin grunna økonomiske vanskår. Omrent halvparten av mødrene hadde sjukdom/liding/funksjonshemming. Undersøkinga viser òg at halvparten av barna lever i familiar der det var eller hadde vore vald mellom omsorgspersonane, og då at det var far, eller neverande eller tillegare sambuar som slo (Andenæs 2002, s. 21).

Fauske m.fl. (2009) si nyare undersøking, den største intervjuundersøkinga som er blitt gjort på barnevernet sine brukarar, med 723 familiar som deltande viser likande funn som ovanfor. Rapporten viser at i 15 % av familiene er det ei opphoping av stressfaktorar. I halvparten er det moderate mengder slike stressfaktorar. Denne rapporten vektlegg den sterke veksten av familiar som har hatt behov for barnevernet sine tenester dei siste åra, i hovudsak har kome frå marginaliserte grupper. Fauske oppsummerer med at barnevernet sine familiar har store psykososiale belastningar, og at ”det nye barnevernet” i stor grad har blitt ein hjelpeinstans for familiar med sosiale vanskår. Barnevernet er vel så mykje eit velferdsbarnevern, som eit barnevern for dei barna som er utsette for akutt eller langvarig omsorgssvikt. Fauske problematiserer òg at det er mykje som tyder på at mange av barna i barnevernet har foreldre med store psykiske vanskår. Det viser seg likevel at andre hjelpetenester, trass i opptrapping mellom anna innan psykisk helsevern, ikkje kjem barnevernfamiliene til hjelp i noka særleg grad. Og at det er barnevernet som vert sitjande med desse svakaste familiene.

2.4.5 Barnevernet si faglege tenking omkring fattigdomsproblematikk

Eg er her interessert i kva som har betydning når barneverntenesta skal undersøkje og fatte beslutningar i saker der familiene stirr med fattigdom. Kva er faggrunnlaget?

Barnevernarbeidarar gjennom tidene har nok stadig hatt kontakt med familiar som har hatt store vanskår med økonomi, og har jamvel fått innblikk i, og kjend på deira fortviling og smerte kring dette. Dårlig økonomi har likevel blitt lite fokusert på som ein del av barnet sine omsorgsbetingelsar.

Helgeland (2008) hevdar at problema som barnevernet har hatt fokus på og lagt vekt på, har handla om foreldra si omsorgsevne, og psykologiske forklaringsmodellar har blitt lagt til grunn for vanskane. Problema har i stor grad blitt individualisert til barnet sjølv eller til foreldra. Helgeland viser vidare til statistikk som syner at barnevernet grunngjev iverksetjing av tiltak for barn og familiar med fylgjande:

"I to tredjedeler av sakene handlet det om foreldrenes situasjon og atferd, som foreldrenes omsorgsevne, rusmisbruk og psykiske helse. I en fjerdedel av sakene handlet det om barnets problematiske atferd, ofte rusmisbruk og kriminalitet. Resten av sakene, ca en tiendedel, ble begrunnet med både foreldrenes og barnets problematferd, eller forhold i hjemmet, "særlige behov" og "annet". Fattigdom er slik ikke en benyttet forklaringsmodell i barnevernet." (Helgeland 2008, s 171)

Fleire forskrarar argumenterer for at barnevernet sine tiltak i stor grad er kopla til fattigdom. Andenæs (2002) er ei av dei. Ho peikar på noko av det same som Helgeland, at trass i kjennsgjerninga om at barnevernet sine familiar er fattige og har store vanskår knytt til dette, så fortset barnevernet å iverksetje tiltak som fylgje av individuelle patologiar hjå denne gruppa foreldre. Ho meiner at for at vi skal halde fast på kunnskapen om familiene sin materielle og sosiale fattigdom, så er det viktig at vi òg nyttar språk henta frå levekårsforskninga, og ikkje - som ho seier *"begrenser oss til den terapi-inspirerte terminologien. Den har også sin plass, men hvis den monopoliserer bildet, er det mye vi ikke får se."* (Andenæs 2002 s. 22)

Andenæs viser vidare til at dei fleste intervensionar som "går som" "familiestøttande tiltak" fokuserer på emosjonell støtte og på kvaliteten mellom mor og barn. I slike saker vil det vere viktig i tillegg, å ha fokus på kva familie ein har med å gjere, når gjeld økonomi og manglande overskot på fleire livsområder. Som Andenæs seier, er det viktig å sjå inntekt, utdanning, arbeidstilknyting, buforhold osb som noko anna og meir enn tal og faktorar i ein tabell. Andnæs uttrykkjer at ho vonar at dette kan medverke til å styrke innlevinga vår i dei enkelte familiemedlemmane sitt liv (Andenæs 2002).

2.5 Oppsumering

Det er klart at trass i tiltaks- og handlingsplanar mot fattigdom frå dei siste regjeringane, så finns fattigdom i Noreg, eitt av dei rikaste landa i verda. Det verkar å vere mest vanleg og

hensiktsmessig, å forstå og måle fattigdom relativt ved å nytte 50 eller 60 % av medianinntekta som måleindikator. Fattigdomen ramar sterkest i grupper av einslege forsytarar og ikkje vestlege innvandrarar og i familiarar der dei vaksne har ingen eller svak tilknyting til arbeidsmarknaden. For barn er det mest belastande å oppleve fattigdom over tid, kortvarig fattigdom set ikkje spesielle spor. I tillegg til at det kan sjå ut som om at det er dei barna som opplever at familien er fattig i dei tidlege barneåra, som tar mest skade av dette. Barn som opplever fattigdom over tid har meir skulevanskars enn andre barn. Dei har dårlegare helse fysisk og psykisk, og dei har auka førekoming av åferdsvanskars i form av skuleskulk og rusbruk.

Eg har nytta Bourdieu sitt omgrevsapparat, kapital, habitus og sosiale felt og finn dette meiningsgjevande då det bidrar til å syne at fattigdom handlar om noko meir enn pengar og rein økonomi, sjølv om økonomi må seiast å vere det mest sentrale og gjerne den primære vansken når ein snakkar om fattigdom. Andre vanskars ser ut til å verke gjensidig på fattigdomsproblema, og i barnevernet finn ein opphopingar av vanskars og stressfaktorar hjå ein stor del av familiene. Fattige familiarer har vanskars som folk i andre samfunnslag òg har, som t.d. rusproblem og psykiske vanskars, men det gjer seg ulike utslag fordi biletet er meir komplekst og omfattande.

Resilience er tatt med i oppgåva i høve til at det vil kunne hjelpe oss med å forstå kva som er viktig for at barn skal utvikle seg positivt trass i store belastningar. Kva er det som bidrar til å skape resilience hos utsette barn, i denne samanheng fattige barn? Svaret er om ikkje eintydig så i allfall ganske klart, det viktigaste er å ha ein god voksen til å støtte seg til. I tillegg er lokalsamfunn, fritid og skulearenaen viktig å sette fokus på når ein skal forstå og arbeide med desse barna.

Barnevernet har kontakt med mange fattige familiarer. Økonomisk bistand er det nest mest brukte hjelpetiltaket som barnevernen iverkset. Den faglege tenkinga hos barnevernet kan likevel verke å handle meir om relasjonar mellom barn og foreldre, enn om dei sosioøkonomiske og psykososiale belastingane, at foreldra er nedkjørte på grunn av forvanskeleg økonomi.

Litteraturen eg har gjennomgått har gjeve meg kunnskap spesielt om fattige. I det vidare vil eg få fram praksiserfaringar frå barnevernarbeidaranar som arbeider med desse fattige familiene. Først kjem likevel eit kapittel der eg viser dei metodiske vala og erfaringane i studien min.

3.0 Metode

Problemstillinga i denne oppgåva er korleis sakshandsamarar i barnevernet forstår fattigdom, og korleis dei forheld seg til denne problematikken i undersøkings- og tiltaksarbeidet sitt. Eg har ikkje funne forsking på akkurat dette spørsmålet, så for å få vite noko om dette måtte eg gå til kjeldene for denne kunnskapen, nemleg til barnevernarbeidarane sjølv. For å få tak i denne kunnskapen fann eg at beste måten ville vere å samtale med barnevernarbeidarane, ved å gjennomføre ein kvalitativ studie. Eg vil i dette kapittelet kome nærare inn på kunnskapssyn, metodeval og forskingsdesign, utveljing av informantar, korleis sjølve undersøkinga vart gjennomført og bearbeidinga av datamaterialet. Til sist kjem ei vurdering av kvalitetkskrava og etiske omsyn.

3.1 Kunnskapssyn

Som sosialarbeidar er ein oppfostra med at det er klienten si stemme og klienten si livsverd som er interessant for oss, når vi i vårt virke skal prøve å forstå, og gjerne medverke til ein betra livssituasjon for dei det gjeld. Dette grunnsynet som, slik eg ser det, handlar om å prøve å forstå det ein set lys på, har eg nok tatt med meg når eg no har hatt eit mellombels tilverke i forskarolla. Eg vil under dette punktet, før eg går over på det meir konkret metodiske, prøve å seie noko i eit vitskapteoretisk perspektiv om det ontologiske og epistemologiske grunnlaget for studien min.

Eg har valt å gjere ein studie av korleis tilsette i barneverntenesta forstår og forheld seg til fattigdom i arbeidet sitt. Dette inneber at eg tar utgangspunkt i fenomenære opplevingar. Det er barnevernarbeidarane sine subjektive opplevingar som er det empiriske grunnlaget i undersøkinga, og det er desse erfaringane eg har prøvd å forstå i analysearbeidet.

I fylge Thomassen(2005) så er fenomenologien eit veleigna utgangspunkt for å studere praksis og praksisen sin særskildnad. Fenomena vert studert innanfrå og nedanfrå. Praksis i denne oppgåva er barnevernet si handtering av fattige familiar som dei har kontakt med. Eg har undersøkt korleis barnevernet sjølv erfarer å arbeide med fattige familiar. Kva vil det seie å ha denne oppgåva, og korleis klarar dei å løyse den, og kva betyr det for barnevernarbeidaren si livsverd?

Ei fenomenologisk skildring av ein situasjon krev at ein set til side alt ein trur, forventar, og har av førforståing, slik at fenomenet sjølv skal kunne kome fram best mogeleg. Det er her eg ser at eit fenomenologisk perspektiv ikkje er tilstrekkeleg forståelsesramme for studien min, då det etter mi oppfatning er uråd å hente ut objektiv kunnskap på ein kvalitativ måte, utan som forskar å sjølv vere ein del av det kunnskapsskapande. Filosofen Hans Skjervheim, som mellom anna har kritisert objektivismen i positivistisk vitskap, seier at ein i samfunnsvitskapleg forsking ikkje har noka studieobjekt, fordi studieobjektet er sjølv eit subjekt. Den som forskar og den som vert utforska, er deltakarar i ei felles verd der det ikkje er mogeleg å stille seg utanfor som tilskodarar (Thomassen 2005).

Slik eg ser arbeidet mitt så ligg det nok nærmere hermeunetikk og kanskje òg etnografi. I fylgje den hermeunetiske tradisjonen er det ikkje mogeleg å legge bort sin eigen forståelseshorisont. Ein vil alltid ha med seg erfaringar frå tidlegare, som er med på å bestemme korleis ein fortolkar det ein blir fortald frå t.d. intervjuobjektet, og kva ein legg merke til og legg vekt på. Dette gjeld òg når ein skal fortolke det materialet som ein har samla inn, vi kan ikkje setje oss sjølv i parentes. Det er umogeleg. Dette må i fylgje Thomassen (2005) trekkjast inn i forståelsesprosessen. Som forskar går ein i eit direkte samspel med forskingsfeltet, og for å få tilgang til data må ein gå inn i ein dialog med feltet ein skal forske på.

Slike fortolkande tradisjonar har som kjenneteikn at ein studerer menneske i sin naturlege kontekst og prøver å forstå fenomen ut i frå den meininga som dei vert gjeven (Halsa 2007). Eg har ikkje gjort noka feltstudie, som er den typen studie etnografien i utgangspunktet rettar seg mot, men eg har bede barnevernarbeidarane om å fortelje frå arbeidslivet sitt i barneverntenesta, og slik fått kunnskap ut i frå denne settinga (Thomassen 2005). Halsa reflekterer slik over denne typen forsking:

Det interessante er ikke å finne essensen av et fenomen, men å finne ut hvordan og hvorfor aktører ser ting slik de gjør det. Det epistemologiske grunnlaget innenfor disse tradisjonene er å se den sosiale virkelighet som sosialt konstruert... ”
(Halsa 2007 s 39)

Til dette ligg òg at det ikkje fins òg sanning, men mange sanningar, og sanninga vert konstruert, og definert gjennom samhandling mellom informantar og forskar (Halsa 2007). Som forskar på eit godt kjend felt, går eg inn med ei førforståing. Kva konsekvensar dette får

for studien min kjem eg tilbake til, men i forhold til ovanfornemnde måte å sjå på utvikling av kunnskap, er det interessant i perspektivet av at forskar og informant skapar kunnskapen saman i intervjustituasjonen med dei erfaringsbakgrunnane dei begge har med seg.

Kunnskapen min vert sveisa saman med den andre sin kunnskap og resultata vert ulike frå intervju til intervju fordi informantane er ulike.

3.2 Val av metodisk tilnærming og design

Forsking handlar om å søkje etter klårleik og forståing i eit forhold eller ein samanheng og har som hovudmål å vere kunnskapsutviklande og å skape erkjenning av korleis eit fenomen er eller vert opplevd. Dette inneber å oppdage, kartleggje og analysere med mål om ny innsikt og nye perspektiv. Designet ein vel inneber at ein på eit vis aksepterer ei ”pakkeløysning” som i stor grad omfattar både teknikk for datainnsamling og for analyse (Ringdal 2001).

Som forarbeid til oppgåva har eg sett på ulike måtar å forske på barn og fattigdom. Det som eg opplevde utkristalliserte seg i høve til å skulle forske på dette området, var at det er nødvendig å ha kvantitative data tilgjengeleg for å få eit overblikk over tal og omfang av problematikken. Kvantitativ forsking er noko som ein gjerne innan enkelte humanistiske fag avfeiar med negative superlativar som positivistisk, kald, smal og ikkje oppteken av individet. Alvesson seier likevel at klarar ein å unngå fella med at kvantitative resultat vert sett på som eintydige og robuste avspeglingar av røynda, treng ein ikkje å vere så ”rabiat anti-kvantitativ” (Alvesson 1994 s.11). Når det gjeld fattigdomstematikk er kvantitative undersøkingar heilt nødvendige for å vise at problematikken faktisk fins. I høve denne oppgåva var slik kunnskap viktig å ha med, før eg gjekk i feltet og intervjuar barnevernarbeidarar.

Vidare var det viktig å kjenne til kvalitativ forsking som er gjort på feltet, som viser korleis det vert opplevd, - for barn spesielt - men òg for vaksne, å vere fattig i verdas rikaste land. Det var likevel ikkje her, til dei fattige eg ynskte å gå for å hente kunnskap. Det føreligg allereie relativt mykje kunnskap om dette temaet, så for å få tak i korleis det er å vere fattig, kunne eg studere undersøkingar som allereie var gjort. Problemstillinga mi var knytt til korleis tilsette i barnevernet, som eg hadde ei formeining om har kontakt med mange fattige, handterte

fattigdomsproblematikken i arbeidet sitt. Eg ynskte i den samanheng å finne ut korleis dei forstod si eiga rolle i høve denne problematikken.

Metodikken kom ikkje heilt av seg sjølv, og eg vurderte ei stund å nytte fokusgruppe som metode. Eg tenkte då at ei fokusgruppe ville ha kunna utvikle verdifull kunnskap til undersøkinga mi. Noko av styrken ved ei fokusgruppe, ville vere at gjennom interaksjonen i gruppa kan ein få fram meir informasjon enn om ein intervjuar ein og ein person (Nøtnæs 2001). Metoden er konstruktivistisk og er basert på kjensgjerninga av at mennesket utviklar seg i samspel med omgjevnadene, og at dette òg gjeld generering av kunnskap. I og med at eg var ute etter korleis barnevernarbeidarane forheld seg til fattigdom, og dermed òg var interessert i haldningane deira til dette fenomenet, vurderte eg at ei fokusgruppe ville vere eigna. Grunnen til at eg la dette bort var at eg såg det som for krevjande og komplisert å gjennomføre som einaste forskar. Ei fokusgruppe skal både leiast og refererast, noko som etter mi oppfatning ville krevje ein partnar, og det var ikkje aktuelt i denne oppgåvesamanhengen.

Eit kvalitativt intervju vart derfor løysinga mi. Eg ville gjere ei intervjuundersøking der eg fekk fram barnevernarbeidarane sitt syn på kva barnevernet kunne gjere for dei fattige familiane med barn, og eg fann det mest tenleg å nytte kvalitativt design med tverrsnitt. Dette var eit naturleg val ut i frå at eg ynskte å høyre deira stemme, få vite noko om korleis dei som eg gjennom litteratur og erfaringsbasert kunnskap, visste at treff dei fattige i arbeidet sitt. Det kvalitative intervjuet kan ha som målsetjing å gi innsikt i korleis dei som vert studert oppfattar røynda, og i fylgje Ringdal (2001) er dette eit godt utgangspunkt for å få kunnskap om korleis enkeltpersonar opplever situasjonen. Kvale (2007) seier at formålet med det kvalitative intervjuet er å få skildringar av ein person si livsverd, og å tolke meiningsa som ligg i desse.

Som eg nemnde i innleiinga har denne oppgåva vore ein prosess der synet mitt på kva det var viktig for meg å finne ut, var relativt langt i frå det same som eg etterkvar fann ut. Eg kan derfor ikkje seie at eg i utgangspunktet valde å nytte intervju for å få *djupare innsikt* i korleis barnevernarbeidarane opplever og handterer situasjonen kring fattige familiar. Eg var i byrjinga av prosessen mest opptatt av å *sjekke* om dei var opptekne av dette temaet, som eg meinte det var viktig å vere, og eg hadde ei førforståing, eller ei hypotese, om ein skal bruke eit kvantitativt forskingsomgrep, om at dei var *for lite* opptekne av dette temaet. Denne

hypotesen har eg for så vidt fått avkrefta, og sjølv om dette ikkje var ein del av designet mitt, å stadfeste eller avkrefte denne hypotesen, har det vore ein del av prosessen. Fjelland (1994) samanliknar fordommar med Poppers mål om falsifisering av hypoteser. Eg tykkjer at denne samanlikninga fungerer til å forstå kva prosessar som føregår.

I planleggingsarbeidet kom eg etterkvart til at det var viktig å skaffe meg meir informasjon enn berre å finne ut om barnevernarbeidarane var opptekne av det same som eg var oppteken av, og eg fann at det ville vere viktig å gå breitt ut. Intervjuguiden som vart laga var derfor prega av opne spørsmål med rom for refleksjon. Ved slutten av denne forskings- og læreprosessen kan eg seie at eg har opplevd at det *kvalitative intervjuet* har medverka til betre innsikt i korleis kvardagen er for barnevernarbeidarane når det kjem til temaet fattigdom.

3.2.1 Utvalet og informantane

Ein kan seie at populasjonen er alle som handsamar saker etter Lov om barneverntenester i Noreg, evnt. i Hordaland eller i Bergen. Eg ville i utgangspunktet intervjuet både små og store barneverntenestekontor, leiarar og sakshandsamarar. Eg ville sjå på forskjellar på små og store kontor, erfarne og mindre erfarne barnevernarbeidrarar.

Det vart etterkvar ikkje heilt slik. Eg gjorde eit utval av informantar ved å sjå på ei liste over alle kommunale barneverntenester i Hordaland. Eg er tilsett i Bufetat i region vest og barneverntenestene er våre nærmaste samarbeidspartar. Fagteamet i Bergen var på det tidspunktet utvalet vart gjort, delt i to, og eg samarbeidde slik med halvparten av barneverntenestene i Hordaland. Eg valde å prøve å få informantar frå kontor som eg ikkje samarbeidde med i mitt daglege arbeid. Eg snakka med ein kollega frå det andre fagteamet for å høyre korleis barneverntenestene fungerte, og eg valde kontor som eg visste hadde ein arbeidssituasjon og ein personalsituasjon som gjorde at eg tenkte at dei i sum på sitt einskilde kontor var erfarne og kompetente og hadde innimellom tid til til å tenke seg litt om og reflektere over praksisen sin. Med det meiner eg at eg ved å snakke med kollegaen min fekk informasjon som gjorde at eg ville prøve å få kome til hjå kontor som eg visste ikkje ”låg nede” i t.d. mangel på folk, som hadde store personalkonfliktar, at alle hadde sagt opp eller at dei hadde andre store særskilde vanskar som ville kunne ta fokus bort frå det som eg ynskte å snakke med dei om.

Eg enda altså opp med eitt kontor frå ein bykommune og eitt frå ein bynær kommune med ein knapp halvtimes køyring til bykjernen og med eit relativt høgt innbyggjartal, prega av tilflytting frå bykommunen.

Eg ringde til leiarane ved to barneverntenester som eg kjende til frå tidlegare samarbeid og arbeid i barnevernet. Båe var velviljuge til å delta, og dei gav meg to namn kvar frå personalgruppa si som eg kunne kontakta, i tillegg til at dei sjølv òg ynskte å stille opp. Til saman vart det seks informantar. Eg hadde i utgangspunktet tenkt å ha åtte-ni informantar, og eg hadde kontakt med eitt barnevernkontor til. Her var dei i skifte av leiar og eg vart beden om å ta kontakt igjen. Eg byrja intervjugprosessen før det var avklart om dette kontoret kunne delta. Etter som intervjuua skreid fram valde eg å ikkje gjennomføre fleire intervju, då ting vart gjentatt og biletet byrja å teikne seg.

Eg sende ut eit brev som eg sende til kvar av dei eg skulle intervju, der eg presenterte meg sjølv og undersøkinga eg ynskte å gjennomføre. Eg ringde så for å høyre om dei kunne tenke seg å vere med, og då dei alle ynskte det, avtalte vi tidspunkt for gjennomføring av intervjuua.

På førehand hadde eg tatt kontakt med norsk samfunnsvitskaplege datateneste (NDS) for å sjekke om eg hadde behov for ei særskild godkjenning for denne studien. Forskarar og studentar som skal gjennomføre eit prosjekt har meldeplikt til NSD, som er personvernombodet for forsking. Persovernombudsordninga skal mellom anna sikre personvernet til dei som gjev informasjon til forskinga (NSD, 2008). Vi vart einige pr e-mail om at eg ikkje hadde behov for ei slik godkjenning. Dette orienterte eg barnevernarbeidarane om.

3.2.2 Datainnsamling

Målet med eit kvalitativ forskningsintervju er å få tilgang til skildringar av livsverda til dei som vert intervjuia. Forskningsintervjuet er å sjå som ein mellommenneskeleg situasjon, ein samtale mellom partar om eit tema som er av felles interesse. Kunnskapen kjem fram gjennom dialog. I ein slik forskingssituasjon er det viktig å skape kontakt som gjer det mogeleg å kome forbi snakket om veret og elles det som måtte kome av "smalltalk" (Kvale 2007). Å snakke om veret kan likevel vere ein måte å etablere ein atmosfære der den som vert intervjuua kjenner seg trygg nok til å snakke så fritt som han ynskjer om det som er temaet for

intervjuet. Mi erfaring frå intervjustituasjonen er ikkje så ulik andre profesjonelle samtalar der ein ynskjer å få vite noko om den andre sin situasjon, t.d. i klientsamtalar i barnevernet.

Denne erfaringa vert understøtta av Kvale (2007) som seier at det er vanskeleg å trekke ei tydeleg grense mellom det terapeutiske intervjuet og forskingsintervjuet, då begge har som mål å føre til auka innsikt og forandring. Der det terapeutiske intervjuet legg vekt på personleg endring, legg forskingsintervjuet vekt på intellektuell innsikt.

Kjenneteikn ved det kvalitative forskingsintervjuet er at det er semistrukturert. I det ligg at ein har planlagt kva tema og spørsmål som ein skal gå igjennom, samstundes som ein opnar opp for andre tema undervegs. Rekkefølgja på tema og spørsmål kan òg endras og tilpassas intervjustituasjonen, og ein har høve til å stille oppfølgjande spørsmål (Kvale 2007). Intervjuforma som eg nytta låg tett opp til dette og kan nemnast som eit semistrukturert intervju. Eg hadde laga ein intervjuguide som vart tilpassa noko, etter som intervjeta vart gjennomførte. Det var litt variasjon i rekkefølgja av spørsmåla frå intervju til intervju, alt etter kva som vart vektlagt av informanten, men i det store og heile så var vi gjennom same tema i alle intervjeta. Eg byrja alle intervjeta med å spørje om utdanning, rolle på kontoret, erfaringsbakgrunn og alder. Frå leiarane fekk eg òg tal på befolkningsgrunnlag, saker, og tilsette. Eg bad informantane om å gjere ei vurdering av om det var noko dei ville vektlegge frå utdanninga si som dei hadde særskild nytte av i arbeidet i barneverntenesta. Vidare spurde eg kva som vert vektlagt og prioriteringar som vert gjort i undersøkingsarbeidet. Eg bad dei skildre ei vanleg og ei vanskeleg sak i arbeidet i barneverntenesta. Tema i intervjuguiden elles var om den økonomiske situasjonen til familien var ein del av undersøkingsarbeidet til barneverntenesta. Om fattigdom var eit tema som dei hadde fokus på ved deira kontor, om dei hadde kontakt med fattige familiær i arbeidet sitt, kva hjelp dei kunne gi fattige familiær, kven dei samarbeidde med i situasjonar saker som om handla fattige familiær, og korleis dei forheldt seg til brukarmedverknad i saker som omhandla fattige familiær. I tillegg presenterte eg eit kasus som omhandla ei mor med tre barn som ønskte å gå på fotballtrening, men der familien budde avsides, og mor ikkje hadde bil. Eg bad informantane om å reflektere over kva dei ville ha gjort om det vart deira sak.

Intervjeta vart gjennomførte på sakshandsamar/barnevernleiar sitt kontor, der dei som skulle verte intervjeta hadde sett av halvannan time til intervjuet. Vi klarte oss med denne tidsramma i fem av seks av intervjeta, medan ved eitt intervju, det første, brukte vi ca to timer.

Informantane vart orientert om at intervjeta ville verte anonymiserte og at verken

barnevernteneste eller den som vert intervjeta vert identifisert. Eg nytta ein type minidisk-opptakar med integrert mikrofon. Denne låg på bordet gjennom intervjuet. I tillegg noterte eg stikkord undervegs til støtte for meg sjølv for oppfylgjande spørsmål. Alle intervjeta vart gjennomførte innanføre vel ein månads tid.

3.2.3 Analyse

Dei seks intervjeta vart smerteleg transkriberte. Timane og sidetala på dei utskrivne intervjeta vart mange. Eg skreiv intervjeta ut ordrett, og transkriberinga medførte ein repetisjon av intervjuet som eg opplevde vart ein viktig del av analysearbeidet. I fylgje Kvale (2007) er transkriberinga ein tolkingsprosess i seg sjølv. Vidare viser Kvale at analysen i kvalitativ forsking allereie vert planlagt ved førebuinga til undersøkinga, og at den startar parallelt med intervjeta. Han skildrar seks mogelege trinn i analysearbeidet. Eit første trinn er at informantane skildrar livsverda si under sjølve intervjuet. Vidare som trinn nummer to at informanten sjølv oppdagar nye forhold i laupet av intervjuet, og som eit tredje trinn at intervjuaren tolkar det informanten meiner og sender denne tolkinga tilbake under intervjuet. Den "eigentlege analysen" kjem som fjerde trinn, der transkriberinga av intervjeta vert tolka av intervjuaren og intervjematerialet vert strukturert og klargjort. Eit femte trinn er gjenintervjuing, når forskaren melder tilbake til informantane korleis han har tolka og analysert materialet. Informantane kan då kommentere og utdjupe kva dei eigentleg meinte. Kvale sitt sjette trinn er at informantane byrjar å handle på bakgrunn av eventuell ny innsikt som dei fekk i laupet av intervjuet. Intervjuundersøkinga mi inneheld trinna fram til og med det fjerde trinnet. Om trinn seks har blitt aktualisert kan eg ikkje svare på. Trinn fem ser eg klart som nyttig for å sikre at det informantane meinte å seie, er det som faktisk vert ein del av forskinga. Eg har likevel av tidsmessige årsaker ikkje prioritert dette i denne undersøkinga.

Kvale skil mellom fem måtar å analysere det kvalitative intervjuet. Det er meiningskondensering, meiningskategorisering, meiningsfortolkning, narrative meiningsstrukturar og å skape mening gjennom ad-hoc metodar. I mitt analysearbeid har eg nytta *meiningskategorisering*. Etter transkribering og gjennomgang av intervjematerialet laga eg kategoriar som eg koda med fargar. Døme på kategoriar var kva informantane sa om fattigdom i høve undersøkelsesarbeidet, tiltaksarbeidet, om det var eit tema, samarbeid med andre instansar osb. Kategoriseringa medverka til å strukturere teksten, og til i første omgang

å finne likskapar og ulikheiter, samt til å tydeleggjere og få betre oversikt over det som kom fram i intervjuet.

Etterkvart som eg fekk meir oversikt over materialet og det teikna seg *mønster* av informasjon som gjekk att i intervjuet, gjekk eg bort frå å legge vekt på å leite etter ulikheitar og likskapar mellom informantane, og mellom dei to kontora. Eg såg det etterkvart som verken særleg relevant eller interessant. Kontora var for lite ulike når det kom til temaet som eg er oppteken av i denne undersøkinga, til at eg fann at det var noko å legge vekt på. Eg har heller ikkje lagt vekt på informantane sine utdannings og erfaringsbakgrunnar. Men faktisk hadde halvparten av informantane over 20 års erfaring etter sosialfagleg utdanning. Berre ein hadde kortare enn 10 års erfaring. Gjerustad m.fl.(2006) fann i si undersøking av bruk av hjelpetiltak i barnevernet, at verken kommunetype, kjenneteikn ved sakshandsamar (alder, utdanning, yrkeserfaring, kjønn) eller sakshandsamar si arbeidsmengd, hadde noka signifikant betydning i høve til kva tiltak som vart sett i verk. Gjerustad m.fl. stilte i den samanheng spørsmålet om det heller kan vere snakk om at ulike kontor utviklar ulike kulturar, og at denne kulturen vil kunne vere meir bestemmande for tersklar i val av tiltak enn barnevernarbeidaren sin alder, kjønn, utdanning og yrkeserfaring. Eg støttar meg til dette i mitt val av å ikkje gå inn i slike forskjellar. Når det gjeld kulturbeten som Gjerustad m.fl. oppfordrar til å undersøkje vidare, så ser eg at delar av funna mine handlar om kultur, og eg tykkjer det er eit interessant perspektiv. Eg har likevel ikkje gått djupt inn i dette, og har heller ikkje sett på kulturelle *forskjellar* mellom dei to kontora mine.

Ut i frå desse mønstera og kategoriane utvikla det seg tema og funn som eg kunne tolke og analysere vidare. Eg har nytta direkte sitat frå intervjuet for å få fram stemmene til dei som vart intervjuet, for best å kunne synleggjere funna mine. Eg har òg fortolka ein del utsegner frå intervjuet. Døme på slike tolkingar er å uteie det dei sa til ein forståelse av teori. At dei hadde ei teoretisk forankring utan at det vart eksplisitt uttala. Slik eg ser det så er dette det som Kvale nemner som meiningsstolking. Han viser til mistankens hermeneutikk, der forskaren er mistenksam overfor det som vert sagt eller det som vert uttrykt i ein tekst. Mistenksamheit er eit negativt lada ord, og eg kjenner meg nok ikkje heilt heime i skulle ha vore mistenksam til det informantane uttala. Eg forstår meiningsstolking meir i retning av å leite etter meiningsa ved det dei sa.

Slik eg ser arbeidsprosessen min, så ser eg at metodikken eg har nytta i analysearbeidet ligg næraast ein hermenautisk forskningsprosess, der eg vekselvis har gått mellom teoretisk kunnskap og kunnskapen eg har fått gjennom intervjuundersøkinga. Delar frå empiri og teori har blitt til heilheitlege kategoriar og tema, og omvendt, heilskapar har krevd å bli sett på deduktivt. Målet var likevel i utgangspunktet at eg skulle gjere eit induktivt vitskapleg arbeid. Det viste seg etterkvart at det å ”drive med rein induksjon”, ikkje var det som eg fann som det mest hensiktsmessige. Igjen handla det om at eg nytta den teoretiske kunnskapen både til inspirasjon og kunnskap, samt til å spegle empirien i arbeidet med å analysere datamaterialet mitt. Ryen (2006) stiller spørsmål ved om induksjon i rein form er mogeleg i praktisk forskning. Alveson (1994) nyttar omgrepet abduksjon som liknar induksjon, då den går ut i frå empiri, men den kan òg relaterast til deduksjon då det ikkje aviser teoretiske førestillingar. Halsa (2007) viser at analytiske prosessen kan vere eit *samspel* mellom induktive og deduktive tilnærmingar. Det kjenner eg meg igjen i.

3.3 Metodekritikk

Kvalitativ metode har opp gjennom åra vore utsett for sterk kritikk frå ulike hald, mellom anna frå dei som ser kvantitativ forsking som einaste *verkelege* forsking, då den kvalitative forskinga ikkje lar seg måle og etterprøve på same måte som den kvantitative. Mange ser ikkje det kvalitative forskingsintervjuet som anna enn ei spegling av folk flest si sunne fornuft, og å vere prega av subjektivitet og partiskskap. Dei meiner at det er personavhengig, og basert på leiande spørsmål. Ulike forskrarar gjer ulike tolkingar, og det vert ulike resultat alt etter kven forskaren er osb. (Kvale 2007). Anna kritikk har dreia seg meir om at det er vanskeleg å skilje god forsking frå mindre god forsking. Det er likevel på det reine at det skal stillast sterke krav til kvalitet òg innan kvalitativ forsking.

Dei kvantitative kvalitetsomgrepa *reliabilitet* og *validitet* er omdiskuterte når det gjeld kvalitativ forsking, og mange meiner at dei har ingenting i kvalitativ forsking å gjere. (Ryen 2002) Eg kjem ikkje til å gå inn i denne diskusjonen, berre innleiingsvis kort forklare omgrepa, og i det vidare prøve å sjå på forhold i forskningsprosessen, som kan relaterast til reliabilitet, validitet og generaliserbarheit kva gjeld resultatet.

Kvale (2007) omtalar spørsmålet om *validitet* som eit spørsmål om i kva grad metoden verkeleg undersøkjer det som det var meininga at den skulle. I tillegg handlar validitet om den handverksmessige kvaliteten på undersøkinga. Annan litteratur definerer validitet som gyldigheit (Ryen 2002). Omgrepet *reliabilitet* som er tett knytta mot validitet, vert omsett til påliteleg eller truverdig. Det handlar om måten undersøkinga er gjort på i høve datainnsamling, analyse, tolking og rapportering. (Ryen 2002).

3.3.1 Fordommar

Fordommar eller *førforståing* er eit omgrep innan vitskapen som kan vere både positivt og negativt. Fjelland (1994) viser til Gadamer som nytta dette omgrepet. Negative fordommar er kjenneteikna ved at dei er rigide og uforanderlege. Positive fordommar er derimot prega av at dei kan forandrast gjennom ny kunnskap. Etter å ha gjort denne studien av korleis barnevernarbeidarane forheldt seg til fattigdomsproblematikk i arbeidet sitt, så har eg heldigvis erfart at mine fordommar var positive, då eg opplever å ha blitt tilført ny kunnskap. Kunnskap som er annleis enn den *førforståinga* eg hadde ved oppstart.

Førforståinga mi var at fattigdom i for liten grad var sett fokus på i det kommunale barnevernarbeidet. Ved oppstart av dette masterarbeidet, var *førforståinga* mi tufta på 16 års erfaring frå arbeid i ulike deler av barnevernet. Desse fordommene fekk næring frå ulik litteratur som meiner at tiltaka frå barnevernet er for smalspektra i høve til kva behov dei ulike familiene har. Det er ikkje nok å fokusere på samspel i familien, emosjonell støtte og kvaliteten i relasjonen mellom barn og foreldre, når foreldra har så store økonomiske og påfylgjande belastningar at dei knappast klarar å ”halde hovudet over vatnet” og kjenner seg langt utanfor den bana som det er forventa at dei spelar på (t.d. Andenæs 2004).

Det er uråd å tenkje at gjennomføringa av undersøkinga mi ikkje har blitt fargelagd av desse fordommene som eg hadde ved oppstart. Eg trur likevel at eg ved hjelp av kyndig rettleiing klarte å gå relativt breitt ut med eit nokolunde ope og nysgjerrig sinn.

Bourdieu hevdar at ein til ei viss grad kan kontrollere den personlege *førforståinga* som er knytta til kjønn, klasse og kultur med sjølvkritikk. Han viser derimot til ein annan type *førforståing* som eg tykkjer det kan vere interessant å bringe inn her – den intellektualistiske *førforståinga*. Dette handlar om å oppfatte verda som eit skodespel, som ei samling av

meiningselement som forlangar å verte tolka, snarare enn som problem som krev praktiske løysingar. Ei slik førforståing kan medføre at ein heilt overser det som er forskjellen mellom logikk og praksis. Ein gløymer at det handlar om menneske som gjerne har behov for endringar. Dette problemet vert òg omtala som den skolastiske feilslutning (Marthinsen 2003). I denne samanheng tenkjer eg på det som eg vil kome litt attende til under avsnittet om etikk, at vi faktisk snakkar om enkeltpersonar som har eit tøfft liv som har behov for endring, og at det er viktig å vere medviten i høve dette når ein forskar på dette feltet. Samstundes er det òg viktig å ha ein viss distanse til problematikken for å kunne sjå betre kva det handlar om.

3.3.2 Gamle kjende

Som tilsett i barnevernet i Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og no Bufetat, region Vest, gjennom mange år, kjende eg naturleg nok fleire av informantane. To av dei kjende eg ikkje, to kjende eg til frå samarbeid, medan to kjende eg frå 10 år tilbake då eine var kollega og den andre var student på kontoret vårt. Sidan den tid har vi hatt lite kontakt.

At eg har hatt ulik grad av kontakt med fleire av informantane frå tidlegare, at eg er tilsett i fagteam i Bufetat som er eit nært samarbeidsorgan for barneverntenestene, og som òg vert hevda å skulle vere eit rådgjevande organ overfor første linja, kan ha påverka studien. Det kan ha medført at dei som kjende meg visste kva eg tenkte og ville at dei skulle svare. Dei kan ha hatt eit ynskje om å framstå med meininger i ein spesiell retning, eller dei kan ha vore utrygge på meg ut i frå kvar eg arbeider, jfr. generelle samarbeidsproblem mellom barneverntenestene og Bufetat. Eg opplevde likevel ikkje at intervjuasjonane var ulike av den grunn at nokon var kjende og andre ukjende. Ho som hadde vore kollegaen min før, var no fungerande leiar og opptredde med profesjonalitet og distanse til meg som person, og i det som eg oppfatta som hennar travle kvardag, var det sett av tid til intervju og ikkje til å ”prate om gamle dagar”. Eg opplevde heller ikkje at det var problematisk at eg arbeider der eg arbeider, sjølv om enkelte, under intervjuet, viste til samarbeidsvanskar og därlege tilbod frå Bufetat. Dette oppfatta eg meir som hjartesukk frå ein fagperson til ein annan, i betydning av at vi er barnevernarbeidarar som arbeider til beste for barn og står saman om det, men at vi har system der ikkje alt fungerer så godt saman.

Eit anna forhold som kan ha hatt innverknad kva gjeld mi stilling som fagteamrådgjevar og samarbeidspart, handlar om at 4 av dei seks informantane er eldre enn eg og har lenger erfaring enn det eg har. Erfaring og alder er to variablar som kan gi fagleg tryggleik, og eg vurderer det slik at dette kan ha vore medverkande til at intervjeta etter mi oppfatning vart så pass bra og fritalte, og slik eg ser det ikkje i spesielt stor grad forstyrra av det som nemnd ovanfor. Dei som vart intervjeta var i tillegg på sitt eige kontor, noko som òg kan ha medverka til å tryggje intervjustituasjonen.

3.3.3 Å forske på eige felt.

Det er på det reine at det er *eg*, som både forskar og skribent, som gjer eit utval av det eg vil presentere. I eit vitskapsteoretisk perspektiv er det viktig å ha med ein refleksjon kring kven si stemme det eigentleg er som kjem fram i teksten. Halsa (2007) peiker på at det som forskar ikkje er mogeleg å få fram informantane si verd slik dei forstår den. Ho skriv:

"Analysen og teksten må sees på som en annen eller tredje orden av fortolkning av informantenes fortolkning. Den sosiale verden er ikkje tilgjengelig for oss i noen ren form. Gyldighet og relevans i kvalitativ forskning må derfor knyttes til pragmatiske kriterier som at de er nyttige, passende, og muliggjør fortsatt forskning."
(Halsa 2007 s 42)

Eg vil gjerne seie meg einig i dette perspektivet, at det ein formidlar som forskar umogeleg kan vere eksakt det same som det informanten ynskte å formidle då intervjuet fann stad. Eg har likevel tenkt på eit forhold ved undersøkinga mi, som står noko i kontrast til det eg diskuterte ovanfor. Det er om det òg kan vere ei føremon å vere så godt kjend i det aktuelle forskingsfeltet som det eg i dette tilfellet er. Eg tenker då på ein kan kjenne seg relativt trygg på at det som vert spurd og sagt er vert forstått av både forskar og informant. Ein har ein felles fag- og erfaringsbakgrunn som gjer at ein slepp tunge forklaringar, og misoppfattingar kan gjerne lettare unngåast. Det kan lettare verte ein samtale, som gir rom for ein open refleksjon omkring eit felles interessefelt. Kunnskapen vert på eit vis lettare tilgjengeleg.

Dette kan sjølvsagt motseiast frå fleire vinklar. Eg vil her dra fram tre forhold som impliserer at det er utfordringar knytta til det å forske på sitt eige felt. Æi innvending kan vere at ein kan verte så komfortabel at intervjuet vert meir som eit kaffeslaberas enn eit forskningsintervju, og dette er sjølvsagt ei fallgruve. Dette vil likevel vere noko som ein, om ein tar forskarrolla på alvor og følger sin eigen foskningsplan, vil kunne klare å styre unna. Noko anna, og

kanskje meir komplekst, er det at når ein snakkar om eit felles forståelsesfelt og gjerne ikkje går inn og presiserer og forklarar alt, så kan det skje at det ein reknar med at den andre meiner når han spør eller forklarar, ikkje er det same som det han i røynda meinte å formidle. Ei medlemsvalidering ville kunne avhjelpe dette (Ryen 2002). Eg har ikkje gjennomført dette av tidsmessige årsaker. Ei tredje ufordring vil kunne vere at ein vert blind. Det handlar om å verte van med at ting er litt på skakke eller skulle ha vore ordna, men når det har vore slik i år etter år, så ser ein ikkje lenger verken den nye sykkelen på soverommet, julepynten i juli, eller listene som ikkje er sett på plass etter oppussinga for tre år sidan. Å forske på eit kjent felt vil kunne medføre at viktige ting kan verte utelate fordi ein anten tar det som ei sjølvsagt ting og det dermed ikkje vert gjort eksplisitt, eller ting vert oversett fordi ein ikkje klarar å få auge på det.

Dette er refleksjonar som eg har over det å ha studert mitt eige felt. Eg kan ikkje seie kva påverknad, av svekkande karakter, det konkret har hatt. Men opplever at det å kjenne feltet har styrka meg i høve til å finne relevante utforskingsspørsmål til informantane, samt medverka til ein lettare samtale som har generert raust med informasjon til grunnlag for kunnskapsutvikling.

3.3.4 Seks barnevernarbeidrar

Utvalet i denne oppgåva er seks barnevernarbeidrarar i to kommunale barneverntenester. Utvalet er klart svært knapt, og ein vil ikkje kunne hevde at dei funna eg har gjort vil kunne overførast og vere gjeldande for alle barnevernarbeidrarar og barneverntenester. Det er likevel to forhold som eg oppfattar talar for at det eg har funne i allefall kan vere ein *tendens* å snakke om. For det første så var det ei medviten vurdering å stogge etter seks intervju, då eg opplevde at det som kom fram i intervjeta gjentok seg. Informantane mine er svært samstemte når det gjeld dei store linjene. For det andre har eg intervjeta to store kontor, det vil seie det eine er mindre enn det andre og må gjerne nemnast som middels. Det er likevel to kontor med svært mykje erfaring på ulike barneversaker. Det kan eg med sikkerheit seie frå den posisjonen eg sit på i arbeidet mitt. Dette gjer at eg tenkjer at svara eg har fått er basert på både mengdeerfaring og kvalitetserfaring, og dermed kan ha ein viss overføringsverdi til andre barnevernarbeidrarar og barnevernkontor. Hadde eg gått til eit mindre kontor ville eg gjerne ha fått noko andre svar. Desse svara ville truleg vere tufta på erfaring frå færre saker og dermed ikkje gjeve den informasjonen eg var ute etter. Det er klart at eit svar som inneber at dette har vi ikkje greie på, ville òg vere eit svar. Det er likevel i denne oppgåva meir interessant å

forske der erfaringa og kunnskapen faktisk er, noko som eg opplever at eg har fått gjere med dei seks informantane eg var så heldig å få intervju.

3.4 Nokre etiske refleksjonar til sist

Kvale (2007) snakkar om tre etiske prinsipp som ein forskar må ta omsyn til. Det er *informert samtykke* som inneber at informantane vert informert om korleis undersøkinga skal verte gjennomført, kva som er målsetjinga, og om der er eventuelle føremoner eller ulemper ved å delta. Vidare er *konfidensialitet* eit viktig prinsipp som må ivaretakast. Det siste etiske prinsippet er å ta omsyn til eventuelle *konsekvensar* av ein intervjustudie. Då eg har intervjuat profesjonsutøvarar har eg ein idé om at eg ikkje har å gjere med så sensitive opplysningar som om det var klientar i barnevernet eg intervjuat. Det er likevel viktig i undersøkinga mi å ivareta konfidensialiteten og å nytte opplysningane som eg har motteke med respekt. Eg opplevde å få del i svært ærlege og sjølvkritiske intervju, og eg ynskjer i størst mogeleg grad å ivareta den enkelte sin faglege integritet og ikkje utlevere nokon. Dette kan eg likevel kome til å gjere ved å formidle den kunnskapen som eg har fått ut frå denne undersøkinga, då ein del av det som kjem fram ikkje nødvendigvis set verken barnevernet eller den omtala sosialtenesta i eit flatterande lys.

Vidare vil eg framheve det ubehagelege som ligg i det å typologisere ei gruppe menneske som noko så negativt og nedverdigande som fattig. Undersøkinga mi har ikkje vore retta mot fattige direkte, men eg har fått i gang samtalar om menneske som eg ikkje kjenner og som eg indirekte har fått informantane til å omtale som fattige. Vi har snakka om kor vanskeleg det er å kome ut av fattigdomen, og kor vanskeleg det er for barnevernet å hjelpe fattige når dei andre hjelpeinstansane ikkje gjer det dei skal. Eg har tenkt på kva dette kan ha betydd for den saka og den familien som barnevernarbeidaren snakka om som fattig. Kanskje ingenting, eller kanskje at den har fått betre hjelp at det har blitt sett eit anna og meir rett fokus på vanskane til familien. Skrekkscenariet er likevel at dei har blitt gitt opp og kategorisert som fattige som det er for vanskeleg for barnevernet å hjelpe.

Det er ikkje sikkert at fattige ser seg sjølv slik forskinga eller samfunnet ser fattige. Dei kan ha dårlig økonomi og slite tungt, men likevel ikkje kjenne seg igjen i det som vert framheva som dei fattige sine livstilhøve. Ein gløymer gjerne at fattige kan òg ha det bra saman med

familien sin, i nabolaget, med kjærasten osb. Poenget mitt er at sjølv om forskinga søker etter tema og typologiar, må fattige òg sjåast som særeigne individ og ikkje som ei gruppe som er slik og slik. Forskinga sin medverknad er å setje oss på sporet og gje oss innspel om korleis det kan vere, og så får ein spørje den det gjeld om det er slik det er.

Bidraget mitt i så måte er å setje lys på korleis barnevernet handterer fattigdom i arbeidet sitt. I og med at eg ikkje har funne liknande forskning har eg under prosessen tenkt på om dette ikkje er noko å bry seg om. Eg har stadig kome tilbake til at det er det! Eg er likevel usikker på om denne forskinga har noko for seg ut over å gje meg ny kunnskap og føre meg over frå student til innehavar av ei ny grad. Eg har kome til at det uansett er eit lite bidrag som i allfall medverkar til ein viss refleksjon over praksis for ein person, meg sjølv. Eg er ein del av barnevernet i Noreg, og å vere det, krev at ein stadig stiller refleksive og kritiske spørsmål over praksis. Brukarane har krav på det.

4 Saksbehandlarar i barnevernet fortel

I dette kapittelet vil eg presentere funna frå intervjuundersøkinga mi. Det dreier seg i hovudsak om korleis informantane som tilsette i det kommunale barnevernet forstår fattigdom i arbeidet sitt og korleis dei handterer spørsmålet om økonomi og fattigdom i undersøkingane og tiltaksarbeidet. Vidare er samarbeid med sosialtenesta og andre hjelpeinstansar gjort til eit tema. For det meste kjem eg ikkje til å nemne kva for eitt av kontora informantane tilhøyrer når eg viser til svar som eg har fått.

Barnevernet i Noreg er regulert av Lov om barneverntenester av 1992. Som tidlegare vist skal barn og familiar sine vanskar skal først og fremst løysast ved hjelpetiltak. Familiar som får hjelpetiltak eller omsorgstiltak frå barnevernet i dag har ofte ein livssituasjon som er prega av samansette vanskar (Helgeland 2008).

Barnevernet er delt i to, kommunalt og statleg barnevern. Det er den kommunale barneverntenesta som har vedtaksmynne og er dei som mottar meldingar, gjer undersøkingar og vedtek om det skal setjast i verk åtgjerder eller om ei sak skal leggjast bort. Åtgjerder kan vere hjelpetiltak eller omsorgstiltak. Staten sitt hovudansvar er lagt til å tilby eit tiltaksapparat for barn som skal plasserast utanfor heimen.

I perioden 1996 auka undersøkingar i barnevernet med 60%, medan talet på hjelpetiltak auka med nærmere 50% same periode. Omsorgstiltaka har auka med 26% (Fauske m.fl. 2009). Som døme på kor mange det dreier seg om, var det ved utgangen av 2004, 28 775 barn som hadde tiltak etter Lov om barneverntenester (Kristofersen m.fl. 2006).

Dei to leiarane ved barnevernetenestene eg intervjuja sa både at dei såg ein klar auke i meldingar og saksmengd. I intervjuet bad eg dei om å skildre både ei typisk og ei vanskeleg barnevernsak. Kjenneteikn ved *typiske* saker slik informantane samla ser det, handlar om aleineforeldre, og då helst mor, foreldre med psykiske vanskar, noko rus, både mor og far går anten litt ut og inn av arbeidsmarknaden, eller dei er utan arbeid over lengre tid. Andre ”merkelappar” på typiske familiarar er lav utdanning, fleire barnekull innan ein familie,

samlivsbrot/skilsmisses, og ofte store konflikter og ustabile relasjonar mellom dei vaksne. Nokre foreldre er evnesvake, eller strevar så hardt etter eigen oppvekst i omsorgssvikt at dei ikkje klarar å ta seg godt nok av barna sine. Dårleg økonomi vert òg nemnd som kjenneteikn på ein typisk familie som barneverntenesta har kontakt med. Vald i ei eller anna form, anten direkte mot barna eller mellom dei vaksne, var vidare eit særskild tema som fleire informantar sa noko om at var aukande i sakene deira. Informantane mine sitt syn på kva som kjenneteiknar familiar som barnevernet har kontakt med, samsvarar med andre undersøkingar (t.d. Andenæs 2002 og Fauske m.fl 2009)

Når det gjeld *vanskelege* saker vert det tydeleg for meg at det som gjennomgåande vert sett på som vanskelege saker, er saker som involverer rus og psykiatri hos foreldra. Desse sakene vert sett på som vanskelege fordi det ofte er snakk om svært ustabile foreldre, gjerne med gode og dårlige periodar, som det ikkje er så lett verken å hjelpe til å bli betre, eller til å vurdere som ueigna som foreldre. Vidare nemner halvparten av informantane saker som omhandla foreldrekonflikt i høve barnefordeling, som vanskelege saker. Det som då vert sett på som vanskeleg, er at det er utsedydig når barneverntenesta skal involvere seg, og når dei skal overlate vanskane til foreldra sjølv, og dei hjelparane dei sjølv måtte velje å bruke, t.d. advokatar. Saker der foreldra er ueinige i at barna deira har vanskår, vert òg nemnd av informantane under vanskelege saker.

4.1 Barnevernarbeidarar reflekterer over temaet barn og fattigdom

I dette underkapittelet vil eg prøve å formidle det som eg har tolka at informantane mine formidla i høve til korleis dei forstår fattigdomsproblematikken i arbeidet sitt i barneverntenesta. I intervjuasjoner nytta eg det òg som ein måte å tune oss inn på tema og for å bidra til ein felles forståing av kva tema vi snakkar om. Eg tar inn desse meir generelle refleksjonane over fattigdomsproblematikk som eit innspel i høve til korleis informantane tenker kring tema fattigdom, utan å nødvendigvis å knyte det til kva dei kan eller bør gjere.

Eg vil fortsetje her med eit sitat frå ein av informantane. Slik materialet mitt føreligg så er dette noko av det som alle informantane formidla at dei har ei oppleving av.

” Eg syns det er lite fokus på det som eit tema. For det dukkar jo opp i nesten annakvar sak. Så dukkar det jo opp dette temaet. Men vi har ikkje fokus på det som eit generelt tema slik som vi kan ha det i høve til rus eller psykiatri. Men som sagt så dukkar det jo opp veldig ofte. Og vi får jo inn saker på grunnlag av fattigdom. ”

Samstundes som tema ikkje vert sett fokus på, så er det ein stor del av barnvernet sin kvardag. Når informanten seier ”ikkje vert sett fokus” på så oppfattar eg at han seier at denne problematikken møter dei som barnevernarbeidarar kvar dag, men det er ikkje gjort til eit eksplisitt *tema* i barnevernet. Ein måte å forstå dette på, er at det ikkje er tradisjon for å snakke om fattigdom som eit eige tema. Dette skal eg kome nærare tilbake til i drøftinga.

Vidare er informantane opptekne av at barn kan falle utanfor fellesskapet med jamaldrande om familien ikkje har råd til at dei kan få vere med på det som barn flest er med på. Eg siterer ein informant: *”Dei kan verte isolerte av dette. Marginaliserte, stigmatiserte, lette mobbeobjekt kanskje.”* Det vert vist til at desse barna òg kan oppleve skam, og å verte unødig ansvarleggjort ved å måtte skjule eigne behov, og ta foreldra sine behov i forsvar, ved t.d. å seie at dei ikkje har lyst å vere med, i staden for å seie at dei ikkje kan vere med fordi foreldra ikkje har råd til det. Same informant reflekterer vidare;

”Det er jo ikkje alltid at dei barna som har det fattigslig egentlig har dei fattigaste foreldra. Det er eit komplisert bilde. Det er mange grunnar til at folk er fattig. Og fattigdom er eit relativt begrep og hadde du spurt mange andre her i verden om kva fattigdom er så hadde du fått eit heilt anna svar enn det eg gir deg no. Det er mange måtar å sjå det på. Men det at barn skal vokse opp nokonlunde på nivå i aktivitet saman med jamaldrande det trur eg er uhyre viktig for utviklinga deira. Fattigdomen skal i allefall ikkje gå på det.”

Fleire informantar snakkar om at mange av deira familiærar ikkje har planar for ferien, og at mange heller ikkje er så flinke til å bruke ein vakker sommardag til det same som andre familiærar med barn gjerne gjer, som å gå på stranda, på fjelltur osb. Aktivitetar som medverkar til eit type kompetanse som for mange er sjølv sagt i Noreg. Slike kulturforskellar er ikkje nødvendigvis basert på å ha ein kultur frå eit anna land, sjølv om dette òg er gjeldande i informasjonsmaterialet mitt, men òg å tilhøyre ein kultur i Noreg som handlar om å ikkje vere heilt inne i den kulturen som er den gjeldande.

I samband med kultur kjem fleire av informantane òg inn på dette som ei av dei kallar *misforstått store krav til materielle goder*. Ho viser til at enkelte foreldre som dei har kontakt med, særleg foreldre med innvandringsbakgrunn, kjøper og kjøper ting til barna sjølv om dei slit tungt økonomisk. Informantane ser dette som ein måte å kompensere på, for at barna skal

ha det same som andre barn har, men at dei ikkje heilt skjønar at ikkje alle norske barn heller ikkje får alt dei vil ha, sjølv om det ofte kan verke sånn samanlikna med det dei er vane med frå heimlandet. Informantane fortel jamvel om foreldre som opplever å verte pressa av eigne barn for pengar. Refleksjonen til informantane rundt dette er at dei ikkje kjenner dei sosiale kodane og trur at det er slik det er. Forsking viser at familiarar frå ikkje-vestlege land har dårlegare levekår enn norske familiarar, òg samanlikna med andre lavinntektsfamiliarar (Øia m.fl. 2006)

Andre informantar seier noko om det at foreldre kan vere fattige, men at barna kan kjenne seg trygge, elska og sett, sjølv om familien strevar tungt økonomisk. Det handlar om korleis resten av systemet rundt barnet fungerer, ikkje berre korleis det er i mor og far si lommebok. Det kjem an på varigheita av fattigdomsproblematikken . Det vert òg peika på forskjellen mellom midlertidig og meir langvarig fattigdom som eg har tatt for meg i teoridelen. At det å ha lav inntekt over tid gir auka risiko for å oppleve levekårvanskar (Sandbæk 2008).

Informantane si oppfatning av kva som er konsekvensane for barna, er i stor grad samanfallande med det eg finn litteraturen. Både kva gjeld mogelege belastningar og at det er mange faktorar som spelar inn i høve til om barnet vil lide overlast (Sandbæk 2008, Thorød 2006).

Informantane tar òg foreldra sitt perspektiv og problematiserer at barnevernarbeidar og foreldre kan ha vanskar med å ha same fokus. Ein informant seier: *Eg trur det ofte kan vere mismatch av fokus. Eg kan jo tenke sjølv, at eg hadde ikkje klart å tenke så mykje samspel med mitt barn viss eg var nær ved å ikkje ha mat på bordet.*

Ein annan formulerer det slik:

"Eg tenker at når ein har manglande kontroll på mange av livsområdene så har du ikkje råd til å rette eit kritisk sokelys på deg sjølv, når du prøver å overleve i utgangspunktet. Samtidig når vi ser at barnas interesser ikkje blir ivaretatt, så framstår det jo som ei motsetning mellom det foreldra gjer for å overleve, og det som er å ivareta barna sine interesser."

Samla sett så viser undersøkinga mi at informantane mine ser fattigdom som ein del av andre vanskar. Dei ser det som forskrarar i fleire land har vist, at barnevern har ein klar link til fattigdom (Sandbæk 2008). Dei har ikkje fattigdom som eit tema i arbeidsdagen sin, men dei

ser fattigdomen kvar dag og dei ser at det kan ha store konsekvensar for barna at foreldra er fattige. Informantane seier at dei ser det som viktig at barna får delta saman med andre barn, og at dei ynskjer å medverke til dette, men at det kan vere vanskeleg å arbeide med endrande tiltak dersom foreldra er så slitne at dei ikkje maktar å ha nok fokus på barna sine behov for støtte og oppfølging. Dei seier òg noko om det som t.d. Andenæs (2002) er oppteken av at i arbeid med fattige familiarer er det viktig å ta nok høgde for det som kan ligge bak dei vanskane som syner seg i samspelevanskar og därleg tilknyting.

Det vidare vil for det meste handle om det som kjem fram i undersøkinga i høve til kva barnevernarbeidarane får gjort i høve til den fattigdomsproblematikken som dei ser at dei har i sakene sine.

4.2 Korleis forheld barneverntenesta seg til fattigdom?

Kunnskapen som eg har sett på i teoridelen, om kva fattigdom kan gjere med menneske og med barn, var ein del av utgangspunktet mitt når eg gjekk for å intervju barnevernarbeidrarar om fattige familiarer i barnevernet. I tillegg kom barneverntenestelova sitt rammeverk for hjelpetiltak som seier at ein skal kunne hjelpe familiarer dersom det vert vurdert å kunne medverke til å gi barnet ein betra situasjon. Dette betyr, slik eg ser det, at situasjonen må vere därlegare enn tilfredsstillande for at barnevernet skal kunne gå inn å yte hjelp i form av hjelpetiltak, men ikkje så därleg at det beste for barnet vil vere å flytte ut av familien og inn i ein ny omsorgssituasjon. Eg vil i dette underkapittelet sjå på kva informantane mine seier at dei gjer i høve fattigdomsproblematikken i barnevernet. Under intervjuet presenterte eg eit døme for informantane, og bad dei reflektere over om det kunne ha vore ei sak dei ville ha kunna gå inn i, og kva dei ville ha gjort. Dømet omhandlar ei einsleg fattig mor som bur avsides med tre aktive barn som ynskjer å gå på fotballtrening, med knapt nettverk, utan bil og med därleg busstilbod. Dei fleste av informantane reflekterte vidare i høve til andre saker med fattige foreldre og kva tiltak som er vanleg å setje inn i slike familiarer.

4.2.1 Familien sin økonomi - ein del av barneverntenesta si undersøking?

Når barneverntenesta i kommunen får inn ei melding om bekymring for eit barn, skal dei innan ei veke vurdere og vedta om forholdet skal undersøkjast eller ikkje. Dette vert gjort ved

å gå inn i det bekymringsmaterialet som føreligg, vurdere alvorlighetsgraden i meldinga, samt vurdere om det skal gjennomførast ei undersøking etter Lov om barneverntenester, dvs. spørsmålet er om dette er barnevern? Dette kan vere krevjande vurderingar som elles i barnevernet, som krev erfaring og høg grad av kompetanse, dette skal eg ikkje gå nærmare inn på her. Det eg har spurd informantane om, er når dei er kome dit at dei har bestemt at ei melding om bekymring skal undersøkjast; om økonomi då er ein del av undersøkinga, om det er ein type standardspørsmål, på same nivå som det verkar å vere standard å ta kontakt med barnehagen, og skulen til barnet for å få informasjon frå dei – i tillegg til foreldra, som ser barnet til dagleg.

Alle informantane stadfestar at svært mange av dei familiene dei har kontakt med har därleg økonomi. Leiarane som eg har intervjua har eg spurd om därleg økonomi er skild ut som tema i statistikken til barnevernet. Det er den *ikkje*. Eg har difor ikkje tal på kor mange av familiene som slit økonomisk, då det ikkje fins slike tal i statistikken.

Vidare svarar alle informantane at økonomi ikkje er ein standard i undersøkinga. Ein av informantane seier at dei svært sjeldan spør om dette i ei undersøking. ”*Det er ikkje noko fokus på det her, når vi går inn i ei undersøking.*” Informanten seier vidare at dersom det er veldig tydeleg at familien er fattig, så vert det eit tema.

Alle informantane seier òg at familiar ofte sjølv tar opp at dei har därleg økonomi, og fleire av dei seier at familiene då gjerne ber om hjelp t.d. til å få dekke barnehage og SFO. Ein informant seier at ho har erfaring med at foreldra tar det opp fordi det er med på å gjere det vanskeleg å vere foreldre. Ein annan informant seier: ...” *eg syns at det i periodar har vore mange søknadar som har omhandla økonomi. For eksempel søker om støtte til barnehage* Ein informant seier at dei ikkje vil opne ei undersøking på bakgrunn av ei melding om därleg økonomi. Då vil familien verte vist til sosialtenesta.

I kapittelet om barneverntenesta sine refleksjonar omkring fattigdom, kjem det fram at barnevernarbeidarane eg hadde kontakt med, har erfaring med at fattigdomen finns der ute hjå dei som barneverntenesta kjem i kontakt med. Dei reflekterer òg omkring at fattigdom inneber ein del relativt alvorlege vanskar for barn og unge. Økonomi er likevel ikkje noko som barnevernet har fokus på når dei går ut og undersøkjer, og dei spør i utgangspunktet ikkje foreldra om deira økonomiske situasjon.

4.2.2 Tiltaka må vere knytt direkte mot barnet

Fleire informantar seier at hjelpebehovet må vera knytt til barnet direkte om dei skal gå inn med tiltak som er relatert til at familien har dårlig økonomi. Døme på slike tiltak som vert nemnd er dekking av barnehage, sfo, kontingen til fritidsaktivitetar, busskort, fritidsutstyr og feriar. Rettleiingstiltak, både ”ferdiglaga” program som t.d. familieråd, og andre meir individuelt tilpassa tiltak, der det vert tilsett ein rettleiar spesielt til den aktuelle familien, er òg nemnd av fleire som eigna tiltak for desse familiene. Når det kjem til rein hushaldningsøkonomi så seier fleire, som nemnd ovanfor, at dei då viser familien til sosialtenesta sine tenester, men at dei gjerne er med foreldra på eit møte med sosialtenesta for å hjelpe foreldra og å tale deira sak. Med andre ord familien må ha andre vanskår enn økonomi for at barnevernet kan gå inn å bistå familien med hjelpetiltak.

I denne samanheng vert det reflektert over det at det er viktig å vere obs. på kven som skal ha barneverntiltak og kven som ikkje skal ha det. Alle med dårlig økonomi skal ikkje ha barneverntiltak, og ein informant vektlegg at ho ynskjer å halde folk ute av barnevernet av omsyn til familien, då det å vere i barnevernet òg kan vere ei belastning for familiar. Barnevernet representerer eit kontrollaspekt og dette er det ikkje alle som treng å verte utsette for.

I intervjuundersøkinga kjem det likevel fram at det ikkje alltid er like lett å forhalde seg til dette prinsippet, og det vert uttrykt eit hjelpeynske fordi dei ser at barna har behov for det at det vert sett inn hjelp. Informasjonsmaterialet mitt viser at dei kan vere relativt både kreative og fleksible når det gjeld å gå inn å hjelpe familiar for å betre barnet sin situasjon.

Ein informant reflekterer slik over det å skulle yte hjelp til familiar med store økonomiske vanskår:

”Reine livsopphaldsutgifter til mat og hus og sånn det går ikkje vi inn i. Som hovudregel. Det er mogeleg eg har gjort det ein gang men...– det er mykje rart ein har gjort men.... Vi gjer eigentleg ikkje det. Men vi kan, vi har jo eit mykje rausare blikk på ungane sine behov enn det sosialtenesta har.... . Og viss det er barn som då avviker på materielle ting og dei blir ikkje stimulert og får nok utvikling eller... kompensert for noko som vi snakka om i stad så er vi – ja om vi er friare eller, så gjer vi oss i allfall friare til å kunne gjere noko for barna. Kunne vere meir fleksibel på ein heilt annan måte enn det eg oppfattar at sosialtenesta er. Og eg trur ikkje eg berre snakkar om min eigen kommune no. No trur eg at eg snakkar om Noregs land.”

Ein annan informant seier det slik:

” Vi har mange eksempler på det at vi har gått inn i familiar med alt frå å betale skyss til aktivitetar, betale utstyret som trengs til aktiviteten, i forhold til avgifter til cupar og anna.... Samstundes som vi òg ville ha vore med dei og fått hjelp frå sosialtenesta. Kor vi då på ein måte ikkje går inn som ein erstatning for sosialtenesta sine oppgåver, men at når det gjeld fritida for barna og alt dei vil trenge der, vil vi gå inn å støtte, òg skyss til og frå aktivitetar. Men vi oppfordrar jo òg foreldre som har litt nettverk å få hjelp der. Men vi har ei rekke av dei sakene. Eg syns at det er tunge, eller ikkje tunge, men massive saker som vert veldig kostbare, for vi må ofte benytte drosje viss ikkje vi klarar å finne andre ordningar.

M: Men det gjer de?

I: Ja det har vi gjort mange gonger. Eg har eit døme på ein familie vi har hjelpt, der vi har rekna saman kva det har kosta. Einsleg mor, fattig. I laupet av eit år var vi opp i 300 000 frå barnevernet. Då syns eg at det gjekk litt langt. Dei budde aude, som dømet ditt, og mor var sjuk, fysisk. Mor kjørte bil sjølv så ho fekk kilometergodtgjersle for å køyre barna. For ho hadde ikkje pengar. Vi har òg ein eller to gongar gått inn og hjelpt folk med å få leigd eller kjøpt ein bil. Men det er lenge sidan, og det overlet vi no heilt til sosialtenesta.”

Ein annan informant problematiserer det som ho kallar eit *fraktpproblem*. Det vil seie at det kan ofte vere nødvendig å hjelpe eit barn av garde på fritidsaktivitetar, når mor eller far ikkje har bil eller av andre grunnar ikkje klarar å vere med barnet på dei aktivitetane som han eller ho gjerne vil vere med på, og som er å sjå som utviklingsfremjande. Det som informanten seier er det vanskelege, er å få tak i ein person som kan vere tilgjengeleg for å køyre barnet til og frå aktiviteten. Taxi er uforholdsmessig dyrt, og informanten seier at det brukar dei berre som ei naudløysing.

Mange informantar peikar på at det er vanskeleg å få tak i gode, stabile og eigna folk til å engasjere som hjelparar i dei familiene der det er eit behov. T.d. i høve til å vere med barn på ein fritidsaktivitet dersom foreldra ikkje er i stand til det, vere sjåfør som ovanfor nemnd osb. Ein av informantane som tok dette opp meinte at dette kunne handle om at det er eit udekka behov i høve til å betale folk anstendig for arbeid som dei gjer for barnverntenesta. Betre betaling ville kunne gi barnevernet både fleire personar å velje mellom, og eit høve til å gjere ei betre matching av barn - hjelpar, samt at folk kunne vere meir stabile og stå i oppdrag over tid, noko som klart ville vere til beste for barna.

Slik eg forstår informantane så strekker dei seg langt for at barn skal få delta på aktivitetar saman med andre barn. Dette er noko som det vert sett fokus på og som dei pratar om som ei

grei yting til fattige familiar. Det vert likevel klart lagt vekt på at det må vere ei barnevernfagleg problemstilling for at barnevernet skal kunne yte hjelp til fattige familiar. Å yte pengar direkte til hushaldsutgifter er ikkje noko som dei utgangspunktet gjer, og det vert formidla at det er viktig å halde oppe at alle skal ikkje inn i barnevernet. Det er med andre ord ikkje noka kjerneoppgåve for barnevernet å bidra i høve til fattigdomsproblematikk. Sosialtenestelova og NAV er rette instans for fattige familiar. Intervjua mine viser likevel at dei tilsette i barnevernet er kreative og prøver å bidra med hjelp så langt det lar seg gjere til beste for barna.

4.2.3 Men tenk kva mor kunne ha gjort med ein slik sum.

Om tiltaka hjelper seier informantane både ja og nei. Dei reflekterer kring at det kjem an på utgangspunktet til familien. Informantane var opptatt av at det er viktig å sjå den enkelte sine ressursar og vanskar, samt å la familien få vere med sjølv å finne mogelege løysingar. Familieråd vert nemnd som eit eigna tiltak i så måte. Ein av informantane skildrar ei sak for å syne korleis dei har nytta familieråd for ei mor som mangla pengar til eit depositum. Dama han fortel om fekk styrka både sin økonomiske og sin sosiale kapital gjennom eit familieråd.

”...Og då sat vi på nettverksmøte, og då sa den eine systeran, kor mykje treng du. Ho trengte 8000. Og då kom møtet fram til at det var jo berre 1000 på kvar, og på under eitt minutt hadde dei skaffa depositum på 8000, og det kunne aldri det offentlege ha fått til. Og eg tenker så praktisk og eit så viktig og stort problem for henne. Det var heilt fantastisk!”

Ein annan informant kjem med ein interessant refleksjon over eit dilemma knytt til spørsmålet om kva saker barnevernet kan gå inn i når det gjeld därleg økonomi.

”...for eksempel viss ein ungdom får ”New Page” som tiltak og dette kostar 30 000, så kan ein jo tenke kva mor hans kunne ha ordna opp i for 30 000 i månaden. Eller sendt dei på ferie, det kunne dei hatt godt av. Eller berre gitt 10 000 til mor det kan godt vere at ho hadde klart masse. I staden for at ho har vaskejobb og er aleine med 3 barn og er sliten konstant.”

Mange av barnevernet sine tiltak er svært dyre, og i eit brukarmedverknadsperspektiv kan det verke urimeleg å avslå ein helgetur til 2000 for ein familie og innvilge eit anna tiltak som kostar 30 000 i månaden, fordi ein lettare kan gje det sistnemnde tiltak ei barnevernfagleg grunngjeving. I så fall vil det vere viktig å vere seg medvitn kva ei barnevernfagleg

grunngjeving inneber, og kva som vil vere til det einskilde barnet sitt beste. Informantane vektlegg at det er viktig å formilde til familiane kva dei som barnevern kan bidra til og kva dei ikkje kan gå inn for.

Det er på det reine at mange av barnevernet sine tiltak ikkje hjelper så godt. Kristofersen m.fl. m.fl. (2006) har på oppdrag frå Barne og likestillingsdepartementet laga ein kunnskapsstatus av korleis hjelpetiltak i Norden vert bruk. Det som kjem fram som eit paradoks i denne undersøkinga er at i Noreg har ein forska minst på dei tiltaka som ein nyttar mest, og forska mest på dei tiltaka som ein brukar sjeldnast. Dei førstnemnde er standardtiltak som besøksheim, støttekontakt, økonomisk stønad osv. Dei tiltaka som ein nyttar sjeldnast og som det er gjort omfattande forsking kring, er manualbaserte tiltak som MST, PMTO, Webster Stratton, og ART som er nytta som tiltak mot åtferdsvanskar.

Oppsummeringsvis kan eg seie at barnevernet sine tiltak mot fattige familiarer stort sett handlar om å kompensere, å sette inn tiltak som rettar seg direkte mot barnet. Og då betyr direkte, nærmest at det skal vere ein aktivitet i *barnet sitt namn*. Døme på slike tiltak er barnehage, SFO, kontingen i ulike fritidsorganisasjonar osb. Slike tiltak vil sjeldan kunne medverke til varig endring av familien sin situasjon når det gjeld økonomi, meistring og sosial status.

Trass i prinsippet om at tiltaka skal vere knytta til barnet, fortel informantane om kreativitet i høve til å hjelpe der dei ser at det er nødvendig og eit gode for barnet. Når dei fortel at dei har gjort litt utradisjonelle ting, opplever eg at dei på eit vis formidlar at dei sjølv føler at dei ikkje har gjort det heilt etter oppskrifta, t.d. å kjøpe bil til mor eller betale ei rekning for henne. Slike tiltak som er med på å lette foreldra sine byrder tenkjer eg ligg *mellom* kompenserande og endrande tiltak. Det lettar situasjonen der og då, men bakgrunnen for og graden av vanskane vil bety noko for korleis slike tiltak verkar etter den dagen rekninga er betalt.

Ein informant seier noko om det kompliserte som ligg i det å skulle yte hjelp som virkar til fattige familiarer: ”*Det er jo eit dilemma for vi kan ikkje hjelpe foreldra med det dei slit med, vi er ikkje i posisjon til det, vi kan ikkje gje dei ein god bustad, vi kan ikkje gje pengar, vi kan ikkje, vi får ikkje forkjørssifar framfor alle andre delar av systemet.*”

Dette får bli ein overgang til det neste som handlar om barnevernet sitt samarbeid med andre deler av hjelpeapparatet.

4.3 Samarbeid med andre instansar.

Eg skal her presentere informantane si erfaring frå samarbeid med andre instansar i høve fattige familiar. Eg viser først kort til føringar frå sentralt hald som omhandlar arbeid og samarbeid i høve å hjelpe fattige familiar.

Som eg var inne på i kapittel 2 har Barne- og likestillingsdepartementet ein styrka innsats mot fattigdom blant barn, unge og familiar knytta til barnevernet. Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom Sosial- og helsedirektoratet og Barne, ungdoms- og familiendirektoratet. Målet er å setje i gang gode lokale tiltak som kan danne utgangspunkt for barnevernet sitt arbeid med å kartleggje og samordne tenester retta mot barn og familiar som lever i fattigdom (Kompetanseplan for sosialtjenesten og barneverntjenesten 2006-2009 – Sosial og helsedirektoratet). Det er òg gjeve opning for at kommunar som ynskjer å la barneverntenesta gå inn i NAV har høve til det (Bunkholdt m.fl. 2008). Generelt sett har NAV, i fylge ovanfornemnde plan, fått eit mandat for å kjempe mot barnefattigdom.

Der er med andre ord ein del føringar frå direktorata som styrer med barnevern og sosialhjelp, at ein skal samarbeide om å kjempe mot fattigdom.

Ein av informantane peikar på det forhold, som ein som tilsett i barnevernet, lett kan forstå, fordi ein har kjent på det sjølv. Det handlar om at det kan vere vanskeleg å forhalde seg og ha oversikt over sin eigen kommune, då det stadig vert gjort organisatoriske endringar. Eg tar dette inn her som ein illustrasjon på kor vanskeleg det kan vere for ein tilsett, og då kan ein jo tenke seg kor uoversiktleg det kan vere for brukarar i krise.

"Generelt så vil eg jo seie at det er så mykje systemendringar, at når du spør om det no, at eg tenker korleis fungerer det no? Fordi at du blir trøytta ut på å finne ut korleis er veien inn no. ..det er nesten så ein druknar i kvarldagen av nye ting... Altså alt samarbeid, innenfor psykiatri, rusomsorg, kommunale tiltak, igjen eg vil sei det at det er så mange organisatoriske prosjekt som er der ei stund og så er dei ikkje der lenger. Det er ein jungel å orientere seg i korleis det er akkurat i dag. Så det er ei utfordring i seg sjølv. Eg kjenner ikkje til min egen kommune, kva det er dei eigentlig har å tilby, og eg er ikkje heilt sikker på korleis eg skal finne det ut heller."

Som brukar i ein sårbar situasjon har ein behov for at dei ein treff i hjelpeapparatet kan rettleie ein vidare til eventuelt andre og rette instansar. Organisering innan ein kommune, eller annan

organisasjon, er ofte prega av endringar. Det synes å vere viktig at dei som arbeider næraast brukarane er orientert om kva som føregår.

4.3.1 Når det er så ullent, så blir det krig.

Alle informantane seier at det er sosialtenesta dei samarbeider med når det gjeld desse familiane. Ein informant nemner bustadkontoret i kommunen som samarbeidspart. Nokon av informantane nemner andre instansar, som barnehage og skule i samband med at dei er meldarar og på andre måtar er i eit samarbeid kring barna. Ingen av informantane nemner NAV som samarbeidspart i høve til å få foreldra i arbeid og dermed ut av fattigdomen.

Ingen av informantane eller barneverntenestene dei er ein del av, har eit formalisert samarbeid med sosialtenesta, men at dei opprettar samarbeid frå sak til sak, og at det oftast er dei som tar kontakt, men at det òg kan vere sosialtenesta som tar kontakt.

Alle informantane gjev uttrykk for at det er problematisk å samarbeide med sosialtenesta i desse sakene. Vanskane handlar om at satsane er for lave, men òg om at sosialtenesta ikkje er fleksible i høve til å kunne yte meir til barnefamiliar enn det dei er pliktige til, og knapt nok det. Dei opplever òg at sosialtenesta gjerne vil at barnevernet skal ta utgiftene som er retta direkte mot barnet. Ein informant reflekterer slik over det å yte hjelp til fattige familiar i samarbeid med sosialtenesta.

” Eg tenker at økonomi er ein viktig faktor i totalomsorgen for eit barn. Og derfor er det eit tema også for oss. Det som kan gjere det litt kinkig nokre gonger er at det er andre som òg har ansvar for økonomien til familiar, og så ender vi opp med eit skyv mellom etatar om kven som skal betale dette. Vi ender opp med at folk kanskje må forholde seg til to instansar i staden for ein. Vi ender opp med kanskje litt forskjellige ideologiar eller regelverk. No tenker eg i forhold til sosialtenesta som er den andre store instansen som har dette som sitt tema og kompetanseområde. Vi ser jo alt frå godt samarbeid til enkelte grelle eksempel der dei får nokre dåpelige og kanskje lovstridige avslag hos sosialtenestene som er så jævla gniten. Og så kjem dei her til oss, og så skal vi ordne opp i noko som skulle ha vore sosialtenesta sitt problem.... Men no snakkar eg om forvaltninga. Forvaltninga strevar med dette temaet.

M: Kva tenkjer du på når du seier at det finns forskjellige ideologiar?

I: §5-1 i sosialtenestelova om nødvendig livsopphald, blir forstått som eit minstemål. I den minstemålsvurderinga så tar man ofte veldig avgrensa omsyn. Det går på husleige, mat og straum og sånt, og så desse tinga som eg snakka om i stad, om at det

er viktig at vi kjøper ein sykkel til barnet. Det er det ikkje heilt plass til. Ein kjem inn i ein mal som med vilje er laga trong nok, han er vid nok til at du ikkje dauer, men han er trang nok til at du heller ikkje lever.”

Ein informant seier han skulle ynskje at han sjølv kunne handsama saker etter sosialtenestelova i tillegg til barnevernsaker. Det ville vere enklare fordi han kjenner familiene godt, og ser betre enn sosialtenesta, som har ei meir perifer rolle, kva som er behova deira. Han opplyser at han i nokre saker har rolle som hjelpar for familiar i kontakten deira med sosialtenesta. Dei fleste informantane seier at dei tar kontakt med sosialtenesta for familiar, og er med dei på møter med sosialtenesta.

Ein informant er likevel tydeleg på at han er glad for at sosialtenesta og barneverntenesta er skild. Han gjev òg uttrykk for at han tykkjer at sosialtenesta fråskriv seg ansvar som dei har, og viser til rutiner som dei har ved kontoret, som ikkje er knytt til begrensingar i lovverk. Som han seier det;

”Eg syns det er positivt at det er to instansar, eg er jo glad for at det er det. Så eg slepp å rekne på kor mykje mat folk skal ha. Men eg blir av og til litt oppgitt på sånne praktiseringar og eigne rutiner som plutselig er opphøgd til lovverk. Vi gir ikkje- for eksempel- hjelp til barnepass med mindre det er barn som er funksjonshemma eller har ei diagnose. Som eit eksempel på eit avslag. Og då tenker eg; kor tar dei det frå, det der har dei funne på! ”

Vidare seier same informant at dei ofte vurderer å hjelpe foreldre med ein klage, men at *det tar for lang tid å vente på avslaget* som han seier, og at barneverntenesta oftast endar med å ta utgifta sjølv. Han er likevel klar på at sosialtenesta nok òg ofte er irritert på barneverntenesta mange gonger fordi dei sender saker over til dei som omhandlar familiar med barn, og det meiner nok sosialtenesta at barnevernet skulle ha tatt seg av.

”Ja at dei føler at vi hiv alt over til dei, saker som har med barn å gjere, det er jo vårt felt. Så får du sånne stereotypiar, kvifor skal vi ha det med ungane, det er jo barnevernet sitt. Grunnen er jo det, det er jo klart, at når lovverket er så upresist, når lovverket lagar gråsoner, så blir det slik. Det er omrent som betalingsrundskrivet mellom stat og kommune. Når det er så ullent som det er, så blir det krig.”

Sosialtenesta er den hjelpetenesta som informantane mine har mest erfaring med å samarbeide med i høve fattige familiar. Dei har ingen formaliserte samarbeidsavtaler med nokon hjelpetenester når det gjeld fattige familiar. Undersøkinga mi viser tydeleg at informantane mine opplever samarbeid med sosialtenesta som problematisk og tungrodd og ikkje til brukarane sitt beste.

Slik eg vidare tolkar materialet, så ser informantane barneverntenestelova, som den skjønnslova den er, som medverkande til å gjere det utydeleg for barnevernet kva dei har høve til å gå inn i som hjelpeteneste for familiar med barn. Dei formidlar at dei er usikre på kva som er deira ansvar i høve til å skulle yte hjelp til fattige familiar. At lovverket opnar utan å avgrense, gjer det på eit vis både betre og verre. Materialet mitt syner at barnevernet iverkset tiltak, både tradisjonelle og utradisjonelle for å bøte på fattigdom, i dette ligg det at det lett kan utvikle seg lokale praksisar i og med at lovverket ikkje er meir tydeleggjерande i høve fattigdomsproblem.

4.4 Kva har eg funne – ei oppsummering

Kjenneteikn ved familiar som har kontakt med barnevernet er i fylgje undersøkinga mi eineforeldre, foreldre med rus og/eller psykiske vanskår, därleg økonomi, svak eller ustabil tilknyting til arbeidsmarknaden. Fleire barnekull og lav utdanning er andre kjenneteikn ved mange familiar. Å vere evnesvak, eller stri med vanskår etter eigen oppvekst er òg noko som informantane nemner som vanleg i dei familiane som barnevernet har kontakt med. Vidare vert vald nemnd som eit særskild tema som gjeld i mange barnevernsaker. Litteraturen understøtter i stor grad desse funna, at barnevernet sine familiar har ei opphoping av vanskår. Det barnevernarbeidarane uttrykte var dei vanskelegaste sakene var dei sakene som innebar å måtte arbeide i stor konflikt med foreldra, dei sakene som involverer rus og psykiatri, samt dei utydelege sakene i høve til om barnevernet skulle gå inn i saka eller ikkje. Dette kunne dreie seg om alvorlege foreldrekonflikter, men òg i høve til økonomisk bistand.

Barnevernarbeidarane si oppfatning av kva fattigdom handlar om i sakene deira, er at mange av foreldra har vanskår i høve til rus og psykiatri og at dette er medverkande til at det er vankeleg å over tid stå i eit arbeidsforhold, og at fattigdom er ein del av dette biletet. Alle informantane hadde ei oppfatning av at ein stor del av familiane i barnevernet er fattige. Det er likevel ikkje slik at dette er eit tema som det vert sett fokus på i barnevernkvarden, verken konkret i undersøkingsarbeidet eller som eksplisitt tema i høve til at det kan vere ein belastningsfaktor i barns oppvekst. Vidare handlar fattigdom, slik informantane ser det, om därlege butilhøve og det er når fattigdomen er langvarig at den er skadeleg for barn. Det barneverninformantane mine formidla at dei såg tydelegast som konsekvens for barna var det

med å vere utestengd, marginalisert, eigna mobbeobjekt og ikkje kunne delta på det som andre barn kan delta på. Det var likevel informantane sitt inntrykk at foreldre gjer det dei kan for å gi barna sine det dei kan, og at dette kan gi seg utslag i ein slags overkompensering der dei kjøper ting til barna som gjer at dei får enno dårlegare økonomi. Dette samsvarar med litteraturen som seier noko om at òg fattige foreldre prioriterer barna sine og prøver å skjerme dei mest mogeleg frå konsekvensane av fattigdomen.

I litteraturen finn eg at undersøkingar som er gjort syner at økonomisk bistand frå barneverntenesta for fattige familiar for det meste er retta direkte mot barnet og kan handle om t.d. støtte til fritidsaktivitetar, og ikkje til direkte livsopphald. Det må vere ei *barnevernfagleg problemstilling*. Dårleg økonomi aleine er ikkje nok til å utløyse hjelp frå barnevernet, og det vert uttrykt som viktig å vere selektiv i høve til kven som kjem inn i barnevernet. Barnevernarbeidarane meiner likevel at dei har høve til å vere kreative og til å setje inn dei tiltaka som dei meiner er nødvendig for at eit barn skal ha så god utvikling som mogeleg, men at det kan vere vanskeleg å få tak i folk dersom det handlar om støttetiltak som krev engasjement av ein person t.d. til bistand av å frakte eit barn på ein aktivitet. Informantane opplever òg at det ligg ein del begrensningar i systemet når det kjem til hjelp til fattige familiar, og at dette for det meste handlar om økonomi, samarbeid med andre instansar, kapasitet og utsydelegheiten i barnevernlova kva gjeld type saker som barnevernet skal involvere seg i.

Når det gjeld samarbeid med andre instansar så er der føringar frå direktoralt hald at barnevern og sosialteneste skal samarbeide om å bekjempe fattigdom. Informantane formidlar at barneverntenesta som dei er ein del av ikkje har noka formalisert samarbeid i høve til andre instansar når det gjeld å samarbeide omkring familiar med fattigdomsproblematikk, men at det er sosialtenesta dei samarbeider mest med. Ingen hadde samarbeid med NAV. Det er ei gjennomgåande erfaring i informasjonsmaterialet mitt at samarbeidet med sosialtenesta er problematisk fordi sosialtenesta vert oppfatta å vere for lite fleksibel og tar for lite ansvar i høve til barna sine behov.

Når det gjeld brukarmedverknad i arbeidet med fattige familiar så viser materialet mitt at barnevernet har brukarmedverknad i arbeidet sitt. Familieråd vert nemnd som eit brukarmedverknadsfremjande og godt tiltak og beslutningsverkty i barnevernet, òg for fattige familiar.

5 Fattigdom – utematisert og eit dilemma for barnevernet?

Som bakteppe for den vidare drøftinga vil eg byrje her med å formidle det eg etter gjennomgangen og analysen av dataa, ser av kompetanse og kunnskapsnivå om fattigdomsproblematikk hjå informantane mine. Dei viser gjennom refleksjonen i intervjuet alle at dei har fagleg kunnskap om problematikken. Fleire verkar òg å vere oppdaterte på forsking og litteratur på tema. Dei har gjennomgåande veldig lik forståelse for problematikken, at konsekvensar for barna handlar om marginalisering, eksklusjon og uteslenging, å ikkje få delta saman med andre barn. At det kan vere ein så stor belastning for foreldra at det kan medføre ein alvorleg slitenheit som gjer at dei ikkje klare å ivareta barna på ein tilfredsstillande god måte. Vidare vert det veklagt at fattigdom ofte viser seg i kombinasjon med andre belastningar som rusmisbruk og psykiske vanskar.

Det er tydeleg at fattigdom er noko som barnevernet møter i arbeidet sitt. Som vist i kapittel 4 så er det likevel ikkje gjort til eit tema som det er sett særskild fokus på, og det er mykje som tyder på at barnevernet metodisk sett ikkje er heilt tilpassa at dei har blitt eit slags velferdsbarnevern, som er til for familiarar der ein stor del slit med dårlege levekår i tillegg til andre vanskar. Når det kjem til undersøkings- eller tiltaksarbeidet handterer barnevernet dette etter gamal oppskrift, som handlar om å avdekke, førebygge og behandle omsorgssvikt, overgrep og åtferdsvanskar. Barnevernet er ein del av samfunnet sitt totale hjelpeapparat, men i høve barnefattigdom kan det verke som om barnevernet vert ståande aleine om å skulle avhjelpe. Eg vil prøve å forstå desse problemstillingane i det vidare, og har sett fokus på ulike tema knytta til dette. Eg byrjar med å sjå på korleis barnevernet handterer fattigdom i arbeidet sitt, før eg går over på barnevernet sitt faggrunnlag og samarbeid med andre hjelpetenester. Til sist prøver eg å føre ein oppsummerande diskusjon om fattigdom som eit dilemma for barnevernet.

5.1 Fattigdom - ein del av eit komplekst belastningsbilete.

Slik eg forstår informantane så ser dei fattigdomen som ein del av eit samansett og komplekst saksforhold. Det er tett vevd saman med andre belastningar som rus, psykiatri, vald, eineforsytfamiliar, manglande eller ustabil tilknyting til arbeidsmarknaden, svak kognitiv

fungering o.a. Dei store vanskane verkar gjensidig forsterkande på kvarandre, og foreldra er i ein situasjon der dei ikkje klarar å endre verken sin eigen eller barna sin situasjon. Dei sit fast i ein livssituasjon prega av uoverkommelege problem, som igjen vert nedtynga av at dei ikkje klarar å gi barna det dei treng, verken av materiell, sosial eller emosjonell støtte, fordi dei er så slitne. Ein del av dette biletet er mangelen på sosial tillit, den allmenne tilliten ein har til sine medmenneske og omgjevnader. På individnivå medverkar sosial tillit til å vere nøgd med situasjonen sin, og til god helse. Altså det motsette av det ein ser hjå mange fattige familiarar som strevar både med fysisk og psykisk helse og livet generelt. Ein studie gjort av Slagvold med fleire frå 2006 referert hjå Malmberg-Heimoen (2008) syner at mottakarar av sosialhjelp hadde liten sosial tillit samanlikna med nordmenn generelt. Dette samanfell med studien til Fauske m.fl. (2009) der talet på personar med lav sosial tillit er meir enn tre gongar høgare enn hjå resten av befolkninga. Mykje tyder på at sosial tillit òg er noko som vert overført i generasjonar, og at dette er eit viktig parameter på ein familie si fungering.

Familiane som barnevernet treff er vidare familiarar som har lite støtte frå eit svakt eller knapt nettverk, og som har store vanskar med å kome seg ut av den situasjonen som dei er i på eiga hand. Slike livssituasjonar medfører kjensle av avmakt og ikkje å strekke til verken som foreldre eller i samfunnet generelt. Som eg har vist tidlegare så fann Underlid (2005) liknande vanskar i si undersøking av langtidsmottakarar av sosialhjelp. Undersøkinga hans gjev eit bilete av menneske som opplever fattigdom ikkje berre økonomisk, men òg i høve utryggleik, svekka autonomi, sosial devaluering og trua sjølvbilete og sjølvrespekt. Fleire av desse familiene som Underlid har intervjuat har òg barn, og desse familiene kunne gjerne vere familiarar som barnevernarbeidarane som eg har intervjuat har kontakt med. Dette er familiarar med store vanskar og som ein kan tenkje seg vil streve med å ha energi nok til å vere gode foreldre.

Med eit slikt komplekst probembilete kan ein neppe tydeleg seie at barn i fattige familiarar syner ein spesiell type vanske som eit direkte resultat av at familien er fattig. Det som informantane likevel legg vekt på, og som dei drar fram som eit særskild problem for barn som lever i fattige familiarar, er at barna skil seg ut, er utestengd, marginalisert, eigna mobbeobjekt og ikkje får vere med på det som andre barn er med på. Anna forsking på feltet tyder på at dette er belastningar som kan førast tilbake til denne problematikken spesielt. Likevel er det slik at liknande vanskar vil kunne oppstå i andre familiarar, utan at dei eksplisitt vert omtala som fattige. Ein veit til dømes at barn som opplever vald, eller som lever med

rusmisbrukande eller psykisk sjuke foreldre, vil kunne ta skade og oppleve same type marginalisering og utestenging i jamaldergruppa som fattige barn kan. Motsett vil ein, fordi belastningsbileta ofte er svært komplekse, kunne rekne med at fattige barn òg har vanskar som ein kan sjå hjå barn som er utsett for omsorgssvikt av ulik karakter.

Dette samanfell på mange måtar med litteratur som eg viste i teorikapittelet, der både Helgeland (2008) og Fauske m.fl.(2009) finn at familiar som mottar hjelp frå barnevernet kjem frå marginaliserte grupper, og dei har ofte ein livssituasjon prega av samansette og store psykososiale belastningar. Fauske m.fl. syner at barnevernet i stor grad har blitt ein hjelpeinstans for familiar med sosiale vanskar, og ikkje berre er til for dei familiene der barnet er utsatt for akutt eller langvarig og alvorlig omsorgssvikt. Det vert distingvert mellom omsorgsbarnevern og velferdsbarnevern og det viser seg sentralt at det har vore ein auke i velferdsbarnevernet, jfr. den jamne veksten i hjelpetiltak som har vore dei siste åra.

Fattige familiar med barn, og familiar som har kontakt med barnevernet liknar nok på kvarandre til ei viss grad, men er ikkje nødvendigvis dei same familiene. Det kjem i så fall an på kven som vert teken inn og får tiltak frå barnevernet. Det kan verke som om barnevernet sine familiar er tyngre belasta enn andre familiar, som har like dårleg råd økonomisk. Hos barnevernet er dårleg økonomi ein del av belastningsbiletet, og det er ikkje så lett, slik eg forstår informantane, å skilje fattigdom ut som ein eksplisitt vanske i ein familie.

Kort sagt her, er det på det reine, både ut i frå intervjuundersøkinga mi og litteraturen, at fattigdom ikkje ”berre” er eit isolert levekårsproblem for ein familie, men det kan vere ein stor risikosituasjon for barn si utvikling. Det kan vere ein belastning i seg sjølv, og ein belastning som kan forsterke andre belastningar for barn.

Eg skal i det neste sjå på korleis barnevernet forheld seg til denne komplekse problematikken i arbeidet sitt.

5.2 Barnevernet si handtering av fattigdom i undersøkinga og i tiltaksarbeidet sitt.

Informantane mine frå barnevernet seier at dei ser fattigdomen godt i arbeidet sitt med barn og familiar, og dei seier jamvel at den fins i annakvar sak. Å hjelpe fattige barn i barnevernet

medfører mange problemstillingar av etisk, normativ, fagleg, organisatorisk og ressursmessig slag. Eg skal her sjå på nokre av dei.

5.2.1 Kjernebarnevern og velferdsbarnevern

Økonomi er ikkje eit tema frå barnevernet si side i sjølve undersøkinga. I følgje informantane vert fattigdom gjort til eit tema i undersøkinga når foreldra sjølv bringer det inn i møte med barneverntenesta. Det kan òg kome fram ved at foreldre sjølv søker om stønad til å dekke utgifter til barnehage eller SFO.

Fleire av informantane frå "landkontoret" spesielt, formidlar at dei opplever ein auke i slike søknader. Desse søknadene kjem gjerne direkte frå foreldre som søker på eige initiativ, eller dei var oppmoda og gjorde det i samarbeid med andre instansar som barnehage, helsestasjon, sosialteneste osb. Det kan vere mange grunnar til ein slik auke, men den generelle auken i hjelpetiltak i barnevernet vil nok vere ein del av dette. Ein annan grunn kan vere det som leiaren på dette kontoret fortalte om, at dei hadde hatt eit særleg fokus på å få eit betre samarbeid med barnehagane. Dei opplevde å ha lukkast i dette initiativet og i tillegg til eit betra samarbeid, hadde dei òg fått ein auke i meldingar frå barnehagane. Med tanke på ovanfornemnde samanheng, kan dette samarbeidet òg ha medført ein auke i søknader om dekning av barnehageutgifter/kontingent frå foreldre. Dette som ein naturleg konsekvens av at barnehagepersonalet ved å kjenne barnevernet frå eit positivt samarbeid, ville kunne tilrå familiar som dei vart gjort kjend med hadde det vanskeleg økonomisk, om å söke barnevernet om bistand.

At fleire og fleire meldingar kjem frå foreldre sjølv, som uttrykkjer at dei har behov for hjelp, er ei generell endring som har kome gradvis etter at barneverntenestelova vart iverksett i 1992, då terskelen for å yte hjelp etter Lov om barneverntester skulle senkast monaleg. Dette har som tidlegare nemnd medført ein gradvis auke i hjelpetiltak.

Det kan likevel verke som om svært dårleg økonomi, som er ein kjend belasting for barn og familiar, ikkje har blitt ein del av det som barnevernet på eige initiativ prioriterer å undersøke om er ei belastning i familien. Ei forklaring på dette kan vere at barnevernet heng igjen i ein tradisjon som inneber å ta seg av det som ein gjerne kallar kjernebarnevern, og at dårleg økonomi ikkje er ein del av dette. I eit kjernebarnevernperspektiv kjem melding om

bekymring gjerne frå ein offentleg instans som skule, eller frå ein privatperson.

Kjernebarnevern handlar tradisjonelt sett om barn som er utsette for omsorgssvikt, overgrep og barnemishandling. I ei undersøkingsfase har barnevernet fokus på å avdekke dette ved å få informasjon om korleis foreldra forheld seg til barna, barna si fungering, og ved å sjå på relasjoner og samspel i familien. Undersøkinga mi viser at det vanlegvis ikkje er før foreldra tar det opp sjølv, at barnevernet går inn i eit arbeid der det vert sett fokus på familien sin vanskelege økonomiske situasjon.

Ein måte å fortolke dette på er at barnevernet i undersøkelsesarbeidet sitt, ikkje heilt har tatt inn over seg si eiga utvikling. Ei utvikling som inneber det faktum at dei kvar dag arbeider med andre oppgåver enn å hindre at barn vert utsette for omsorgssvikt og overgrep. Oppgåver som er meir retta mot barnet si deltaking og velferd. Fauske m.fl. (2009) omtalar dette som eit velferdsbarnevern. Eit barnevern som vil krevje noko endra fokus, rutinar og metodar.

5.2.2 Men – det må vere ei barnevernfagleg problemstilling

Sett i lys av at økonomisk stønad er eitt av dei mest brukte hjelpetiltaka i barnevernet, samt kunnskapen om at fattigdom over tid kan medverke til store belastningar for barn, er informantane mine likevel klare på at for lite pengar i ein familie, i utgangspunktet ikkje er barnevernet si oppgåve å ta seg av. Denne oppgåva er tillagt sosialtenesta, og i dei sakene familiene ikkje har andre vanskar enn pengevanskars, vert familien overført til sosialtenesta.

Dersom barnevernet skal gå inn i slike saker må det vere ein *barnevernfagleg* problematikk og -grunngjeving, for at tiltak skal kunna vurderast og iverksetjast. Ei barnevernfagleg grunngjeving vil slik kunne innehalde at barnet ikkje får dekka sine behov i høve til alder og utviklingsnivå, og at foreldra forheld seg til problemet på ein slik måte at barnet vert lidande under fattigdomen. Ein kan seie at det skal, som kva gjeld all barnevernproblematikk, vurderast korleis kvart enkelt barn har det i sin omsorgssituasjon. Tiltaket skal vere retta mot barnet sine behov direkte. Det er derfor mykje som tyder på at dei fattige familiene som får hjelp frå barnevernet har vanskar ut over det å ha dårlig økonomi. Intervjuundersøkinga mi syner at økonomisk stønad sjeldan vert sett inn som einaste tiltak. Oftast vert dette gjeven saman med andre tiltak, for å avhjelpe vanskar ut over økonomiske problem. Bogen m.fl. (2007) sine funn som vist i teorikapittelet samanfell med dette.

Barn har ikkje ansvar for familieøkonomi, så tiltaka må dermed vere grunngjeve i kva *barnet særskild* har behov for. Skal ein setje dette litt på spissen vil ein kunne tolke det til at tiltak som har som mål at familien får betre økonomi, og dermed sjølvsagt kjem barnet til gode, fell i utgangspunktet ikkje inn under barnevernet sine ytingar for fattige familiar, med mindre det handlar om barnet sine særskilde behov.

Ein av informantane mine fortalte om ei mor som var brukar ved barneverntenesta der han jobba, som hadde blitt skild og elles fått ein sterk reduksjon i familieinntekta, men som absolutt ikkje ynskte å flytte frå den bydelen der dei hadde budd, og der barna gjekk på skulen og hadde venene sine. Dette var det dyraste området i byen og det var umogeleg for henne å finne ein stad å bu som ho hadde råd til i dette området. Eg kjenner ikkje til denne mora si inntekt, men det er grunn for å tru at ho relativt sett var fattig i den bydelen ho gjerne ville bu i.

Barnevernet vil slik måtte gjere normative vurderingar i høve kva standard som er tilstrekkeleg for ein familie å ha, og korleis familien sitt liv skal verte. I kva nabolag er det ”passande” at denne familien bur, kan dei fortsette å bu på byens beste kant, eller er det ikkje der denne type familiar skal bu. Er dei vist til därlegare bustandard og bumiljø. Kva som vil vere til barnet sitt beste, og kva skal vere barnevernet si rolle her? I dette tilfelle var barnevernet involvert og ynskte å hjelpe familien, men sakshandsamaren hadde problem med å få gjennomslag for å støtte familien slik at dei kunne fortsette å bu der det var vurdert at det var viktig for barna å oppretthalde kontakt med lokalmiljø og skule. Sosialtenesta hadde avslått søknaden. Dette er vanskelege vurderingar som lett kan verte utsett for personlege meiningar i eit sosialt felt der barnevernet er dei som sit med definisjonsmakta.

Undersøkingar viser i den samanheng at middelklasseforeldre og arbeiderklasseforeldre har ulike standardar for korleis barn skal oppsedast, og barnevernarbeidarar og barnevernforeldre tilhører gjerne ulike grupper i så måte. Medan arbeiderklasseforeldre har ei naturleg utvikling innan trygge ramer som ideal, vil middelklasseforeldra vere opptatt av å legge til rette for det som vert nemnd som ”intensiv foredling”. I dette ligg det å iverksetje tiltak for å gi barnet dei beste mogelegheiter for ei *optimal* utvikling. (Stefansen og Farstad 2008) Det er fallgruber til begge sider om ein ikkje tar inn det relative og sosiokulturelle perspektivet som denne kunnskapen er eit bidrag til.

Fløtten (2009) viser til at både norske og internasjonale studier syner at det å måle relativ fattigdom basert på inntekt ikkje alltid gir oss informasjon i høve *levekår*. Mange med inntekt under den relative fattigdomsgrensa har levekår på linje med andre i samfunnet, medan mange med inntekt over fattigdomsgrensa manglar viktige levekårsgoder. Denne kunnskapen har medført at det har blitt argumentert for å definere fattigdom som fråvere av bestemte levekårsgoder. Ei levekårsorientert tilnærming til måling av fattigdom er likevel heller ikkje problemfrei. Kven skal bestemme kva for levekårsgoder ein må ha for ikkje å vere fattig og kva må ein mangle for å verte rekna som fattig? Fløtten peikar på det problematiske som kan ligge i at politikarar eller forskarar skal bestemme dette, då det kan verte uttrykk for normative vurderingar og smak, samt av politisk, etisk og fagleg syn på kva som er akseptabel standard kva gjeld levekår. Eg oppfattar at Fløtten her peikar på det som Bourdieu omtalar som sosiale felt, at det er ei gruppe samfunnsmedlemmer som set standard for korleis ein skal leve i samfunnet for å ha det bra.

Statistikk syner at barnevernet grunngjев tiltaka som dei iverkset, med foreldra sin omsorgskompetanse og då mangel på dette, og / eller barnet sine åtferdsvanskar (Helgeland (2008). Fattigdom er slik ikkje ei direkte grunngjeving for å iverksetje tiltak i barnevernet. Fattigdomen vert såleis ein indirekte årsaksfaktor og ikkje tydeleggjort i barnevernet sine vurderingar. I fylgje informantane vert fattigdom og därleg økonomi heller ikkje *telt* som årsak til iverksett tiltak. Slik eg oppfattar det fins det dermed ingen tal på dette i barnevernstateistikken. Det fins statistikk på at økonomisk bistand vert ytt, men ikkje på fattigdom som problematikk i ein familie. Ein kan seie at fattigdomen absolutt fins, men den er ikkje den *offisielle*- eller for den del *-legitime*, grunnen for at tiltak vert sett i verk. Barnevernarbeidarane var tydelege på at tiltak direkte retta mot barnet, og då ofte fritidsaktivitetar, var tiltak som det var ein generell aksept i organisasjonen for å yte. Barnevernarbeidarane uttrykte at dei såg det som viktig at barn får vere med på det som andre barn er med på, og eg oppfatta at dei hadde ein tydeleg fagleg ståstad i høve barn si deltaking. Som ein av informantane sa det; *Det skal ikkje stå på det - at dei ikkje får vere med.*

Denne tydelegheita kan vitne om ein tradisjon og kultur for å yte tilskot til fritidsaktivitetar. At fritid i eit barnevernperspektiv tradisjonelt sett vert sett som ein viktig arena for barn si utvikling. Ei ekspertgruppe leia av Fauske (2008) nedsett av Barne og likestillingsdepartementet legg vekt på at synet på fritid har endra seg frå bekymring for lediggang, via førebyggjande verksemnd for utsette grupper, til i dag å sjå fritida som arena for

kvalifisering og utvikling av viktig kompetanse. Denne siste måten å sjå fritid på verkar å vere integrert i barnevernet sitt fagsyn. Tiltaka som vert sett i verk for fattige barn er likevel basert på normative vurderingar der saksbehandlaren sine eigne uutalte normer for korleis eit barn skal ha det er lagt til grunn. Klientane i barnevernet vert slik utsett for meir og mindre private haldningars for kva hjelp dei kan få tildelt. Åse Vagli som har gjort ein doktorgrad der ho stiller spørsmål ved barnevernet sitt verdigrunnlag, uttalar i eit intervju: "*Barnevernets oppdrag i seg selv er normativt og kulturelt betinget, og det må det også være. Men de faktiske normative premissene er ikke i tilstrekkelig grad synliggjort.*" (Vagli referert i Fontene 05/10 s. 12) Det problematiske ligg i dei usynlege normative grunngjevingane, der barnevernarbeidar og barnevernklient tilhøyrer ulike kultur- og klasseverdier, men der vurderingane er basert på barnevernarbeidaren sine middelklasseverdiar utan at dette er uttala.

5.2.3 Berre fantasien set grenser

Det er ikkje sett opp grenser i lovverket for kva tiltak barnevernet kan iverksetje som hjelp for barn og familiene deira. Dei tiltaka som er lista opp i § 4-4 er ikkje meint å vere uttømmande, men som døme på kva hjelp som kan vere aktuell å setje inn.

Trass i økonomiske grenser i organisasjonen uttala informantane at dei hadde stor grad av fridom til kreativitet, og til å iverksetje dei tiltaka som dei vurderte ville kunne bidra til ein betra livssituasjon for barnet og familien. Vidare var det begrensingar i form av å mangle folk til å gjere arbeidet for seg, som var noko av det som vart formidla som vanskeleg.

At det i prinsippet berre er fantasien som set grenser for kva som kan setjast inn av tiltak, vert formidla som positivt i høve til å kunne vere kreativ, men det vert òg problematisert, om ikkje som ei begrensing, men som ei kjelde til usikkerheit i høve til kven som skal gjere kva i eit differensiert hjelpeapparat som kan synast å ha ein del utfordringar i høve til å sameinast om å yte hjelp på best mogeleg vis for familiar som slit.

I tillegg til at fritidsaktivitetar i form av kontingen og utstyr, som var noko som var verka å vere vanleg å gje støtte til, fortalde fleire av informantane om utradisjonelle ytingar, som t.d. køyregodtgjersle til ei mor som måtte køyre barna til ulike aktivitetar og ikkje hadde pengar, innkjøp av bil, innkjøp av sykkel, månadskort på Badeland, m.m. Det verkar å ikkje vere tilstrekkeleg å hjelpe dei fattige familiene som vi snakka om i intervjuundersøkinga, ved

utelukkande å nytte dei meir tradisjonelle hjelpetiltaka som barnevernet har tilgjengeleg, som støttekontakt, besøksheim osb.

Dei ovanfornemnde tiltaka er for det meste tiltak som kjem inn under det ein kan kalle *kompenserande* tiltak. Kompenserande i form av at dei vil kunne redusere barnet sin utsattheit, i tillegg til at enkelte av tiltaka òg vil kunne bidra til ein betre kvardag for familien generelt. Det er tiltak som vert sett i verk for å avhjelpe ein vanskeleg situasjon for barnet og familien der og då, og som varer ei gjeven tid, og ikkje nødvendigvis virkar ut over denne tida. Fritidstiltak som bidrar til at barnet kan få utvikle seg t.d. i ein idrett eller ein annan fritidsaktivitet, vil sjølv sagt kunne vere noko som barnet får meir varig glede av, og som ein slik vil kunne hevde er eit *endrande* tiltak. Kompenserande tiltak er likevel ikkje med sin natur, i stand til i monaleg grad å verke endrande.

Med utgangspunkt i resilience- perspektivet, og med fokus på å førebyggje problemutvikling for barn som lever i fattige familiar, vil det sentrale vere å redusere risikofaktorar og auke dei beskyttande faktorane. Slik eg ser det, vil noko av det viktigaste i denne samanheng vere, å i størst mogeleg grad sikre at barnet har gode, relasjonskompetente vaksne som kan bidra til at barnet får dekka behova sine i høve ei relasjonell tilknyting, og dermed vere rusta til å utvikle eit godt sjølvbilete, som igjen er medverkande til å styrke motstandskrafta hjå barnet.

Slik eg viste i teoridelen så har barn i fattige familiar eit lavare sjølvbilete. Denne kunnskapen seier noko om at det vil vere viktig i fattige familiar der foreldra sine foreldrefunksjonar er, eller kan stå i fare for å verte svekka, at det vert sett fokus på å ivareta foreldra si fungering på ein best mogeleg måte, eventuelt sikre at barnet har andre vaksne som kan medverke til å gi barnet ein indre arbeidsmodell, noko som vil kunne bidra til utvikling av motstandskraft.

Vidare kan ein ha ei hypotese om at svak foreldrefungering, utan kompenserande andre vaksne, i barnet sine første to leveår vil kunne bidra til risiko for barnet si utvikling, og vil kunne vere eit varske for hjelpeapparatet i høve til barnet sine behov for kompetente vaksne som kan representere ei trygg tilknyting for barnet.

Eit viktig tiltak for å sikre barnet ein annan voksen enn foreldra, vil i første omgang vere å ha gode rutinar for å utforske nettverket til barnet for å finne mogelege kompenserande omsorgspersonar. Dette var noko av det som informantane mine uttrykte var problematisk, å få tak i gode vaksne til å arbeide med barna over tid. I allfall om dei måtte gå utanfor barnet sitt eige nettverk.

Det vil òg vere viktig å ha med seg at ein må, så langt det lar seg gjere, söke å kartlegge dei medierande faktorane, som kan vere tilstades kring eit barn. Medierande faktorar vil kunne verke ulikt i seg sjølv og det vil kunne påverke andre faktorar på ulikt vis. Det vil seie at ein kan ikkje vite korleis barnet vert påverka av den livssituasjonen det er i. Ein kan ikkje vite kva som vil vere utkomet. Det er mykje som kan spele inn, mekanismar kan påverke i den eine eller den andre retninga, mekanismar som ein gjerne heller ikkje klarar å få auge på.

Den eine av dei to kommunale barneverntenestene har oppretta eit miljøarbeidarteam der to miljøarbeidrarar er fast tilsett for å arbeide heimebasert. Dette tiltaket vert det formidla at har stor fleksibilitet, der det vert arbeidd med å halde fokus på barna sine behov, samspel og meir konkret rettleiing i høve økonomi. Informantane gir òg døme på meir personleg, nærmast terapeutisk rettleiing til ei mor. Informantane frå denne kommunen uttrykkjer at dei er særsla med denne ordninga, og at dei opplever suksess i fleire saker, det vil seie at barna i dei familiene som får denne type hjelp får det betre. Den andre barneverntenesta har ikkje eit slikt team og er avhengig av å engasjere utanforståande til å ta slike oppdrag anten på sida av studier eller annan jobb. Ein av informantane uttrykkjer at barnevernet i det å mangle folk òg har eit fraktpproblem. Ho utdjupar det med at dei manglar folk til t.d. å frakte eit barn på ein aktivitet eller å få ein familie ut på tur m.m. Det vert gjeve uttrykk for at det kan vere problematisk generelt, å få tak i gode folk til å gjere den jobben som barnevernet og familien har behov for. Ein annan informant i denne barneverntenesta uttrykkjer at han gjerne sjølv som sakshandsamar skulle ha følgd opp familiene han arbeider med betre, men at det er vanskeleg å gjennomføre då det er så stor saksmengd og arbeidspress på kontoret.

Det kan imidlertid argumenterast for at å ha eit fast team som arbeider heimebasert med familiar vil kunne vere ein fordel både for familiar og barnevernet sjølv. Å engasjere, sett på spissen, meir og mindre tilfeldige personar, eller basere seg på å gjere jobben sjølv i ein travel barnevernkvardag, vil kunne verte noko tilfeldig og tungrodd. Dette saman med usikkerheita knytta til kven som skal gjere kva på dette feltet, vil kunne medføre at det utviklar seg private og lokale praksisar innan eit felt som vil ha alt å tene på tydelegheit i denne samanheng.

Å skulle hjelpe fattige familiar i barnevernet vil slik, med bakgrunn i det ovanfornemnde, handle om å vere eit velferdsbarnevern som yter tiltak for å kompensere for manglar ved den økonomiske sida av omsorgssituasjonen, og dermed ha som mål å kunne redusere barnet sin utsattheit. Det kan vere stønad til fritidsaktivitetar, og andre tiltak som gjer at barnet kan delta

på det som det er forventa at barn er med på for å vere eit deltagande individ i samfunnet. Like fullt vil desse familiane ha behov for tiltak av meir endrande karakter, noko etableringa av miljøarbeidarteamet i den eine kommunen er eit døme på i høve til å skulle arbeide med endring. Det er eit klart behov for eit *både* *og* i desse familiane.

Når det gjeld barnevernet sine tiltaksmogelegheiter så verkar der å vere ein del barrierar av organisatorisk og meir praktisk art, som gjer det vanskeleg, eller hindrar barnevernet i å få gjort alt det dei ynskjer å gjere for medverke til å gjere barnet og familien sin situasjon betre. Det er likevel rom for både kreativitet og å tenkje utradisjonelt, noko materialet mitt tyder på at vert gjort. Dette vert gjort med gode intensjonar og med barna sine behov for auge. I det neste vil eg likevel sjå på om tiltaka som vert sett i verk verkar etter intensjonen.

5.2.4 Hjelper tiltaka?

Informantane uttrykkjer at dei ikkje er sikker på om tiltaka dei set inn, alltid er til hjelp for dei familiane som mottar tiltaket. Barnevernet nyttar dei tiltaka dei har tilgjengeleg. Ein av informantane stiller det retoriske spørsmålet om kva mora til 14 åringen ville ha kunna gjere med dei 30 000, som fritidstiltaket til sonen kostar barnevernet i månaden. Dette syner nok noko av dilemmaet til barnevernet i høve til korleis hjelpe dei fattige barna og familiane til eit betre liv. Det syner kanskje også noko av usikkerheita i om ressursane treff der dei helst burde, til beste for barnet. Det er i denne samanheng på det reine at det vert forska lite på nytten av dei mest brukte hjelpetiltaka til barnevernet (Marthinsen 2004).

Om tiltaka hjelper vil uansett kome an på ulike forhold, alt i frå barnevernet sin forståelse av situasjonen og treffsikkerheit i val av tiltak, til grad av vanskar og graden av belastning. Det er som med andre vanskar, det er lettast å hjelpe dei som er minst belasta. Det er lettare å lækje ei lita rift enn ei stor flengje. Forsking syner at dei familiane med størst vanskar nyttegjer seg därlegast barnevernet sine hjelpetiltak (Kristofersen m.fl 2006) Dette kan medføre at det er dei best fungerande familiane som vil få mest ut av hjelpa, samstundes som det er dei mest belasta familiane som best tilfredsstiller krava til barnevernfaglegproblemstilling, og slik vil ha bruk for andre hjelpetiltak enn einspektra økonomiske ytingane. Med dette meiner eg at dei verst stilte familiane til barnevernet ofte er fattige familiarar, men det er nødvendig å vurdere hjelpetiltak på fleire plan, både direkte mot

barnet, direkte mot foreldra for å styrke foreldrefungeringa, samt mot dei meir sosiostrukturelle forholda, herunder økonomi.

Informantane legg vekt på at det ofte er vanskeleg å få tak i folk til å gjere oppgåver for barnevernet. Mange barn har behov for støtte i tillegg til at dei får nye fotballsko. Helgeland (2008) vektlegg at sjølv om fritid er ein viktig arena for barn som skal utvikle seg relasjonelt og oppleve meistring på ulike plan, så treng barn ein viss grad av støtte for å kunne ha glede av dette. Ho peikar på at utsette barn ofte er i mangel av slik støtte. Det vil i denne samanheng kunne vere både nyttig og nødvendig, å systematisere og individualisere støtta til barna i form av ein miljørarbeidar eller ein støttekontakt. Helgeland skriv at ”*Barnetvernets voksne må representerere og være ungdommenes sosiale kapital, som kan hjelpe dem med inngangsbilletten til nye arenaer.*” (Helgeland 2008 s. 185) Eit viktig aspekt i denne samanheng er tid og kontinuitet. At barna, og / eller foreldra, alt etter målsetjinga med tiltaket, får tid nok til å verte kjende og trygge slik at dei kan nyttegjere seg den hjelpa som er iverksett. I fylgje Helgeland så er dette ”*...en viktig samfunnsmessig oppgave som er nødvendig, men som underkommuniseres både i barnevernet og i barnevernsforskningen*”.

(Helgeland 2008, s 182)

Tatt i åsyn dei tyngjande vanskane fattigdom kan innebere, så kan ein seie at fattigdom kan medverke til å vanskeleggjere, og svekke effekten av andre tiltak som barnevernet vurderer familien har behov for, for å kunne ivareta ein tilfredsstillande god nok omsorgssituasjon for barna. Ein av informantane reflekterte kring det at å skulle vere i stand til å ha fokus på å ha eit utviklingsfremjande samspel med barnet sitt, ikkje er så enkelt når der nesten ikkje er mat i kjøleskapet og rekningane fløymer.

Det er mykje som tyder på at barnevernet vert den hjelpeinstansen som kjem nælast denne typen familiar då dei på eit vis må gjere ei totalvurdering av, og der ved verte kjend med, både barnet og foreldra sin situasjon. Barnevernet synes å møte familiene med stor grad av forståing og omsut, samt med eit ynskje om å hjelpe. Informantane uttrykkjer at det er familiar som dei opplever er takksame for lite og som dei prøver å strekke seg langt for. Barnevernet sitt tiltaksrepertoar for fattige familiar, er meir kompenserande enn endrande, noko som gjer det er vanskeleg å måle om tiltaka verkar. Det kan verke som om hjelpetiltaka til desse familiene til tider er omfattande, men at det kan vere vanskeleg å skape endring som varer over tid. Dette kan vere med på å forklare det som Fauske m.fl. (2009) finn, at

barnevernet er prega av familiar med langvarige klientforhold. Ein stor del av familiane som er med i denne undersøkinga har fleire forskjellige tiltak som varer over tid, og det er sjeldan at tiltak vert avslutta grunna endring og *nådde mål*. Tiltak vert prøvd ut for å prøve å medverke til betring og endring. Barnevernet er eit felt med mange spørsmål og færre klare svar. Eller kan ein seie at fasiten har mange svar.

Barnevernarbeidarane engasjerer seg i fattigdomen og gjer det dei kan, dei prøver å hjelpe med dei tiltaka dei har til rådighet, trass i, at ein knapt kan hevde at det er barnevernet som skal ordne opp i fattigdomen i Noreg. Det kan verke som om dei kompenserande tiltaka mot fattige barn hjelper og har sitt nødvendige bidrag, men det løyser gjerne ikkje barnet sin utsattheit i høve til at familien framleis er fattig og mor strevar med å ha nok pengar til mat og rekningar. Kvello (2007) skriv: *Økonomisk bistand alene ved relativ fattigdom blir derved et for stusslig tiltak for å sikre barna gode oppvekstvilkår fordi økonomien ikke blir en beskyttelsesfaktor for de øvrige risikofaktorer som ofte er til stede i disse familiene.* (Kvello 2007, s. 193) Det er med andre ord vanskeleg å vite kva som hjelper då dei fleste tiltaka som vert sett inn for fattige familiar er tiltak som er meint å kompensere for manglar ein periode. Om barnevernarbeidaren har gjort ei god undersøking av barnet sine behov, er det likevel å vone at barnet vil oppleve å få ein betre situasjon i allfall den perioden tiltaket er inne.

5.3 Faggrunnlag og samarbeid.

Barnevernarbeidarane i materialet mitt, gir uttrykk for at det er vanskeleg å arbeide med fattigdom fordi det er utslekt kva dei skal gjere, kva som er deira ansvar og plikt i denne samanheng. Det er ikkje tydeleg i lovverket, og dette gir fleire uttrykk for at er problematisk. I fylgje informasjonsmaterialet mitt er ikkje fattigdom eit eksplisitt tema i barnevernet. Eg vil i relasjon til dette sjå på barnevernet sitt mandat og faggrunnlag. Vidare vil eg diskutere det som barnevernarbeidarane i intervjuundersøkinga mi tok fram, at det var vanskeleg å samarbeide med sosialtenesta, og at dette kan vere medverkande til at barnevernet opplever at dei vert sitjande att med alt det som andre instansar ikkje vil ta inn i sine hjelpetenester.

5.3.1 Barnevernet sitt mandat og faglege tradisjon

Barnevernenestelova, som legitimerer barnevernet sin aktivitet, har ingen levekårsbegrense eller byråkratiske standardar som gir føringar for at det skal arbeidast aktivt mot fattigdom.

Ein kan seie at det er ingen triggjarar i denne lova som medverkar til å tydeleggjere at barnevernet har ei sjølvstendig oppgåve kva gjeld å hindre at barn skal oppleve fattigdom. Ytingar må basere seg på den enkelte barnevernarbeidar og barnevernteneste sitt skjønn i høve til kva som normativt sett er eit barn sitt behov kva gjeld økonomisk standard. Som nemnd så tar familiene det ofte opp sjølv at dei slit økonomisk, og mange søker òg om bistand til t.d. barnehage. Skal ein nytte fattigdomsdefinisjonar så vil det vere den subjektive fattigdomen, jfr. kap 2.2.1, som barnevernenestelova opnar opp for, sjølv om det heller ikkje er tydeleggjort i barnevernenestelova at den subjektive fattigdomen er barnevernet si oppgåve.

Informantane seier likevel alle at ja, dette arbeider vi med, dette er vår oppgåve. Dei uttrykkjer at fattigdom er eit problem som dei som barnevern ser som nødvendig å avhjelpe, for å bidra til ein betre livssituasjon for barna det gjeld. Ein informant seier at det skal i allefall ikkje stå på det at barna ikkje skal få vere med på det same som andre barn. Informantane på begge kontora gir likevel uttrykk for at det er ulikt frå sak til sak kva dei får gjennomslag for hos leiinga. Sakene kan sjå nærast like ut, men der den eine får gjennomslag får den andre avslag.

Det kan synas som det er uklart for saksbehandlarane i kva grad dei skal engasjere seg i fattigdomsproblematikk og kva som vil vere rimeleg å yte av bistand og tiltak, og at det vert noko tilfeldig korleis sakene vert handtert. Ein samanheng her kan vere det uteomatiserte som fattigdomen representerer i barnevernet, samt dei uklare ramene. Under slike forhold kan det lett utvikle seg lokale og personavhengige praksisar både på sakshandsamar og leiarnivå.

Ei forklaring på dette utspeidelege kan ligge i barnevernet sin kultur og tradisjon. At barnevernet tradisjonelt sett har som primær oppgåve å hindre at barn vert utsett for omsorgssvikt, men at barnevernet etter kvart òg har blitt tillagt oppgåver knytta til velferd. Ei slik utvikling krev at barnevernet har fokus på meir enn utviklingspsykologi, relasjonar og samspel. Buer og Fauske(2009) som tar for seg barnevernet si historiske utvikling, peikar i denne samanheng på at barnevernet, noko forenkla framstilt her, har gått frå å vere oppteken av foreldra si vanskjøtting av barnet, via aktiv barnemishandling, til relasjonstenking og ressursorientering. Det er sterkt nedfelt i barnevernet i dag å ha fokus på det relasjonelle aspektet mellom barn og foreldre. Dette viser nok til at barnevernet har mykje kunnskap om kva kvalitetsmessig mangefull tilknytning vil kunne ha å seie av skade for eit barn si utvikling. Andenæs (2002)

hevdar ar trass i kjennsgjerninga om at barnevernet sine familiar er fattige og har store vanskår knytt til dette, så held barnevernet fram med å iverksetje tiltak som fylgje av individuelle patologiar hjå denne gruppa foreldre. Støtta som vert iverksett fokuserer på emosjonell støtte og på kvaliteten mellom mor og barn. I slike saker vil det vere viktig å ha fokus på kva familie ein har med å gjere kva gjeld økonomi og manglande overskot på fleire livsområder.

Det er slik mykje som tyder på at å implementere levekårsforskninga i barnevernet sitt kunnskapsgrunnlag og terminologi ville vere eit skritt i rett retning i så måte. Og at det vil vere viktig å setje lys på familien sin økonomi, og på sosiale og kulturelle ressursar. Som nemnd tidlegare, tar Andenæs (2002) til orde dette og ho advarer mot å monopolisere det ho nemner som ”*terapi-inspirerte terminologien*”. Ho hevdar i den samanheng at det er mykje vi ikkje får med oss av informasjon om så skjer.

Sosial kapital vil likeeins vere eit bidrag i høve til å utvide korleis det vert søkt etter forståing av vanskane, til òg å omfatte strukturelle og samfunnsmessige forhold som er ramene for barna sin oppvekst og foreldra si omsorg. Buer og Fauske (2009) argumenterer for dette, men presiserer at det likevel ikkje må sjåast forbi at barn vert utsette for omsorgssvikt og overgrep, men at det er eit viktig tillegg.

Utvikling tar tid, og sjølv om fattigdom har vore tema i samfunnet vårt i nokre tiår no, kan det ut i frå den informasjonen som kom frå dei to barneverntenestene som eg intervjuja, verke som om det er noko veg att å gå i høve til å setje fokus på problematikken, gje den plass, og etablere rutiner og metodar for handtering. I dag er fattigdom noko som den enkelte saksbehandlar må handtere aleine i møte med familien. Problematikken blir individualisert utan å verte løfta opp som det omfattande problemområdet som det faktisk er i barnevernet. Mange av barnevernet sine tema er svært dramatiske og kan til tider nærmest handle om liv og død. Fattigdom kan slik verke å vere noko meir trivielt, og kan i tillegg til forveksling likne noko som dei fleste har opplevd i periodar i livet, å ha for lite pengar og därleg råd. I fylge alle informantane mine var ikkje fattigdom eit tema som det var sett fokus på slik vald, psykiske vanskår og rus er eit tema som ein stadig utviklar kompetanse innan. Det er ikkje prioritert som eit tema, sjølv om det stadig er tilstades og bidrar til store vanskår for mange familiar. Materialet mitt indikerer til ei viss grad at fattigdom er barnevernet sitt utematiserte men mest sjølvsagte fenomen.

5.3.2 Eit skugglagt uoversiktleg lappeteppe - eller eit felles løft av samordna tenester

Som kva gjeld alle vanskår og belastningar i ein familie vil det vere viktig å ha eit samordna hjelpeapparat òg for barn som lever i fattige familiar. Ut i frå det som kom fram i intervjuundersøkinga mi verkar det som om barnevernarbeidarane baskar i tung, våt snø i arbeidet med å få til samarbeid med ulike hjelpeinstansar som openert har eit ansvar for fattige familiar med barn.

Ingen av informantane som eg intervjuja hadde erfaring frå sin arbeidsplass om at der var formaliserte samarbeidsavtaler med andre instansar i saker som omhandla fattige familiar. Ingen hadde samarbeidd med NAV i desse sakene. Éin svara at han hadde hatt eit samarbeid med bustadkontoret i kommunen i ei aktuell sak. Når det gjald sosialtenesta så var det praksis at det vart oppretta samarbeid i enkeltsaker. Det kunne vere både barneverntenesta og sosialtenesta som tok initiativ til dette. Dette samarbeidet var ofte vanskeleg fordi ein var ueinig om kven som skulle ta utgiftene, og barnevernarbeidarane erfarte ofte at sosialtenesta meinte at det ikkje var deira bord når det kom til barnefamiliar. Som ein av informantane sette det på spissen; "*synsing vert omgjort til lover og avslag*". Fleire informantar gav uttrykk for at dei ikkje heilt hadde oversikt over anna hjelpeapparat i kommunen, og at det var vanskeleg å halde seg oppdatert, då det stadig var noko nytt.

Alle føringer frå departement og direktorat er tydelege på at det skal samarbeidast og løftast saman for å motverke fattigdom. Det vil slik vere viktig at barnevernet, om det er dei som har kontakt med familién, involverer andre nødvendige instansar for at barnet og familién skal verte best mogeleg ivaretatt i den vanskelege situasjonen dei er i. Dette kan medføre at familiar kan verte utsette for ei rekke hjelparar, noko som kan vere ei belastning i seg sjølv, men som kan verke ytterlegare svært belastande dersom hjelparane arbeider med kvar si oppgåve utan å vere samordna på ein slik måte at det beste for barnet vert ivaretatt.

Når det gjeld sosialtenesta som er den tenesta som det vert samarbeidd mest med, så seier fleire informantar at dei ser at sosialtenesta til tider gjer godt arbeid i enkelte av sakene dei kjenner til, og at dei i nokre saker har eit godt samarbeid. Det må likevel seiast at det dominande i intervjuaterialet er at samarbeidet er problematisk, og det vert i det store og heile formidla ei erfaring av at sosialtenesta ikkje tar på seg det ansvaret som dei er tillagt. Fleire informantar gir uttrykk for liknande erfaring som informanten som sa at i staden for å

vente på at sosialtenesta skal *avslå søknaden* om fritidsutstyr til eit barn, så tar barnevernet utgifta sjølv. Ein annan seier at han i fleire saker arbeider med familien sin økonomi i høve rådgjeving. Dette med omsyn for familien, at dei skal sleppe å gå til ei ny hjelpeteneste og fortelje historia si ein gong til. Leiaren hans har oppmoda han om å la sosialtenesta gjere dette arbeidet fordi det var så stort sakspress på kontoret. Sakshandsamaren uttrykkjer at han sjølvsagt er lojal mot leiaren sine direksjonar, men at han ser at for familien vil det vere betre om han har hand om saka, og arbeider tettare med familien over noko meir tid, enn at dei må gå til sosialtenesta med alle dei formelle krava for dokumentasjon som der er. Han seier at han har erfaring frå at foreldre har hatt kontakt med sosialtenesta utan å forstå kva dei skal gjere etter at dei har vore der, og dei går over lengre tid og ventar på å få hjelp. Dette medfører at familien sine vanskar vert ytterlegare forsterka, og at barn og foreldre vert verande i ein situasjon som dei har vanskar med å kome ut av på eiga hand. For barneverntenesta medfører det at han må purre på sosialtenesta fleire gonger og at det tar tid å finne ut kva foreldra ikkje har forstått og heller ikkje gjort. Ein slik praksis, kan med stor sannsynlegheit medføre at familiar, som ikkje nødvendigvis har behov for kontakt med barneverntenesta og alt det inneber av inngrisen i ein familie, vert barnevernklientar i staden for å få dei ytingane dei har *rett* på frå sosialtenesta

Erik Larsen (2006) peikar på nødvendigheita av å ha ein felles forståing av oppgåva, der ein innleiingsvis i eit tverretatleg samarbeid definerer ei felles hovudoppgåve der alle sine bidrag og ansvar vert veklagt. Utan dette kan ein risikere konflikter som legg skugge over målet for samarbeidet, nemleg å arbeide med barnets beste for auge. Larsen seier vidare at det er viktig at primæroppgåva er positivt definert, og at alle har si oppgåve og bidrar med den kompetansen og ressursane sine slik at oppgåva vert løyst. Det motsette, der ein har fokus på kven som skal eller ikkje skal ha med familien å gjere, og der ein er ueinig om kva som er kven sitt bord vil kunne føre til ein situasjon der alle vegrar seg mot å ta det nødvendige ansvaret for fellesoppgåva. Ein slik negativ oppgåvedefinisjon kan i fylgje Larsen ha si forankring i forestillingar eller fantasiar om å verte sitjande med ei stor og overveldande utfordring aleine.

Eit manglande og vanskeleg samarbeid vil nok ofte handle om myter og mangel på kunnskap om ulike instansar og yrkesgrupper. Eit tverrfagleg og tverretatleg samarbeid på systemnivå der ein har som mål å verte kjend med kvarandre sine oppgåver, kvardag, og kompetanse, vil kunne medverke til oppklaring og avmystifisering. I tillegg vil det å knyte kontaktar med

kvarandre på det meir personlege plan kunne lette eit samarbeid når ein i kvardagen står over for krevjande oppgåver som skal løysast for å ivareta barn i fattige familiar. Krevjande oppgåver krev ikkje berre samarbeid, men òg høg kompetanse og spesialisering (NOU 2009:22). Spesialisering kan likevel bli ”det bestes fiende” og eit oppsplitta hjelpeapparat vil lett kunne representere uoversiktlege og uoverkommelege stengsler for menneske i djup fattigdom og krise. Nokre kommunar og regionar har oppretta ei koordinatorteneste til å rettleie hjelpesøkjande til rett hjelpeinnstans. Dette kan det verke å vere eit stort behov for. Som ein av informantane mine sa – *eg veit ikkje heilt korleis det er akkurat no, for det har vore så mange endringar i det siste.*

Hjelmtveit (2004) har gjort ei undersøking av korleis barn og familiar som har sosialhjelp som inntekt over tid, klarar seg. Han fann at familiane opplevde hjelpesystemet som eit ”*uoversiktig lappeteppe av utilstrekkelige trygder og uforutsigbar sosialhjelp*” (Hjelmtveit 2004 s 16) Målet må uansett vere at ein skal klare å hjelpe barna og familiane deira, og det at hjelpeapparatet kan samarbeide til beste for barnet, vil kunne bidra til tryggleik og overskot for barnet og foreldra slik at dei kan bruke energien sin på å arbeide med si eiga utvikling og sosialisering. Hjelmtveit (2004) konkluderer ut i frå undersøkinga si at dei segregerte hjelpeordningane som er i dag ikkje gjer det mogeleg å nå dette målet.

Barnevernarbeidarane i informasjonsgrunnlaget gjev uttrykk for at eit meir velfungerande og betre samarbeid med sosialtensta ville vere ei føremon. Med eit nærare og lettare samarbeid om desse felles klientane ville begge tenestene ha kunna bidra på ein betre måte. I mange år var sosialtenesta og barneverntenesta samlokalisert. Det var nok mange gode grunnar for å skilje desse to tenestene, mellom anna var det viktig for sosialtenesta å verte nærare knytt til arbeids og trygdeetaten slik dei no er mange stader ved å vere ein del av NAV eller eit kommunalt servicesenter. Men for barnevernet og sosialtenesta sitt samarbeid var det nok derimot ikkje ein fordel å verte skilde. Det å ha lett tilgjenge til samarbeidspartar betyr mykje for ein reelt omforeint fortåelse for tema og problematikk, med påfylgjande oppgåveløysing i eit samarbeid.

Det neste er ei vidareføring av samarbeidsvanskane barnevernarbeidarane opplever i høve sosialtenesta, der det kan stillast spørsmål ved om barnevernet tar på seg fleire oppgåver enn det dei etter ressursar og rameverk er tenkt å skulle gjere.

5.3.3 Nokon må ta ansvar – oftast er det vi.

Ein grunn til at samarbeidet med sosialtenesta vert opplevd som problematisk, er i fylge materialet mitt, sosialetenesta sine strame rammer og byråkratiske standarder som medfører at barnevernet vert dei som må ta ansvar. Barnevernet er dei som har opning, og er utan byråkratiske standarder, og vert dermed dei som må yte hjelp. Som vist i kapittel 2 så diskuterer Oppedal (2008) barnet sine rettar til ein tilfredsstillande økonomisk situasjon, og viser til at barna har same rettigheter etter sosialtenestelova som vaksne har. Barnevernet sine ytingar skal gjevast dersom barnet på grunn av forholda i heimen eller av andre grunnar har *særskilde behov*. Dette er for øvrig samanfallande med barnekonvensjonen som er ein overordna retningsgjevar i så måte. Utgifter som barneverntenesta seier at dei tar seg av, som t.d. kontingent til fritidsaktivitetar ikkje er *særskilde behov*, men *vanlege behov* (Oppedal 2008, s. 197). Med andre ord, sosialtenesta skal dekkje det som handlar om ein tilfredsstillande levestandard. Barneverntenesta sine ytingar skal vere til dei barna som har særlege behov.

Informantane i intervjuundersøkinga seier noko om at sosialtenesta er svært restriktiv når det er spørsmål om ytingar som ikkje gjeld livsopphald som mat og straum. Oppedal (2008) viser òg til dette, at det er vanleg i mange kommunar at sosialtenesta er så restriktiv i kva dei yter i livsopphald, at barneverntenesta finn at det nettopp er nødvendig å kompensere for denne knappheiten ved å yte økonomisk hjelp til fritidsaktivitetar og andre utgifter for å prøve å sikre barnet ein viss levestandard. Han problematiserer òg tanken som ligg bak denne knappheita, at folk skal ynskje å arbeide for å få meir pengar. Alt tyder på at sosialtenesta ikkje er tilrettelagt for barn. Barn skal ikkje arbeide, og dei skal ha ein tilstrekkeleg levestandard. Sosialtenesta innfrir ikkje dette kravet verken kortsiktig eller langsiktig. Barna vert utsett for eit system som ikkje tar omsyn til at dei kan kome til å leve under svært tronge kår over lengre tid. Det kan verke som om sosialtenestelova i praksis ikkje fungerer for barn og at praksisen er at det er barnevernet som skal ivareta barna sine behov?

Sosialtenesta er ikkje involvert i undersøkinga mi. Truleg stirr dei med for knappe overføringar frå kommunekasse og frå sentralt hald, og må begrense ytingane sine. Hjelmtveit (2004) fann at fleirtalet av sosialtenesta sine sakshandsamarar gav uttrykk for at dei i liten grad såg barna sin situasjon i familiane sjølv om dei hadde dei ”i bakhovudet”. Dette vert sett

i samanheng med ressursmangel og at dei i liten grad hadde høve til å reise på heimebesøk, ein arena der ein kan tenkje seg at barna sine behov lettare kunne ha kome fram.

Når det gjeld barneverntenestelova så er ikkje dette ei *rettighetslov*, og det er dei tilsette i barnevernet som ved ei totrinns undersøking definerer om eit barn har behov og rett til hjelp etter barneverntenestelova. Ingen barn har i utgangspunktet *rett* til barneverntenester slik som dei har etter lovverk om t.d. legetilsyn og sjukehusinnlegging, og sosialtenestelova (Kristofersen m.fl. 2006). Mykje tyder likevel på at barneverntenesta tar på seg fleire oppgåver enn dei strengt tatt treng. Ein kan sjå dette òg i skjeringspunktet mellom barnevern og psykiatri. Erfaringar derifrå kan handle om at barnet klart har behov og rettigheiter etter helselovgjevinga, men psykiatrien har så strenge inkluderingskriterier og mangelfullt tiltaksapparat mange barn, trass i omfattande psykiske lidingar, fell utanfor. Det same gjeld mellom omsorg og barnevern. Psykisk utviklingshemma barn som har rett til ytingar etter sosialtenesta, vert plassert i tunge åtferdsinstitusjonar i regi av statleg barnevern, fordi kommunen ikkje har tiltak til dei når foreldra ikkje maktar å handtere dei. Barnevernet tar oppgåva på seg, yter hjelpetiltak eller omsorgstiltak, fordi både barn og foreldre lir grunna barnets psykiske sjukdom/tilstand. Det er som om barnevernet har ei haldning som handlar om at ”nokon må jo ta ansvar” og at det er det dei som må. Det vert eit paradoks at barnevernet som ikkje er underlagt ei *rettighetslov*, vert sitjande att med alt det som andre tenester som er underlagt *rettighetslovverk*, klarar å fråbe seg.

Ei forklaring her kan vere barnevernet sin natur, som hjelpeinstans for ein av dei gruppene som klarar seg därlegast i samfunnet. Dei som av ein eller annan grunn ikkje klarar å gi barna ein tilstrekkeleg god nok omsorgsituasjon. Barnevernet kan kome relativt nær og verte godt kjende med både foreldre og barn, og det vert ofte svært tydeleg både kor vanskeleg situasjonen er for mange familiar, og kva som må til for å kunne hjelpe. Som vi såg på ovanfor så har ikkje sosialtenesta høve til å gå så mykje heim til folk, som dei gjerne hadde villa. Det vert noko anna når to vaksne møtes på eit kontor og sosialarbeidaren kan forhalde seg til gjevne rutinar og satsar for kva som skal ytast, enn om ein kjem heim til ein familie, med foreldre og barn, og kjenner og opplever vanskane på nært hold. Det er som Underlid(2009) skriv om i sin artikkeltittel ” Fattigdomens lukt og smak”. Fattigdomen gjer inntrykk, og barnevernet som er van med å ha barna sitt beste for auge, ynskjer å hjelpe. Ei på mange måtar ansvarleg og raus haldning som ein ofte møter i barnevernfeltet, er at ”no må vi ordne opp så får vi sloss om pengane seinare”. Det er likevel mykje som tyder på at

barnevernet sit att med Svarteper oftare enn andre. Rekninga hamnar på barnevernet sitt bord og ingen andre melder seg som rette mottakar.

I motsett perspektiv, om barnevernet *tar etter* andre instansar, vil denne rausheita til barnevernet, i knappheitstider, kunne snu til det verre for familiar som har behov for hjelp etter Lov om barneverntenester. At barneverntenestelova ikkje er ei rettigheitslov, vil kunne medføre at argumentasjonen i første omgang skal prøvast i høve til om ein kan *ungå* å gi barnet hjelp etter Lov om barneverntenester, snarare enn å argumentere *for* å gi hjelp. Slik det på mange måtar verkar å vere andre instansar sin måte å inkludere eller ekskludere klientar på.

5.4 Fattigdom eit dilemma for barnevernet - ei oppsummering.

Som vist ovanfor forstår barnevernet fattigdom som ein del av annan problematikk som handlar om personlege vanskar, samt strukturelle tilhøve som både skriv seg frå tung sosial arv og samfunnsmessige forhold som kontinuerleg er med på å skape og oppretthalde vanskane. Som konsekvens for barnet legg dei vekt på at barnet ikkje får vere med på det som andre barn får. Denne forståinga er relatert til å sjå barnet som deltagande i eit seinmoderne utviklingsperspektiv som viser til at barnet utviklar og konstruerer seg sjølv i kontinuerleg samspel med andre, i kompetansegevande samvere og aktivitet. Barnevernet formidlar òg at dei har kunnskap om at det å vere fattige foreldre kan hindre dei i å yte tilstrekkelig omsorg for barnet.

Barnevernet har som tradisjon å vektlegge samspel mellom barn og foreldre i arbeidet og vurderingane sine. Det kan slik verke som om barnevernet på den eine sida har godt samspel mellom barn og foreldre, både som eit parameter i undersøkinga si om foreldra klarar å støtte og ivareta barna sine på ein god nok måte, og som mål i eit tiltaksarbeid. Samstundes ser dei at tunge strukturelle forhold som vanskeleggjer dette, og som dei som barnevern ikkje har høve til å gjere noko med. Dette kan synast å vere eit dilemma for barnevernet som kan medføre kjensler av maktesløyse og ambivalens i høve til å skulle ha tru på å klare å skape endring utan at dei grunnleggjande strukturelle tilhøva vert endra. Tiltaka dei set i verk vert på eit vis klatting og tildekking på overflata. Informantane gir likevel alle uttrykk for at der er stor kreativitet og fleksibilitet i høve til å skulle arbeide med fattige familiar. Dei ser det som

si oppgåve å avhjelpe i vanskelig økonomiske situasjonar, og uttrykkjer både ansvar for, og ynskje om, å hjelpe desse familiane. Det faktum at lovverket ikkje er tydeleg på kva, eller at, barnevernet skal gjere noko i høve den belastninga som fattigdom kan vere for barn, medverkar til å gjere vurderingane om kva dei kan og skal yte av tiltak vanskelege. Det kan i den samanheng synast å kunne verte tilfeldig kva som vert vedteke av tiltak, og det vil under slike forhold kunne utvikle seg lokale eller personavhengige praksisar og kulturar.

Å arbeide med fattigdom er ikkje tillagt barnevernet eksplisitt i lovverket, og det er på det reine at det er lite barnevernet kan gjere for å få familiene ut av fattigdommen. Barnevernet kan ikkje, og skal ikkje betale husleige, hjelpe foreldra til utdanning eller arbeid. Barne og likestillingsdepartementet (BLD) sine føringer om at fattigdom er eit område som barnevernet skal ha i fokus, jfr. "Styrka innsats mot fattigdom blant barn, unge og familiar som har kontakt med barnevernet" , er utslekt og lite retningsgjevande slik eg forstår det.

Det gjennomgåande vert at det er eit både- òg, og eit skal -skal ikkje. Fauske m.fl (2009) er tydeleg på at barnevernet, med sin høge andel av marginaliserte familiar som brukarar, ikkje har høve til å berre ha fokus på barn som lir overlast på grunn av alvorleg omsorgssvikt. Og at velferdsbarnevernet i denne samanheng på mange måtar har etablert seg som ein viktig del av hjelpeapparatet for familiar med barn. Fleire informantar, frå det eine kontoret spesielt, la vekt på at det var ikkje alltid det var lett å sjå at familiane var så ulike, men at ytingane kunne vere ulike. Den eine familien kunne få økonomisk stønad til barnehage og den andre kunne verte vist direkte til sosialtenesta. Likevel er det i hovudsak ikkje slik at barnevernet fungerer som ei velferdsteneste som kjem tidleg inn for å verke førebyggjande for fattige familiar. Barna er allereie utsette barn som er utestengd, marginalisert og ikkje som andre barn.

6 Barnefattigdom – ei sosialpolitisk utfordring

Faglitteraturen er klar på risikoen fattige barn er utsette for, og det som det kan medføre av å kjenne seg anngleis, å vere uteengt, marginalisert og ha reduserte høve til å delta saman med andre barn. Fattigdom heng saman med andre vanskår, som rus og psykiske vanskår, og det er dokumentert at å leve i fattigdom som barn medfører stor fare for at vanskane vert reproduksjon. Dette har politikarar til ei viss grad fått med seg, og sett på dagsorden. Spesielt ved val, er dette tema lyssett. Det er likevel vanskeleg å få auge på konkrete planar og tiltak for å gjort grunnleggjande endringar for fattige barn. Å delta i fritida er viktig og bra, men ikkje nok. Nuland (2008) peikar på at det truleg heller ikkje vil ha noka effekt på *barnefattigdomsratene*, å iverksetje kompenserande tiltak i form av fritidstiltak. Det vil ikkje medverke til at barn kjem ut av fattigdomen. Det må meir breispektra og langvarige tiltak til for å skape endring som varer. Fotballsko til Per hjelper ikkje så mykje på mor sine vanskår med rekningsbunken og til å ha nok og tilstrekkeleg sunn mat i kjøleskapet. Ein kan seie at dei kompenserande tiltaka mot fattige barn hjelper og har sitt nødvendige bidrag, men det løysar ikkje barnet sin utsattheit i høve til at familien framleis er fattig med den risikoen som dette kan innbere for barn si utvikling.

Barnevernet kan likevel ikkje, aleine vere dei som skal løfte barn og familiar ut av fattigdom, sjølv om dei gjer ein forskjell for mange barn sin kvardag ved å tilby fritidsaktivitetar. Spørsmålet vert her om barnevernet er rusta til, både i høve til ressursar og kompetanse, å hjelpe barna i høve dei store vanskane som dei fattige *foreldra* har. Eg vil i dette kapittelet ta for meg eit utval problemstillingar som eg finn peiker seg ut i denne oppgåva. Først kjem Bourdieu sitt perspektiv om kapital, i høve til å forstå kvifor det er så vanskeleg å hjelpe familiar ut av fattigdom og for å sjå om barnevernet kan medverke til å bygge sosial kapital til hjelp for fattige familiar. Vidare kjem ein diskusjon som spring ut i frå at vi har ein barnekonvensjon som er klar på barn sine rettigheter kva gjeld levestandard. Eg vil her sjå litt på korleis barn sine rettar vert ivaretatt, og kva som er barnevernet og andre si oppgåve i så måte.

6.1 Kan barnevernet bygge sosial kapital for å hindre fattigdom

Bourdieu, bidrar til å vise at fattigdom er meir enn å ha for lite pengar. Det handlar om levekår på alle plan. Om ein skal legge Bourdieu sine kapitalomgrep oppå barnevernet sine fokusområder så vil det nok vere den sosiale kapitalen som vil matche barnevernet sin tenkemåte best. Barnevernet vert meir og meir oppteken av familie og nettverk, og det har blitt etablert ein tenkemåte som inneber at ein skal primært søkje å løyse vanskane i familien og eller nettverket til barnet, jfr. det biologiske prinsippet. Familieråd er i den samanheng ein beslutningsmetode som er på god veg til å verte integrert i barnevernet. Den tar utgangspunkt i at nettverket rundt eit barn, sjølv skal finne dei gode og nødvendige løysingane som vil kunne betre barnet sin situasjon. Fleire informantar fortalte om gode erfaringar med denne metoden. Og kunne vise til at òg familiar med store økonomiske vanskar hadde fått konkret økonomisk hjelp ved bruk av denne metoden.

Omgrepet kulturell kapital som viser oss til smak og kva vi likar å gjere ut i frå kven vi er, kan òg ha sitt bidrag for barnevernet når det kjem til å skulle treffe best mogeleg med dei tiltaka som vert iverksett. Barnevernet sine mest typiske familiar verken har eller er i stand til å skaffe seg flust med kulturell kapital i form av kven dei er og kva dei likar å gjere. Ein av informantane fortalte om ei sak der dei på ein god måte tok utgangspunkt i familien sin eigen kulturelle kapital og iverksette tiltak ut i frå det. Målet til barneverntenesta var å få familien til å gjere noko positivt med barna på fritida. Familien var ikkje ein familie som gjekk på fjellet eller stranda med økonomisk matpakke når det kom til helg. Dei gjekk heller rundt i byen, på Mc.Donalds og dei kjøpte ting til barna. Barneverntenesta i denne saka vurderte at dei heller kunne gi dei billett til Badeland ein gong i veka, fordi det hadde dei vore på før og ville kunne klare å gjennomføre. Det handlar om å vere lydhør for kva som er meiningsgjenvande for den enkelte familie og støtte dette i staden for å prøve å få dei til å gjere ting som vi med våre middelklasseverdiar meiner er sunt og bra for barn å oppleve saman med familien sin på fritida. Å vere kompetent og meistre på eitt område gjer det lettare å utvikle kompetanse på andre områder. Det sentrale er å medverke til at barna skaffar seg sosial kompetanse og kapital som dei treng, innaføre sosiale felt der dei maktar å fungere. I tillegg vil slik aktivitet kunne bidra til kapital internt i familien ved at ein er saman og gjer meiningsfulle og identitetskrapande aktivitetar saman. Å tenkje om seg sjølv at ”vi er ein familie som går på Badeland”, kan vere ei viktig motvekt i familiar der identiteten gjerne er

knytt til store vanskår. Eg skal ikkje trekke diskusjonen vidare her ved å tale for at Mc. Donalds òg er eit kompetansegevande sosialt felt som det kan vere viktig å gje aksept.

Barnevernarbeidarane som eg intervjuva var opptatt av barn si deltaking og sosiale nettverk som ein kapital til å nytte for å leve eit godt liv og få ei positiv utvikling, og vere ein del av samfunnet. Sosial kapital handlar om å ha støtte i familie, nettverk og lokalmiljø. Dei familiene som barnevernet har kontakt med er ofte fattige på sosial kapital, og det kan ofte vere ein del av, og ei medverkande årsak til vanskane familien har. Undersøkinga av familiarar som har kontakt med barnevernet, frå 2009, syner at dei familiene som har størst problem i liten grad er integrert i lokalmiljøet og har lite støtte frå familien (Fauske m.fl. 2009).

Bourdieu hevdar at mogelegheitene ein har for å profittere på sosial kapital aukar med mengden av økonomisk og kulturell kapital, og motsett (Wilken 2008). I eit slikt perspektiv der dei svakaste familiene har knapt med både økonomisk, kulturell og sosial kapital, vil det kunne vere vanskeleg å tilegne seg ny sosial kapital. Bourdieu hevdar i denne samanheng at sosial kapital på same måte som dei andre kapitalformene, er med på å oppretthalde og reprodusere sosiale forskjellar. Den sosiale kapitalen, eller mangelen av denne, er med på å ekskludere, snarare enn å inkludere og vere ein ressurs. Slik eg forstår Bourdieu kva gjeld habitus, så er det vanskeleg, om ikkje umogeleg, å endre måte å leve på. Det har blitt kroppsleggjord og til natur og tar tid å endre. Dette oppfattar eg òg må gjelde for det å skaffe seg sosial kapital ut i frå Bourdieu sin teori. Bourdieu knyt kapital og klasse saman og barnevernet sine klientar vil i dette perspektivet ha lite ressursar til å kome seg ut av den ”kapitaldepriverte” situasjonen som dei er i. Det er eit lite optimistisk og noko deterministisk perspektiv, som antyder ”ein gong fattig alltid fattig”. Dei strukturelle føringane gjer det vanskeleg å flytte seg frå eitt sosialt lag til eit anna.

Barnevernet sitt arbeid overfor fattige familiarar, vil i dette perspektivet ikkje kunne ha anna effekt enn å la barn delta saman med andre barn. Dersom det skal skapast endring hos desse familiene vil det vere nødvendig med strukturelle endringar på eit overordna politisk nivå. Fauske (2009) hevdar at bygging av sosial kapital ikkje har effekt utan at det vert teke omsyn til den politiske, den økonomisk, den historiske og den kulturelle konteksten.

”Om sosial kapital blir en ressurs eller en barriere vil med andre ord være betinget av hvilken samfunnsmessig kontekst denne kapitalen virker innenfor. Dette betyr også at hvis tiltak i barnevernet for å styrke klientens sosiale kapital skal virke positivt, vil det

være avhengig av hva slags politikk som føres og hva slags samfunnsmessige betingelser for tiltakene som foreligger.” (Fauske 2009 s. 97)

Dette er slik eg ser det med på å underbygge barnevernet sitt dilemma. At dei ser vanskane til familiane, og ynskjer å hjelpe, samstundes som den bakanforliggane strukturelle problematikken er så grunnleggjande og tiltaka til barnevernet så pass begrensa når det kjem til å skulle skape endring.

Bourdieu sine perspektiv seier oss noko om kor vanskeleg det er å kome ut av fattigdomsvanskar som baserer seg på tunge strukturelle faktorar som har vara over tid. Denne teorien er relativt både deterministisk og pessimistisk på både dei fattige, og barnevernet som hjelparar, sine vegne. Fauske (2009) viser imidlertid til to andre teoretikarar som har befatta seg med sosial kapital, nemleg Coleman og Putnan. Dei meiner begge at sosial kapital er avgjerande i sin medverknad til barn si utvikling. Coleman hevdar jamvel at ”*den sosiale kapitalen som ligger i de gjensidige relasjonene mellom familiemedlemmene kan ha større betydning for barnas skoleprestasjoner enn økonomisk kapital og kulturell kapital målt ved foreldrenes utdanning.*” (Fauske 2009 s. 89)

Holley, Reynolds og Weller peikar på at barnet sitt eige bidrag i å skape sosial kapital er viktig å ha med i dette perspektivet av å kunne styrke den sosiale kapitalen til ein familie. At barnet faktisk ikkje er ein passiv mottakar av den kapitalen som foreldra og nettverket gir, men at barnet ved si eiga deltaking i samfunnet er med på å skape kapital både for seg sjølv og for familien (Fauske 2009). Dette må likevel sjåast i samanheng med barnet sin mogelegheit for å kunne delta på kapitalgjevande arenaer, og at det derved vil vere viktig å stimulere for deltaking på slike arenaer gjennom t.d. ytingar frå barnevernet som gjer at barnet kan delta t.d. i fritidsaktivitetar som det er interessert i. Undersøkingar viser likevel at dei svakaste barna ikkje nyttar seg tilgjengeleg og potensiell sosial kapital i nettverk og lokalmiljø. Desse barna vil slik ikkje kunne klare å overføre kapital til familien sin. Vidare vil ein òg kunne dra ut i frå dette, at for at familien skal kunne nyttar seg barna sitt bidrag av sosial kapital, må foreldra kunne vere i stand til å ta i mot og på eit vis *svare* adekvat på den kapitalen som vert tilbydd frå lokalmiljøet. I situasjonar der dette er vanskeleg for foreldre kan ein tenke seg at barnvernet vil kunne medverke ved å ha ei koordinatorrolle, til å hjelpe familien til å ta i mot den sosiale kapitalen som vert tilbydd.

Helgeland (2008) vektlegg at sjølv om fritid er ein viktig arena for barn som skal utvikle seg relasjonelt og oppleve meistring på ulike plan, så treng barn ein viss grad av støtte for å kunne ha glede av dette. Mange barn i barnevernet manglar denne støtta og det vil vere viktig iverksetje tiltak som kan ivareta dette. Desse tiltaka vil stort sett innebere at ein kompetent person vert engasjert som støtte for barnet, og det vil vere viktig at tiltaket varer over noko tid og inneber kontinuitet. Dette er ei viktig oppgåve, som barnevernarbeidarane nok ser, og arbeider hardt med å få til å fungere. Helgeland meiner at dette ikkje har fått nok fokus i barnevernet og i barnevernforskninga (Helgeland 2008, s 182). Eg vil seie meg einig med henne i dette, og vil legge til at eg trur at dette kan ha samanheng med at støttekontaktar ikkje er sett som særleg verknadsfullt tiltak for barn, verken i praksisfeltet eller i forskinga. Dette handlar slik eg ser det om mangelen på kontinuitet og om å vere, eller ikkje vere, personleg eigna. Barna treng vaksne som er kompetente og som *varer*. Det er dette det må setjast fokus på.

Denne diskusjonen må sjåast i samanheng med det neste. Dette var ein måte å forstå fattigdom på. Kampen mot fattigdom er likevel til sjuande og sist eit spørsmål om politikk, og politiske åtgjerder på makronivå. Det kan ikkje gjerast til den enkelte fattige eller hjelpar sitt problem. Skal ein ha von om at det skal skje noko med barnefattigdomen må det kome som eit resultat av eit målretta og langsiktig politisk arbeid.

6.2 Barnet sin rett til ein tilfredsstillande levestandard

Det fins ingen strukturelle føresetnader for barnevernet verken i lovverk eller i politiske føringar, om å vere den som passar på at fattige barn får hjelp. Barnevernet er likevel kanskje den instansen som har mest kontakt med dei fattige barnefamiliane. Frå politisk hald har det etterkvart blitt laga planar for å redusere, og jamvel verte kvitt fattigdomen i Noreg. Politiske dokument har klare målsetningar om at barn i den norske velferdsstaten ikkje skal vekse opp i fattigdom – men barnefattigdommen verkar å vere vanskeleg å komme til livs. Er verkemidla for svake, for lite målretta, eller skuldast det for uklare ansvarsforhold mellom ulike tenester. Formålet med denne oppgåva er ikkje å gi ein analyse av årsakene til barnefattigdommen, men eg ynskjer likevel å stille spørsmål ved kvifor det er så vanskeleg å skape endring for fattige barn i eit så rikt land som Noreg faktisk er.

6.2.2 Frå plikt til rett

I dag regulerer barneverntenestelova barnevernet sine *plikter* til å yte hjelp til barn og unge, og ikkje barnet sin *rett* til å få hjelp. Der er på nytt kome forslag om at barneverntenestelova vert omgjort til ei rettighetslov sett i frå barnet sin ståstad (NOU 2009:22). Sist dette var på trappene var i Befringutvalet si innstilling av 2000, utan at dette førte fram. Argumenta for ei rettighetslovgjeving, i tillegg til at dei fleste velferdstenester i dag er rettighetsfest, er mellom anna at det vil kunne medverke til ei betre synleggjering av barnet som eit eige individ med eigne interesser og behov. Dette vil igjen kunne medverke til å ha barnet sitt *perspektiv* betre for auge. Det vert òg argumentert for at ved ei endring til rettighetslov vil ein kunne medverke til å tydeleggjere dei rettighitetene til å ha tilfredsstillande levekår, barnet allereie har etter FN sin barnekonvensjon, og slik òg gjere fattigdomen som mange av barna i barnevernet lir under meir synleg. Slik eg ser det, ville ei rettighetslovgjeving òg kunne medverke til meir likeverdige ytingar, og hindra det som ein til ein viss grad kan sjå førekjem av meir private og lokale praksisar som lett kan utvikle seg når retningslinene er for utsøydelege og skjønnet er heilt ope. Ytingar ville likevel vere tufta på barnevernarbeidaren sitt skjønn, men det at barnet har *rett* til hjelp vil kunne medføre ei endring av argumentasjonen og ville vere ei markering av at barnet sine interesser går framfor andre interesser. Om ei rettighetslovgjeving òg ville ha kunna medverka til å redusere det stigma som det framleis inneber å vere mottakar av barnevernet sine tenester, er heller uvisst.

Barnevernet møter fattige familiar kvar dag og gjer det beste ut i frå dei ressursane og den kompetansen dei har tilgjengeleg. Fattigdom er ikkje den legitime eller offisielle grunnen for at tiltak vert sett i verk, det vert slik ikkje synleg at det vert arbeidd med fattige familiar, det vert ikkje telt at fattigdom er ein belastning hos dei som har kontakt med barneverntenesta. Kunnskapen om fattigdom i barnevernet, har kome fram gjennom forsking som har vendt seg mot andre kjelder enn statistikk. Andenes (2007) talar for at barnevernet ville vinne mykje på å utvide perspektivet sitt til noko meir enn å berre sjå på relasjonar og samspel. Dette ville truleg vere ei føremon. Likevel ser vi at barnevernet av i dag, med sin kunnskap om utviklingspsykologi, tilknytningsteori, samspel og relasjonar, gjer mykje for å avhjelpe familiar som slit med fattigdom ved å sette fokus på nettopp dette at barna treng å få delta saman med andre barn for å få ei best mogeleg utvikling. Ein kan ikkje forvente at barnevernet skal vere dei som får slutt på fattigdomen, men ei rettighetslovgjeving ville slik eg ser det ha gjort det tydelegare for barnevernet at barnet har rettar i høve å få ein god

omsorgssituasjon. Det ville likevel vere andre tenester som ville vere ansvarlege for fattige familiar sine behov for betra levekår. Barnevernet ville kunne vere ein medaktør som medverka til at barnet sine rettar vart ivaretatt.

6.2.1 Fattige barn treng meir enn kompetanseplanar.

Barnekonvensjonen av 1989 gir barn eit særskild vern, i tillegg til sivile, politiske, kulturelle og sosiale rettigheitar, gir den barn rett til ein tilfredsstillande *økonomisk* levestandard. Barnekonvensjonen har sidan den vart inkorporert i norsk rett i 2003 hatt forrang i motstrid med øvrig lovverk. Dette betyr at det ikkje kan bestridast at barn har rett til ein tilfredsstillande levestandard i Noreg. Det er opplest og vedtatt. Det som ikkje er så tydeleg er *kven* som skal syte for at dette skjer dersom foreldra ikkje er i stand til å gi barna det dei har behov og krav på. I sosialtenestelova kan det synast tydeleg, då denne skal medverke til at alle som oppheld seg i landet skal ha ein viss levestandard. Dette gjeld då òg barn. I fylgje informantane mine i barneverntenesta var dette ikkje noka sjølvsagt praksis at sosialtenesta sytte for barn. Dei opplevde samarbeidet med sosialtenesta som vanskeleg i høve til at det frå sosialtenesta verka å vere ei haldning til at det er barnevernet som har ansvar for barn, og desse sakene vart stadig avslått og vist til barnevernet.

Oppedal (2008) er klar på at barnevernet skal ta seg av barn sine *særskilde* behov, medan sosialtenesta skal ivareta barn sine *vanlege* behov som livsopphald, daglegliv og fritid.

Oppedal argumenterer for at sosialtenesta òg skal ta seg av fritid og ferie, då dette i dag er å rekne for *vanlege* aktivitetar. Praksis verkar å vere langt i frå dette, og resultatet i undersøkinga mi og anna forsking, peikar i retning av ein praksis som er omvendt.

Barnevernet er i dei som i stor grad tar seg av *vanlege* fritidskostnadene til fattige familiar med barn, og sosialtenesta kjem inn når barnet t.d. har ein *diagnose* som krev særleg tilrettelegging. Det verkar å vere forventa at det er barnevernet som yter hjelp til fritidsutgifter for barn, og verkar òg å vere barnevernet som i stor grad *påtar* seg desse utgiftene. Ein grunn til dette kan vere at det er i høve fritidsaktivitetar at barnevernet, i det eg tolkar som barnevernet sitt ynskje om å hjelpe, lettast finn legitimitet for ein barnevernfagleg problemstilling og grunngjeving. Barnevernet har ein fagleg ståstad som ser barn si deltaking som ein del av eit positiv utviklingsløp, og fritidsaktivitetar er å sjå som slik deltaking.

Informantane var opptekne av at ein skal passe på kven som kjem inn i barnevernet, spesielt i høve til at familiar kan verte unødig belasta av å vere barnevernklientar med det som det inneber mellom anna av kontroll. Flatørrapporten (NOU 2009:22) som gir barnevernet honnør for å vere velviljug når andre tenester sviktar i høve fattigdomsproblematikk, problematiserer likevel at dette kan gå ut over prioriteringar elles i barnevernet. Barnevernet har ei markant auke i hjelpetiltaksaker. Eg har ikkje sett på om det er ein viss typer saker som vert prioritert opp og ned, men prioriteringar vert jo gjort, og det kan vere viktig å vere merksam på at barnevernet vil få fleire økonomiske utgifter, etter kvart som det statlege barnevernet meir og meir avviklar sine heimebaserte og ettervernbaserte tiltak, og desse vert tillagt det kommunale barnevernet slik det er meint ut i frå rundskrivet om oppgåvefordeling (Rundskriv Q-06/2007). Mykje tyder på at barnevernet vil kunne kome til å måtte gjere strengare prioriteringar, og i dette vil oppgåver som er andre tenester sitt bord truleg kome därleg ut. Eg har ikkje belegg for å seie at barnevernet prioriterer fattige familiar framfor andre oppgåver, men mykje tyder på at dei i allefall tar på seg andre tenester sine oppgåver. Om barnevernet på eige initiativ skal seie nei og avslå kva enkelt sak, ville verte til stor belastning for familiane som skal gå frå kontor til kontor å få avslag på avslag. Dette vil i så fall kunne verte realiteten så lenge føringar og retningsliner frå politisk hald er så diffuse og lite klare på kven si oppgåve det er å ivareta fattige barn.

Barne og likestillingsdepartementet framla ei oversikt over regjeringas mål og satsingsområder for barn i 2007. Her vert det hevdat at det skal satsas på fattige barn mellom anna ved universelle velferdsordningar, og ved å gi alle høve til å delta i arbeidslivet for å motvirke at barn veks opp i fattigdom. Målsetjinga og resultatet av dette skal vere at fattigdomen vert avskaffa (Barne og likestillingsdepartementet 2007). Det heiter at offentlige velferdsordningar kan medverke til å skjerme og motvirke negative konsekvensar av det å vekse opp i ein økonomisk vanskeligstilt familie. Vidare at regjeringa vil styrke arbeidet retta mot sårbare grupper av barn og unge for å hindre at levekårsproblem og fattigdom går i arv (Barne og likestillingsdepartementet 2007 s. 116). Eit ferskt statsbudsjett frå 2010 har ikkje særleg store endringar. Det er framleis universelle ordningar, arbeidslina og deltaking som gjeld. I tillegg er det lagt inn pengar til leksehjelp. (Barne og likestillingsdepartementet 2010, s. 91)

Kompetanseplan frå Sosial og helsedirektoratet som omhandlar sosialtenesta og barneverntenesta sine utfordringar og behov i arbeidet mot barnefattigdom er ein del av

Handlingsplan mot fattigdom og gjeld for perioden 2007-2009. I fylgje denne planen skal det satsast på lokale tiltak for å betre levekåra for fattige barn, og det har blitt gjeve midlar som har som mål å hindre marginalisering, sosial isolasjon og reproduksjon av fattigdom. Desse midlane vert, slik eg har forstått det, for det meste brukt til lokale universelle fritidstiltak for barn. Målet skal vidare verte nådd ved å samordne tenester retta mot barn og familiær som lever i fattigdom. I denne samanheng vert det vektlagt at kompetanseplanen har som eit mål å auke treffsikkerheita på tiltaka på kort og lang sikt. Vidare vert det vist til at Bufdir i samarbeid med BLD har eit særskild ansvar for å fylgje opp innsatsen mot fattigdom som er knytta mot barneverntenestene (Sosial og helsedirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet 2007). I ”status 2008 og styrka innsats 2009” som er ei vidareføring av Handlingsplan mot fattigdom, står det at ut i frå det kommunane rapporterer, samarbeider no barnevernet betre på lokalnivå med andre deler av hjelpeapparatet, og at kommunane sitt arbeid med målgruppa er blitt meir målretta. Dette verka ikkje å ha skjedd i dei to kommunane eg gjorde intervjua mine.

Resultatet av undersøkinga mi samsvarer ikkje med statusrapporten til regjeringa som nemnd ovanfor. Mine to kommunar/bydelar var ikkje ein av dei som mottok særskilde midlar. Dei er likevel ein del av det nasjonale barnevernet og skulle ha kome inn under kompetanseplanen som er hevda å ha sin rett i høve til at det er ”*stor mangel på kunnskap om temaet.*” (Arbeids og inkluderingsdepartementet 2008). Eg har likevel, den 25. mars 2010, via nyheitene på radio, fått med meg at berre ein av fem kommunar har søkt om slike fattigdomsmidlar som vist til ovanfor. Fleire av kommunane opplyste i den samanheng at dei ikkje var klar over desse midlane.

Det er tydeleg at dei styrande organ ynskjer å framstå som ei regjering som vil førebyggje, motverke og avskaffe fattigdom. Dette vert dokumentert gjennom målsetjinga ”arbeid for alle” og andre universelle verferdsordningar. Denne generelle medisinen er likevel ikkje overbevisande når det kjem til barnefattigdom. Den verkar i liten grad å vere retta direkte mot denne problematikken. At der er laga ein kompetanseplan mot fattigdom, som ein del av ein handlingsplan mot fattigdom, er likevel eit bodskap om at dette ynskjer ein å ta på alvor. Dette ynskjer ein å sette meir fokus på. Når ein les planen vert det likevel svært vagt kva tiltak som skal verte sett i verk, og det er vanskeleg å få tak i kva som har skjedd og kva som skal kome til å skje av betring for dei fattige barna og familiene deira. Handlingsplanen mot fattigdom sitt vesle avsnitt om barn, dreier seg i hovudsak om skule, og å la barn delta på

fritida. I media har ein sett at kommunar har sett i verk kulturkort, der fattige familiarar får ei viss mengd ”klipp” til kulturarrangement. Mødre og barn som har stått fram i media og sagt at dette var dei svært glade for, då dette var noko som dei svært sjeldan elles kunne ta seg råd til. Slike *sanningsprov* for at politikken som vert ført fungerer, er viktige å vise fram for politikarane. Og det kan godt vere at dette tiltaket som mellom anna Ålesund har sett i verk er eit bra tiltak for enkelte familiarar. I det minste kan det hindre familiarar å verte barnevernklientar, viss det då ikkje var barneverntenesta som administrerte tiltaket. Det har eg ikkje klart å finne ut.

Poenget er likevel at det er ikkje nok med politiske dokument som legitimerer politikk om ikkje noko skjer. Dei fattige barna som barnevernet har kontakt med er i ein svært utsett situasjon og har behov for at det vert sett meir enn berre *fokus* på situasjonen deira. Dei har behov for at det vert sett i verk tiltak som hjelper fattige familiarar til å få betre levekår. Desse tiltaka må bli ivaretatt av innarbeidde metodar og rutinar for å sikre at det vert arbeidd etter målsetninga, og for å hindre at lokale praksisar vert det rådande.

7 Til slutt

Denne studien, kva gjeld både litteratur og intervjuundersøkinga, har vist meg at barna som informantane i barnevernet arbeider med, i stor grad tilhører familiar med dårlege levekår. Det er lite fokus på fattigdom i barnevernet, men alt tyder på at dei i høgste grad forheld seg til, og prøver å hjelpe fattige familiar, og dei er, slik eg forstår biletet, den hjelpetenesta som oftast kjem i kontakt med fenomenet barnefattigdom. Barnevernet gjer på mange måtar det dei kan, og meir enn det, og dei ser det som si oppgåve å *dempe* den risikoen som barna i dei fattige familiane er utsette for. Utydelege rammer både i lovverk og frå sentrale myndigheter, må kunne ta noko av skulda for at det manglar på rutiner og metodar i dette arbeidet, som til ei viss grad verkar å vere basert på den enkelte sakshandsamar og leiar sine haldningar til kva som skal ytast. Men heldigvis er barnevernhjartet og engasjementet stort. Heldigvis for barna, og heldigvis for andre tenester som slepp unna, så lenge barnevernet tar ansvar.

Andre tenester verkar å vike unna, og har etablert sine praksisar som tilseier at det som handlar om barn, er det barnevernet som skal ta seg av. Barnevernet vert på mange måtar sitjande att med Svarte Per. Dei skal løyse problema til fattige barn, utan verken å ha tilstrekkeleg verkty, ramer eller ressursar til det. Det problematiske ligg i dette, at sjølv om barnevernet får dei fattige familiane i fanget, så kan ikkje barnevernet, verken med rettleiing eller forbetra rutiner, *hindre* barn i å oppleve å vekse opp under dårlege levekår. Til dette må det meir overordna politisk vilje og vedtak til. Og ikkje minst konkrete handlingsplanar for korleis det skal gjennomførast. Kven skal arbeide med dette og kva grep skal takast?

Slik det fungerer i dag vert barnevernet på eit vis eit alibi for at det vert arbeidd mot barnefattigdom. Dei tar seg av dei fattige barna og dei handlar på oppgåva – ei oppgåve som dei ikkje har blitt tildelt, anna enn gjennom ein kompetanseplan og nokre ”generelle” midlar, som på mange vis er ei byrjing om ikkje anna. For sjølv om informantane mine var fagleg oppdaterte, så er likevel inntrykket mitt frå litteraturen at barnevernet har litt å gå på i høve til å tilpasse sitt metodiske barnevernreiskap noko. Som eg har vist, forheld barnevernet seg i stor grad til barns utviklingsproblem ved å nytte utviklingspsykologi og relasjonstenking. Å ta inn eit meir sosioøkonomisk perspektiv ville ha gjeve barnevernet eit breiare og meir tilpassa kunnskapsgrunnlag. Øyvind Kvello som for tida tilbyr store delar av det kommunale

barnevernet i Noreg ei opplæring i metodikk, har tatt inn økonomi som ein del av ein utgreiingsplan. Eit steg i rett retning.

Heilt til slutt vil eg seie at eg ikkje har som målsetnad å gjere nokon inngåande politisk analyse av barnefattigdomsproblematikken, men det er mykje som tyder på at, trass i ei relativt eintydig forsking, politiske lovnader og eit land prega av stor velstand, så har det så langt ikkje late seg gjere å avskaffe barnefattigdom. Er det for vanskeleg, slik strukturalisten Bourdieu antyder? Det kan vel ikkje vere slik at det kostar meir enn det smakar? Svaret ligg ikkje heilt i dagen.

Litteratur

Andenæs, Agnes (2002): *Tidsnød som diagnose og foreldres valgfrihet som medisin – blir det betre barndom av slikt?* Barn i Norge 2002, Årsrapport om barn og unges psykiske helse. Voksne for barn. Oslo.

Andenæs, Agnes (2004): *Hvorfor ser vi ikke fattigdommen? Fra en undersøkelse om barn som blir plassert utenfor hjemmet*, Nordisk sosialt arbeid – 2004- Nr 01

Alvesson, Mats og Kaj Skølberg (1994). *Tokning och reflektion*, Studentlitteratur, Lund.

Arbeids og inkluderingsdepartementet. 2006: *Handlingsplan mot fattigdom*. Vedlegg til St.prp. nr. 1 (2006-2007) – Statsbudsjettet 2007

Arbeids og inkluderingsdepartementet. 2009: *Handlingsplan mot fattigdom – status 2008 og styrket innsats 2009*. Vedlegg til St.prp. nr 1 (2008-2009) – statsbudsjettet 2009

Backe-Hansen, Elisabeth (2006). *Barn, unge og fattigdom i dagens Norge*, Barn i Norge 2006

Barne og likestillingsdepartementet 2007: *Satsing på barn og ungdom. Regjeringens mål og innsatsområder i statsbudsjettet 2007*.

Barne og likestillingsdepartementet. 2009: *Ungdoms fritidsmiljø. Ungdom demokratisk deltagelse og innflytelse*. Utredning fra ekspertgruppe nedsatt av Barne og likestillingsdepartementet januar 2008.

Barne og likestillingsdepartementet 2010: *Satsing på barn og ungdom. Regjeringens mål og innsatsområder i statsbudsjettet 2010*.

Bogen, Hanne, Arne Grønningsæter, Anne Jensen (2007): *Barnevernet i Oslo og Bergen. En sammenlignende evaluering etter barnvernreformen i 2004*. Fafo-rapport 2007:11, Oslo.

Borge, A.I.H. (2003): *Resiliens, risiko og sunn utvikling*. Gyldendal Norsk Forlag AS, Oslo.

Borgeraas, Elling (2002). *Fattigdom, sårbarhet og SIFOs standardbudsjett for forbruksutgifter* : Nordisk prosjekt: Udsatthed og forbruk i de nordiske velferdssamfund. Arbeidsnotat nr. 2-2002, Lysaker, SIFO

Buer, Bjørn Arne og Halvor Fauske: *Barnemishandling, omsorgssvikt og sosial kapital*. I: Rolf Rønning, Bengt Starrin (red). *Sosial kapital i et velferdsperspektiv. Om å forstå og styrke utsatte gruppens sosiale forankring*. Gyldendal Akademisk, Oslo.

Bunkholdt, Vigdis og Mona Sandbæk (2008): *Praktisk barnevernarbeid*. 5. utgave. Gyldendal Akademisk. Oslo

Fauske Halvor, Willy Lichtwarck, Edgar Marthinsen, Elisabeth Willumsen, Graham Clifford, Bente Heggen Kojan (2009): *Det nye barnevernet, et forsknings og utviklingsprosjekt i barneverne. Sluttrapport fase 1*. NF-rapport nr 8/2009. Bodø

Fauske Halvor, (2009): *Kan barnevernet bygge sosial kapital? Sosial kapital som ressurs i barnevernets arbeid.* I: Rolf Rønning, Bengt Starrin (red). *Sosial kapital i et velferdsperspektiv. Om å forstå og styrke utsatte gruppens sosiale forankring.* Gyldendal Akademisk, Oslo.

Fjelland, Ragnar og Eva Gjengedal (1995), *Vitenskap på egne premisser*, Ad Notam Gyldendal, Oslo

Fløtten, (2009) (red): *Barnefattigdom*, Gyldendal akademisk forlag. Oslo

Gjerstad, Cay, Arne Grønningsæter, Torunn Kvinge, Svein Mossige, Jorunn Vindegg (2006): *Bare fantasien setter grenser? Om kommunenes bruk av hjelpetiltak i barnevernet.* Fafo-rapport 545. Oslo.

Haggerty, R.J., L.R. Sherrod, N. Garmezy, & M. Rutter (1996): *Stress, risk and resilience in children and adolescents. Processes, Mechanisms and Interventions.* Cambridge University Press.

Halsa, Astrid (2007): *Mamma med nerver. En studie av moderskap og barneomsorg i velferdsstaten, når mor har psykiske helseplager.* Dr.polit.- avhandling 2007, Institutt for sosiologi og statsvitenskap, Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Norges teknisk- naturvitenskapelige universitet; NTNU, Trondheim,

Hansen, Inger Lise Skog, Hanne Bogen, Tone Fløtten, Axel West Pedersen, Jardar Søvoll (2008): *Det er jo ingen som sulter her, men... Kommunale strategier i arbeidet med å forebygge og bekjempe fattigdom.* Fafo-rapport 2008:18, Oslo.

Harsløf, Ivan og Sissel Seim (2008): *Fattigdom i en norsk velferdskontekst.* I: Ivan Harsløf og Sissel Seim(red). Fattigdommens dynamikk. Universitetsforlaget, Oslo.

Helgeland, Ingeborg Marie (2007): *Barnevernet og fattigdom*, Norges Barnevern, Nr 1, 2007, side 20-29

Helgeland, Ingeborg Marie (2008): *Det handler ikke bare om penger. Barnevernsbarn og fattigdom.* I: Ivan Harsløf og Sissel Seim(red). *Fattigdommens dynamikk.* Universitetsforlaget, Oslo.

Hjelmtveit, Vidar (2004): *Barn og unge i familier med langvarig økonomisk sosialhjelp.* Redd Barna, Høyskolen i Oslo, rapportnummer 43-04. Oslo

Hjelmtveit, Vidar (2008): *Langvarig økonomisk sosialhjelp i barnefamilier: Fattigdomsfelle for foreldre og barn?* I: Ivan Harsløf og Sissel Seim(red). *Fattigdommens dynamikk.* Universitetsforlaget, Oslo.

Kristofersen, Lars B., Sidsel Sverdrup, Thomas Haaland, Inger-Helene Wang Andresen (2006): *Hjelpetiltak i barnevernet – virker de?* NIBR-rapport 2006:7, Oslo.

Kvale, Steinar (2007): *Det kvalitative forskningsintervju.* Gyldendal Norsk Forlag AS, Oslo

Kvello, Øyvind (2007): Utredning av atferdsvansker, omsorgssvikt og mishandling. Universitetsforlaget. Oslo.

Larsen, E. (2006): *Samarbeid rundt utsatte barn på tvers av fag og etater*. Tidskrift for Norsk Psykologforening. VOL.43, nr.3.

Lov av 17.juli 1992 nr 29 og nr 86 om barneverntjenester (barnevernloven)

Malmberg- Heimonen, Ira (2008): *Sosial tillit blant langtidsmottakere av sosialhjelp: betydningen av fattigdom og oppvekstvilkår* I: Ivan Harsløf og Sissel Seim(red). *Fattigdommens dynamikk*. Universitetsforlaget, Oslo.

Marthinsen, Edgar (2003). *Sosialt arbeid og symbolsk kapital i et senmoderne barnevern*, Dr.poli.-avhandling 2003, Institutt for sosialt arbeid og helsevitenskap , Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse, Norges teknisk- naturvitenskapelige universitet; NTNU, Trondheim,

Marthinsen, Edgar (2004). En radikal analyse av barnevernet, Norges Barnevern Nr 2 – 2004 (s 3-12)

Mrazek, P.J. & R. J. Haggerty (1994): *Reducing Risk for Mental Disorders. Frontiers for Preventive Intervention Research*. Washington D.C. National Academy Press:19-29.

Münchow, Otto Von (2010): *Middelklassen preger barnevernet*. Intervju med Åse Vagli i Fontene 5/10.

Nordahl, Thomas, Mari-Anne Sørlie, Terje Manger, Arne Tveit (2005) *Atferdsproblemer blant barn og unge*, Fagbokforlaget, Bergen

Nordstoga, Sigrid (2004): *Barnevernarbeiderens yrkesutøvelse*. I: Torill Havik, Mette Y. Larsen, Sigrid Nordstoga og Jarmund Veland: *Barnevernet forutsetninger og gjennomføring*. Universitetsforlaget. Oslo

NOU 2003:19: *Makt og demokrati. Sluttrapport fra Makt- og demokratiutredningen*. Arbeids og administrasjonsdepartementet.

NOU 2009:22. *Det du gjør, gjør det helt. Betre samordning av tjenester for utsatte barn og unge*. Barne- og likestillingsdepartementet.

NSD (2008). <http://www.nsd.uib.no/personvern>

Nuland, Bjørn Richard (2008): Bekjempelse av fattigdom blant barn og unge. Rapport for 2008. Fafo-notat 2009:21. Oslo

Nøtnæs, Tore (2001): *Innføring i bruk av fokusgrupper*. Seksjon for statistiske metoder og standarder. 2001/24 Notater 2001. Emnegruppe: 00.90. www.ssb.no

Nøvik, T.S. (2003): *Kunnskap om mange – ressurs for den enkelte*. I: Bente Gjærum, Berit Grøholt og Hilchen Sommerschild (red.) *Mestring som mulighet i møte med barn, ungdom og foreldre*. Tano Aschehoug, Oslo.

Oppedal, Mons (2008): *Fattige barns rett til økonomisk hjelp*. I: Ivan Harsløf og Sissel Seim(red). *Fattigdommens dynamikk*. Universitetsforlaget, Oslo.

Ringdal, Kristen (2001) *Enhet og mangfold* (2.utg), Fagbokforlaget, Bergen

Rundskriv Q-06/2007: Oppgave- og ansvarsfordeling mellom kommuner og statlige barnevernmyndigheter – herunder om betalingsordninger i barnevernet. Barne og likestillingsdepartementet.

Ryen, Anne (2002). *Det kvalitative intervjuet*. Fagbokforlaget, Bergen

Sandbæk, Mona m. fl. (2004) (red.), *Barns levekår. Hva betyr familiens inntekt?* NOVA

Sandbæk Mona (2008): Barn i innteksfattige familier – andre datainnsamling. I: Mona Sandbæk (red). *Barns levekår. Familiens inntekt og barns levekår over tid*. Nova rapport nr 7/2008, Oslo

Skjerpving, A. (1996): *Barn till psykisk stördar föräldrar – sårbarhet, risker och skyddande faktorer. En kunskapslämning*. FoU-enheten/psykiatri Västra Stockholms Sjukvårdsområde. Rapport 11.

Sosialdepartementet. 2002. *Tiltaksplan mot fattigdom (2002-2003)*. St.meld. nr. 6

Sosial- og helsedirektoratet (2007). *Barnefattigdom i Norge. Kompetanseplan for sosialtjenesten og barneverntjenesten 2006-2009*.

Stefansen, Kari og Gunhild R. Farstad (2008): *Småbarnsforeldres omsorgsprosjekter*. Tidsskrift for samfunnsforskning, 03/2008, 344-372. Oslo.

Stolanowsky, Per-Arne og Tvetene, Karin Gustavsen (2005), *Har vi råd, mamma?* Cappelens Akademisk Forlag, Oslo

Thomassen, Magdalene (2006). *Vitenskap, kunnskap og praksis*, Gyldendal Akademisk, Oslo

Thorød, Anne Brita (2006): *En normal barndom? Foreldrestrategier for å skjerme barn fra konsekvenser av å leve med lav inntekt*. NOVA-rapport 2/06. Oslo

Torsteinsson, V.W. (1999): *Barnet som pårørende – møter med familier i krise*. Fokus på familien nr.4.

Tvetene, Karin Gustavsen (2001). *Jeg prøver å få det til å bli borte av seg selv - om barn som lever i familier som over tid har mottatt økonomisk sosialhjelp og deres håndtering av hverdagens møte med økonomiske krav*, Hovedoppgave i sosiologi, Universitetet i Oslo, Oslo

Underlid, Kjell (2005): *Fattigdommens psykologi*. Samlaget, Oslo

Underlid, Kjell (2009): *Fattigdommens lukt og smak- Funn frå ein studie om korleis fattigdom vert opplevd.* Tidsskrift for psykisk helsearbeid 03/2008. Oslo.

Vagli, Åse (2009): Behind closed doors, exploring the institutional logic of child protection work. Dr . philos avhandling, Universitetet i Bergen.

Waaktaar, T. & Christie, H.J. (2000): *Styrk sterke sider. Håndbok i resiliencegrupper for barn med psykososiale belastninger.* Kommuneforlaget AS, Oslo.

Wilken, Lisanne (2008): *Pierre Bourdieu.* Tapir akademisk forlag, Trondheim.

Ytrehus, Siri (2004): *Fattige barn i Noreg –hvem er de og hvor bor de?* FAFO-rapport 445

Øia, Tormod, Anne Skevik Grødem, Olve Krane (2006): *Fattige innvandrerbarn.* Nova Rapport 16/2006. Oslo

Intervjuguide

1) Bakgrunnsinformasjon om informant

- Utdanning, yrkeserfaring, alder
- Korleis dei vurderer si eiga utdanning, noko som ho legg særskild vekt på i arbeidet sitt som det var viktig at ho hadde i utdanninga si. Ting som ikkje var relevant for arbeid t.d. i barneverntenesta.

2) Arbeidsplassen. (Spørsmål til leiar.)

- tal på tilsette
- befolningsgrunnlag i kommunen/bydelen
- tal på saker pr. år. Undersøkingssaker, hjelpetiltakssaker, barn under omsorg.
- Har dei tal på saker der därleg økonomi er ei alvorleg belastning i familien.

3) Kva dei legg vekt på i undersøkingsarbeidet. Konsentrer om barn opp til 12 år.

- Kva som vert prioritert å undersøke.
 - Kva har betydning for korleis du prioriterer
 - Støtte?
 - bemanning /kapasitet?
 - arbeidsmiljø?
 - Veiledning?
-
- Har det vore forandringar i korleis du prioriterer og vektlegg tema i undersøkinga frå du var nyare utdanna og no har lenger erfaring?

4) Faglege utfordringar:

* Kva er det mest vanlege problematikken som vert meld til barnevernet?

- Beskriv familiesituasjonen til ein typisk klientfamilie, kva vanskar har familien?
- Kjenneteikn ved oppfatta vanskelege saker /vanskelege klientar
- Korleis reflekterer de fagleg kring slik problematikk?
- Kva tiltak er vanleg å sette inn i ein slik familie?

- Hjelper desse tiltaka for barnet og familien? Kva tenker du i så fall er grunnen til at det hjelper / ikkje hjelper? Beskriv ei sak der du tenker at familien fekk hjelp som gjorde at barnet og familien sin situasjon vart endra /betra
- Er det andre tiltak/ ting som kunne verte gjort, som du elles tenker ville kunne vere eigna i slike familiesituasjonar?

5) Lavinnteksfamiliar - korleis tenker du omkring fattigdomsproblematikk i barnevernet.

- korleis påverkar fattigdom familiar med barn?
- Kva konsekvensar får fattigdom for foreldrefungeringa
- Kva konsekvensar får fattigdom for barnet
- Døme: ein familie med einsleg mor og tre aktive barn i skulealder, bur avsides, mor har ikkje bil og därleg nettverk til å hjelpe til. Familien har ein økonomi som gjer at dei ligg under den såkalla fattigdomsgrensa. Dvs dei har svært därleg økonomi, for eksempel vanskar med å ha nok næringsrik mat, og betale rekningar. Barna ynskjer t.d. å gå på fotballtrening. Korleis vil barnevernet kunne støtte familien?
- Kva evnt. begrensingar ser de i systemet i høve til å kunne hjelpe desse familiene for å betre barnet sin situasjon.
- Kva ville du ha gjort/ sett i verk for å betre barna og familien sin situasjon – både som barnevern og i samarbeid med andre innstansar.

6) Samarbeid med andre instansar.

- generelt
- spesielt i høve til fattigdomsproblematikk
- utfordringar i slikt samarbeid
- kven tar initiativ til slikt samarbeid?

7) Brukarmedverknad

- korleis har de brukarmedverknad generelt på kontoret?
- Korleis har de brukarmedverknad i saker der fattigdom er ein belastning for barn og familie.